

Norm og røyndom

Ein statistisk studie av operative normer i det nynorske skriftspråket

Stig J. Helset



Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)
ved Universitetet i Bergen

2017

Dato for disputas: 18.08.17

Takk til

Dei ytre føresetnadene som har gjort det mogeleg for meg å gjennomføre denne studien finn vi i Høgskulen i Volda si femårige ordning for vitskapleg tilsette i doktorgradsløp. For min del gjaldt dette løpet eigentleg i perioden 2013-2018, men takka vere god tilrettelegging og hard innsats, klarte eg å fullføre på fire år. Takk til Høgskulen i Volda som prioriterer og legg til rette for forsking på slikt vis.

Det er to personar som framfor nokon fortener takk for å ha hjelpt meg i prosessen fram mot den ferdige avhandlinga, og det er mine to rettleiarar. Hovudrettleiar Helge Dyvik har kome med innsiktsfulle og konstruktive innspel gjennom heile prosessen. Særleg vil eg framheve hans uvurderlege innsats i samband med den omfattande og krevjande jobben det var å få tilrettelagt empirien som ligg til grunn for studien. Det hadde også vore vanskeleg for meg å gjennomføre denne studien utan den utrøytelege innsatsen frå medrettleiar Johannes Hjellbrekke, som heile vegen har gjeve meg konstruktiv rettleiing og presise tilbakemeldingar på dei statistiske analysane i studien.

Takk også til nåverande direktør for Norsk Ordbok 2014, ÅseWetås, for å ha gjeve meg tilgang til dei delane av det store digitaliserte tekstkorpuset til NO2014 som eg bad om, og til datalingvisten Daniel Ridings, som stod for den tekniske overføringa av dette materialet frå NO2014 til Uni Research Computing AS. Ved sistnemnde forskingsinstitusjon gjorde Knut Hofland og Øystein Reigem i gruppa for språk- og språkteknologi ein uvurderleg innsats med vidare tilrettelegging av materialet som eg er mykje takksam for. Takk til Språkrådet, som etter søknad gav økonomisk stønad til prosjektet slik at eg kunne kjøpe desse tenestene ved Uni Research Computing AS.

Min gode kollega Tor Arne Haugen skal også ha takk, både for å ha vore ein viktig støttespelar gjennom prosessen og for å ha lese korrektur. Jørn Harald Persson på IT-kontoret ved Høgskulen i Volda skal takkast for å ha gitt kunnig datakninsk hjelp.

Til slutt vil eg rette ei takk til borna mine, Sindre, Olav og Lea, for å ha vore der med meg i kvardagen og i livet, noko som er særleg viktig når ein i jobben grep seg ned i det store og krevjande arbeidet som ligg bak ei doktorgradsavhandling.

Abstract

As a result of special historical and political circumstances, Written Norwegian Nynorsk allows an unusual amount of variation among different spellings and inflectional forms, representing different stylistic subvarieties of Nynorsk such as ‘conservative’, ‘moderate’ and ‘radical’. However, the official norms do not prescribe how the alternatives are combined in actual texts. Officially you may therefore combine forms from different subvarieties in the same text or even the same sentence. However, linguistic observations indicates that in actual usage writers tends to keep their texts within one stylistic layer. Furthermore, present Norwegian language policy is to base the official norm on developments in observed usage. Hence, the main research question of this dissertation is whether the form choices in actual texts could lead us to identify norm clusters showing emerging subvarieties of Nynorsk.

In order to investigate this on an empirical basis, I used corpus linguistic methods to extract chosen linguistic variables allowing different spellings and inflectional forms from a large-scale corpus consisting of what may be considered as authoritative texts. For each phenomenon studied all forms of a variable in each text was registered in a table with the texts along one axis and the forms along the other. On the basis of this table and in terms of simple correspondence analysis (SCA), the official norms for Nynorsk defined a multidimensional space. By means of SCA each text was located as a point within the subspace defined by the spellings and inflectional forms occurring within it, while each form was located as a point within the subspace defined by other forms occurring in the same texts. According to the interpretation rules of SCA the most common forms, typical of most texts, will occur close to the centre of the diagram, while rarer forms occur more peripherally, and near opposite edges to the extent that they tend to be mutually exclusive. Hence, observations of a clearly defined norm cluster consisting of certain forms, will then approach the status of a subvariety of Nynorsk. The study concludes that there is an emerging subvariety consisting of a continuum from moderate to slightly radical forms within the material. Hence, the results may be used as an argument to lead the official norms towards a narrower moderate Nynorsk, excluding typical radical and conservative forms.

Innhold

TAKK TIL	7
ABSTRACT	8
INNHOLD	9
1. INTRODUKSJON	11
1.1 MÅL	12
1.2 PROBLEMSTILLING	13
1.3 OVERSYN	13
2. SPRÅKHISTORISK BAKGRUNN	16
2.1 PERIODEN 1814-1905	16
2.2 PERIODEN 1905-2012	20
3. NORMER OG NORMGRUNNLAG	23
3.1 NORMER	23
3.2 SPRÅKLEGE NORMER	25
3.2.1 <i>Språklege normer vs. reglar i grammatiske teoriar</i>	25
3.2.2 <i>Regulative normer vs. konstitututive normer</i>	26
3.2.3 <i>Føreskrivne normer vs. internaliserte og operative normer</i>	30
3.3 NORMGRUNNLAG	36
4. MATERIALE	43
4.1 VAL AV TEKSTAR	43
4.2 VAL AV SPRÅKLEGE VARIABLAR	47
5. METODE	60
5.1 EIN INFORMANTBASERT STUDIE	63

5.2 KORPUSLINGVISTIKK	82
5.3 KORRESPONDANSEANALYSE	88
6. RESULTAT OG DRØFTING	95
6.1 VARIABLER MED SÆRLEG RADIKALE FORMER	97
6.2 VARIABLER MED DELVIS RADIKALE FORMER	102
6.3 VARIABLER MED SVAKT RADIKALE FORMER	107
6.4 SAMVARIASJON AV RADIKALE OG MODERATE FORMER ...	112
6.5 VARIABLER MED SÆRLEG KONSERVATIVE FORMER	117
6.6 VARIABLER MED DELVIS KONSERVATIVE FORMER	121
6.7 VARIABLER MED SVAKT KONSERVATIVE FORMER	125
6.8 SAMVARIASJON AV KONSERVATIVE OG MODERATE FORMER	131
6.9 SAMVARIASJON INNANFOR EIT STØRRE UTVAL AV VARIABLER MED BÅDE RADIKALE, MODERATE OG KONSERVATIVE FORMER	135
6.10 A-INFINITIV ELLER E-INFINITIV	147
7. AVSLUTNING	162
LITTERATUR	171
VEDLEGG	180

1. Introduksjon

Det særmerkte med språksituasjonen i Noreg er ikkje at vi har fleire offisielle språk. Det særmerkte er at norsk skriftspråk har to offisielle målformer, nynorsk og bokmål, som både har hatt og framleis har særstak stor valfridom når det gjeld staving, bøyning og avleiring, og som dermed kan bli temmeleg nærskyldne kvarandre dersom ein nyttar valfridomen i maksimalt radikal lei. Dette har bestemte historiske og sosiopolitiske årsaker som vil bli utgreidde og drøfta nærmare i kapittel 2 nedanfor. Førerebels kan vi berre slå fast at to tendensar var gjennomgåande for dei mange rettskrivingsreformene for det nynorske skriftspråket i det 20. hundreåret, nemleg tilnærming til bokmålet og vektlegging av dei ulike talemålsformene – samstundes som dei tradisjonelle formene i stor mon framleis var tillatne. Resultatet av denne politikken var at vi ved inngangen til det 21. hundreåret hadde ei offisiell norm for nynorsk med eksepsjonelt stor valfridom – både mellom ulike hovudformer og mellom desse og ulike sideformer.

Men i 2002 vedtok Stortinget (St.meld. nr. 9 2001-2002:25) at tilnærningslinja ikkje lenger skulle vere gjeldande politikk. I staden skal måldyrkingsarbeidet no vere «knytt til spørsmålet om korleis bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg», og i mandatet til Språkrådets Fagråd for normering og språkobservasjon (Språkrådet 2006) heiter det at ein skal «bidra til å sikra jamleg tilgang til pålitelege data om utviklinga i norsk språk». Vidare vedtok Stortinget i 2009 (St.meld. nr. 35 2007-2008:206) å støtte opp under vedtaket frå styret i Språkrådet frå 2007 om at ein skulle ta sikte på å lage «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer», og nemnda som våren 2011 la fram innstilling til den nye nynorsknormalen (Språkrådet 2011:38 og Røyneland 2016:93), tolka mandatet frå styret i Språkrådet dit at normeringa først og fremst skulle skje på grunnlag av samtidig «skriftspråkleg tradisjon og praksis». Våren 2015 publiserte Språkrådet (2015:12) *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk*, og der står det å lese at «Det vesentlege grunnlaget for normering av nynorsk skriftspråk er språket slik det ser ut i nynorsk tekst, med særleg vekt på tekstar som blir vurderte som normdannande.»

1.1 Mål

Føremålet med denne studien har nettopp vore å kartlegge tilhøvet mellom dei føreskrivne normene for eit utval språklege variablar som gjeld staving, bøyning og avleiring i skriftnormalane og den faktiske språkbruken i eit utval nynorske tekstar, for slik å styrke kunnskapsgrunnlaget for normeringa av det nynorske skriftspråket. Sidan dei spesielle sosiopolitiske omstenda i Noreg har vore premissleverandørar for den offisielle nynorske skriftspråksnormeringa, har ein til dels sett vekk frå den faktiske skriftspråklege praksisen ved fastsetjinga av dei ulike offisielle rettskrivingane i det 20. hundreåret. Det kan slik godt hende at det er eit temmeleg asymmetrisk tilhøve mellom dei offisielle, føreskrivne normene og det som Dyvik (2009:111) kallar «operative normer». Dette er normer som ikkje er eksplisitt føreskrivne, men som eksisterer som «en tradert og stilltende overenskomst språkbrukerne imellom,» og som dermed «muliggjør og regulerer den faktiske språkbruken.» Eit viktig poeng i denne samanhengen er at medan dei føreskrivne normene som var gjeldande fram til 2012, ikkje seier noko om korleis ein skal *kombinere* ulike stavings- og bøyingsformer med kvarandre (Omdal 2003:234, Brunstad 2009:101), kan ein ifølgje Vikør (Omdal og Vikør 2002:15) «sjå klare tendensar til at det dannar seg uoffisielle normalar basert på formtypar som folk føler ‘hører saman’ på grunnlag av sine internaliserte normer.» Trass i at den samla summen av nynorske tekstar inneber stor variasjon av ulike formval i eit gjeve tidsrom, kan ein slik tenke seg at tyngda av nynorskbrukarar berre nyttar visse delar av det store, offisielle nynorske normrommet. Gjennom ei systematisk granskning av formvala i eit stort og samansett utval av språklege variablar i eit stort og representativt utval av nynorske tekstar, freistar eg i denne studien nettopp å kartlegge førekomensten og frekvensen av ulike former, og ikkje minst normklynger som syner samvariasjon mellom språklege former på tvers av tekstane i materialet.¹

¹ Ei ‘normklynge’ kan vi forstå som eit sett av språklege formval som er felles for eit antal tekstar på ein slik måte at tekstane skil seg som gruppe frå andre tekstar. Motsett kan omgrepet også nyttast om ei gruppe av tekstar med stor grad av samanfallande formval.

1.2 Problemstilling

Det overordna forskingsspørsmålet for denne studien er om det i mitt omfattande og representative korpus bestående av nynorske tekstar frå perioden 1980-2010 eksisterer normklynger av ulike språklege former som kan la seg identifisere som meir eller mindre dominerande subvarietetar av det nynorske skriftspråket, slik som til dømes varietetar som ein kan karakterisere som konservativ, moderat eller radikal nynorsk.²

1.3 Oversyn

Det at dei særmerkte sosiopolitiske omstenda i Noreg har vore så dominerande premissleverandørar for offisiell norsk språkpolitikk frå Aasen og heilt opp mot vår tid (sjå til dømes Jernudd 1971:490ff, Lockertsen 2003:192 og Vikør 2003:183ff), har nok vore ei medverkande årsak til at det så langt har vore gjennomført relativt få studiar der ein har kartlagt den faktiske skriftlege språkbruken systematisk. Men som vi såg i innleiinga, kom det ei kraftig dreiling i den offisielle språkpolitikken i tida kring millenniumskiftet, og to av dei berande normeringsprinsippa til nemnda (Språkrådet 2011:38) som blei oppnemnd av styret i Språkrådet til å leggje fram innstilling til ny rettskriving for nynorsk, var altså at normeringa skulle skje på «eigen grunn», og då

² For å kunne omtale både bokmål og nynorsk samstundes brukar eg omgrepia ‘konservative’, ‘moderate’ og ‘radikale’ former for båe målformer. Ein stipulativ definisjon av kva som ligg i desse omgrepene, kan vere om lag slik: Med ‘konservative’ ordformer meiner eg tradisjonelle former som er nedervde frå tidlegare rettskrivingar. Med ‘radikale’ ordformer meiner eg former som har blitt tatt inn i rettskrivinga ut frå eit ønske om tilnærming til den andre målforma og/eller eit ønske om å inkludere folkemålsformer. Med ‘moderate’ ordformer meiner eg former som ikkje kjennest markerte på noko vis. Ein slik omgrevsbruk er likevel ikkje uproblematisk, og eg kjem derfor attende med ei nærmare drøfting av desse omgrepene og innhaldet i dei i kapittel 5.

ikkje minst på grunnlag av «skriftspråkleg tradisjon og praksis», sjølv om nemnda også la vekt på å få med «talemålsformer med stor geografisk utbreiing».

Mellom tidlegare freistnader på å kartleggje tilhøvet mellom den offisielle norma og det nynorske skriftspråket i bruk finn vi arbeida til Vikør (1995), Wetås (2001 a og b) og Søyland (2001). Vikør granska korleis eit utval kjende skjønnlitterære forfattarar utnytta valfridomen i dei skiftande nynorsknormalane i tidsrommet 1930-1980, og han meinte å sjå tendensar til at formvala blei meir sams innanfor bøyings- og lydverket utetter det nemnde tidsrommet, og at forfattarane frå det siste tiåret han granska, konvergerte mot ei meir markert ‘midtline’ (Vikør 2003:299). Wetås sitt materiale omfatta både publiserte og upubliserte tekstar, og ho granska dei same språklege variablane som Vikør. I korpuset som bestod av publiserte tekstar, fann ho dei same hovudtendensane som Vikør, medan formvala i det upubliserte materialet var langt meir sprikande, og jamvel ofte låg utanfor norma. Det at mindre kompetente nynorskbrukarar ofte brukar former som ligg utanfor norma, gjerne som resultat av bokmålspåverknad eller talemålspåverknad, blir stadfesta av Søylands gransking av eksamenssvar frå tiandeklassingar med nynorsk som hovudmål.

Den omtala rettskrivningsnemnda bygde arbeidet sitt på dei nemnde studiane, men gjennomførte også eigne, omfattande granskningar av bruken av det nynorske skriftspråket i eit breitt utval av tekstar. Men til skilnad frå min studie baserte alle dei nemnde studiane seg på manuelle metodar eller frekvensregisteringar av einskildord ved hjelp av datamaskinelle søk. Derimot gjennomførte Dyvik (2012) ein pilotstudie der han ved hjelp av liknande metode som den eg nyttar i denne studien, freista å kartleggje tilhøvet mellom norma og den faktiske språkbruken for bokmål og nynorsk. Men hovudsiktemålet med hans studie var å teste ut metoden i seg sjølv. Utvalet av språklege variabler var for lite til at ein kunne trekkje noko form for konklusjonar kring eventuelle klynger av samsvariasjon innanfor nynorsk språkbruk, slik eg gjer freistnader på her. Sjølv gjennomførte eg også ein mindre pilotstudie på nokre få, utvalde språklege variabler i eit utval av det samla tekstkorpuset som ligg til grunn for denne studien (Helset 2015). Den studien gav interessante resultat med omsyn til lokalisering av normklynger for eit avgrensa utval språklege variabler. Samstundes var

utvalet av språklege variablar for lite og samansetjinga av korpuset for smalt til at ein i den studien kunne trekkje omfattande og sikre konklusjonar.

På denne bakgrunn meiner eg at denne studien, og funna som blir presenterte i denne avhandlinga, vil vere med på å styrke det vitskaplege grunnlaget for normeringa av det nynorske skriftspråket i samsvar med gjeldande norsk språkpolitikk, som altså tilseier at ein skal basere den offisielle normeringa av nynorsk på observasjonar av utviklinga av skriftspråket slik «det faktisk ser ut og utviklar seg i tekst» (Språkrådet 2015:12).

2. Språkhistorisk bakgrunn

Sidan det her er tilhøvet mellom dei føreskrivne normene og den faktiske språkbruken i nynorsk skriftspråk dei siste 30 åra som står i fokus, er det ikkje eit mål å gå i djupna av den norske språkhistoria. Ikkje dess mindre finn eg det føremålstenleg å gje eit kort riss av utvalde delar av språkhistoria med det som siktemål å gje lesaren eit innblikk i den historiske bakgrunnen for at det nynorske skriftspråket har fått ei offisiell norm med eksepsjonelt stor valfridom jamfört med andre skriftspråk.

2.1 Perioden 1814-1905

Då Noreg kom ut av unionen med Danmark og fekk si eiga Grunnlov i 1814, var det svært stor skilnad på det talemålet dei aller fleste nordmenn nytta i kvardagen og det danske skriftspråket som dei møtte i det offentlege rom, som under konfirmasjonsførebuingar og i kyrkja elles, i lese- og skriveopplæringa i skulen, i administrative skriv i stats- og lokalforvaltninga og i tidsskrift, aviser og bøker. Likevel var det dei første par tiåra etter unionsoppløysinga ikkje særleg mange som stilte spørsmål til det at det einaste skriftspråket til den nye nasjonen var dansk. Det var først i 1830-åra at språkstriden braut ut i full mon, med krasse debattar i det offentlege rom. I fremste rekke i denne språkstriden, men på kvar si side, stod to av landets diktarhøvdingar.

Johan Sebastian Welhaven (1832) var sterkt kritisk til dei forsøka på å setje norske ord inn i det danske skriftspråket som hans meiningsmotstandar Henrik Wergeland hadde gjort i diktinga si, og argumenterte for at ein burde halde på dansken fordi dette var eit europeisk kulturspråk. Historikaren og norrønfilologen Peter Andreas Munch (1832:14) var også sterkt motstandar av at ein skulle «forhuttle og sammenjaske vore Dialekter i vild Uorden» og argumenterte heller for «at bringe en af vore reneste Almuedialekter i en ordentlig Form sammenholdt med vort Oldsprog», sjølv om det er gode grunnar til å tru at framleggget til Munch ikkje var alvorleg meint på dette tidspunktet (Hanssen 1979:17). Wergeland (1835:164) svara på kritikken frå Welhaven og Munch ved å argumentere for at ei gradvis fornorsking av ordtilfanget på

sikt kunne gje den sjølvstendige nasjonen Noreg eit eige skriftspråk, tydeleg skilt frå det danske: «Men nu er det *Virkeligheden* af et selvstændigt Skriftspråg, som fremæsker Norges Aander. Dette maa *Tiden af sig selv afføde* før Aarhundredret nedrødmer, og *saameget snarere som Kræftene derfor forenes.*»

Knud Knudsen (1850:273) bygde vidare på ideane til Wergeland, men gjekk lengre og ville ikkje berre setje inn norske ord i det danske skriftspråket, men fornorske heile språket basert på det han kalla «den dannede dagligtale», rett nok via «gradvishetens vej»: «...det andet udsonderer efterhaanden, Stykke for Stykke, det spesielt Danske af Fællessproget saa lenge, til de fremmede Elementer i dette er fjernede og innenlandske optagne i Stedet.» Men Knudsen møtte mykje kritikk frå Munch og andre delar av den rådande eliten, noko som førte til at programmet hans fekk lite gjennomslag dei første tiåra av den livslange kampen han kjempa for fornorsking av det danske skriftspråket.

I 1840- og 50-åra strøymde det nemleg ei bølgje av nasjonalromantiske straumdrag innover landet, noko som skulle gje Ivar Aasen den naudsynte legitimiteten til å starte arbeidet med å utvikle eit skriftspråk på eigen grunn. Han bygde vidare på ideane til Munch om å danne eit sjølvstendig norsk skriftspråk, men til skilnad frå Munch ville ikkje Aasen (1836:4) «...fræmhæve nogen enkelt af vore Dialekter; nei, ingen saadan bør være Hovedsprog, men dette skulde være en Sammenligning af, et Grundlag for dem Alle.» Trass i dette delvis brotet med Munchs ide frå 1832, hausta Aasen lovord for ideane sine frå åndseliten, og med støtte frå Vitenskapsselskapet kunne han i slutten av 1840-åra reise på granskarferd over store delar av Bygde-Noreg for å samle inn målprøver. Eit par-tre tiår seinare ferdigstilte han arbeidet sitt med verka *Norsk Grammatik* (1864) og *Norsk Ordbog* (1873), og etter vedtak i Stortinget i 1885 blei «det norske Folkesprog» offisielt jamstilt med «det almindelige Skrift- og Bogsprog».⁴ Haugen (1975:176) syner korleis Aasen med utgangspunkt målprøvene brukte

³ Det er rett nok eit tolkingsspørsmål kva for språk eller språkformer som eigentleg blei jamstilte i og med dette vedtaket, men etter mi vurdering er Lars S. Vikør (1990:78) si tolking den mest rimelege, i det han konkluderer med at det var eit formelt og juridisk vedtak som berre kunne «omfatte landsmålet, med den reservasjonen at «landsmål» ikkje vart definert som «Aasens normal»». I dette ligg det at Knud Knudsens framlegg til eit dansk-norsk skriftspråk *ikke* var omfatta av vedtaket, men derimot andre variantar av landsmålet enn Aasens normal.

metodane frå den historisk-komparative språkvitskapen i arbeidet fram mot den endelege normalen som han karakteriserer som «ein *rekonstruert klassisk* standard for dei norske dialektane», samstundes som han presiserer at Aasen også såg til det norrøne språket og til sisterspråka ved fastsetjinga av normalen. Ein kan slik seie at normalen først og fremst bygde på prinsippet om indre systematikk og morfologisk eintydighet og dernest på det etymologiske prinsippet (Vikør 2007:155, 210). Samla sett gav desse prinsippa ein skriftspråksnormal utan valfridom, som må reknast for å vere konservativ jamfört med dialektane i samtida: «Sprogformen bør kun være een» (Aasen 1958:298).

«Det almindelige Skrift- og Bogsprog» skilde seg på dette tidspunktet lite frå det danske skriftspråket og var dermed konservativt med motsett forteikn. I og med jamstillingsvedtaket av 1885 hadde nasjonen med andre ord fått to offisielle skriftspråk som låg rimeleg langt frå kvarandre reint lingvistisk – ikkje ulikt situasjonen i andre nasjonar som til dømes Belgia og Sveits. Ein kunne slik tenke seg at dansken og landsmålet fekk leve side om side upåverka av kvarandre og av ytre omstende dei neste 100 åra. Men slik skulle det ikkje gå. I Noreg kom språkspørsmålet nemleg til å bli tett samanvove med ein større og breiare kulturell og politisk kamp mellom ulike sosiale grupper. Dei særmerkte sosiopolitiske tilhøva i landet gav grobotn for ein særeigen norsk språkpolitikk med hyppige rettskrivingsendringar kjenneteikna av tilnærningsomsyn, folkemålsomsyn og stor valfridom heile vegen frå jamstillingsvedtaket i 1885 og like opp til vår tid.

Det politiske bakteppet for jamstillingsvedtaket var at bondeopposisjon på Stortinget i realiteten tok makta frå den rådande eliten i og med innføringa av parlamentarismen i 1884. Med dette kunne nemleg det sosial-liberale partiet Venstre nytte sitt fleirtal på Stortinget og skipe regjering med Johan Sverdrup som statsminister. I tida som kom, fekk Venstre gjennom ei rekke politiske sigrar på Stortinget, og her kan vi merke oss at Sverdrup såg språkspørsmålet som ein del av demokratiseringsprosessen, og at han sjølv var ein viktig pådrivar bak jamstillingsvedtaket i Stortinget (Sverdrup 1884:9).

Den rådande eliten bestående av embetsmannstanden og borgarskapet, representert ved det konservative politiske partiet Høgre, kjende med dette både det politiske og kulturelle hegemoniet sitt truga. Embetsmannsstanden var i all hovudsak utdanna ved det kongelege universitetet i København og hadde slik ikkje berre gått i mot landsmålet til Aasen, men til no også stilt seg sterkt kritisk til nær sagt alle former for fornorsking av det danske skriftspråket, slik vi har sett at særleg Knud Knudsen kjempa for. Paradokslt nok auka jamstillingsvedtaket viljen til å fornorske det danske skriftspråket, sidan embetsmannsstanden frykta at det no formelt jamstilte landsmålet ville vinne fram på kostnad av dansken, som for folk flest verka framand. Dermed kom det i stand ei gradvis, offisiell fornorsking av dansken, og i 1907 blei det gjennomført ei offisiell rettskrivningsreform som stadfestar overgangen frå dansk til det som frå då av blei heitande riksmål. Den nye skriftspråksnormalen tok i stor mon omsyn til det høgare talemålet i byane, men den sterke motstanden mot fornorskinga frå dei mest konservative kretene innanfor embetsmannsstanden gjorde at ein framleis opna for ein heil del danske parallelformer. Med dette merker vi oss at valfridom mellom ulike språkelege former er innført som prinsipp i norsk normeringspraksis.

Men også normalen til Aasen møtte kritikk frå ulikt hald mot slutten av 1800-talet, og landsmålet vart praktisert på veldig ulike måtar av ulike skribentar og forfattarar. Nokre la seg tett opp mot Aasen-normalen, andre skreiv eit meir arkaisk språk medan endå andre skreiv meir opp mot sitt eige talemål. I 1898 blei det derfor sett ned ein komité som skulle fastsetje den offisielle landsmålsnormalen. Medlemene blei ikkje samde, og resultatet var at ein i 1901 fekk ein offisiell normal for bruk i offentleg teneste, kalla Hægstad-normalen, og ein normal som elevane i skulen kunne bruke, kalla midlandsnormalen. Med dette merker vi oss at skiljet mellom hovudformer og sideformer er innført som prinsipp i norsk normeringspraksis.

I samfunn med lange og etablerte skriftspråkstradisjonar som engelsk, fransk og for den del dansk, er bruk av valfridom og hovudformer og sideformer særskilt uvanleg. Som Vikør (2007:167) skriv, står stabilitetsprinsippet og fastheitsprinsippet sterkt i slike språk og samfunn. Men på grunn av eit politisk ønske om tilnærming mellom dei to skriftspråka i Noreg og eit ideologiske ønske om å opne opp for folkemålsformer,

skulle valfridomen og skiljet mellom hovudformer og sideformer derimot kome til å bli berande prinsipp i norsk normeringspraksis gjennom heile det 20. hundreåret, og desse prinsippa har vore ein viktig premissleverandør for at vi har fått det som ein gjerne omtalar som konservative, moderate og radikale former i nynorsk skriftkultur.

2.2 Perioden 1905-2012

I samband med unionsoppløysinga frå Sverige i 1905 vaks det på ny fram nasjonale straumdrag i Noreg. Landsmålet fekk mykje vind i segla, med sterkt støtte frå Venstre, som var det dominante politiske partiet på Stortinget. Dei første tiåra etter unionsoppløysinga vaks talet på skulekrinsar og skulelevar med landsmål som hovudmål kraftig. Samstundes fekk den gamle tanken til Knud Knudsen (1850) om ei framtidig samansmelting av eit fornorska dansk og landsmålet mykje medbør, leidd an av dei framståande professorane Ernst Sars og Moltke Moe. Dessutan blei kravet om å opne opp for ulike folkemålsformer meir og meir framtredande i åra som kom. Dei ulike normeringssynspunktene kom slik til å dreie seg langs to hovudaksar på 1900-talet: tradisjonsprinsippet kontra tilnærtingsprinsippet langs den eine og fastheitsprinsippet kontra folkemålsprinsippet og valfridomsprinsippet langs den andre (Vikør 2010).

Tilnærtingsprinsippet stod sentralt i den første felles rettskrivningsreforma av 1917. For både riksmålet og landsmålet opererte ein no med eit skilje mellom obligatoriske endringar og valfrie endringar i høve til tidlegare rettskrivingar. Dei obligatoriske endringane (slik som *aa* > *å*, *magt* > *makt*, *station* > *stasjon*) blei oppfatta som moderate og snart tekne i bruk av riksmålsskribentar så vel som landsmålsskribentar. Dei valfrie endringane innanfor riksmålet (slik som *bro* > *bru*, *ben* > *bein*, *solen* > *sola*, *melket* > *mjølka*) blei derimot oppfatta som særleg radikale, sidan dei bygde på folkemålsprinsippet og braut med tradisjonsprinsippet og fastheitsprinsippet. Men også mange av dei valfrie endringane innanfor landsmålet (slik som *draum* > *drøm*, *gamal* > *gammal*, *soli* > *sola*, *kasta* > *kaste*) blei oppfatta som radikale, sidan dei bygde på eit sosialt orientert folkemålsprinsipp med basis i austnorske, trønderske og nordnorske dialektar (Torp og Vikør 2014:220ff og 241ff).

Tilnærtingslinja mellom bokmål og nynorsk (som frå 1929 var dei offisielle namna på målformene) blei forsterka i og med den neste store rettskrivingsreforma av 1938. Mange av dei valfrie, radikale endringane frå 1917 blei no gjort obligatoriske, samstundes som ein for første gong innførte eit skilje mellom hovudformer og sideformer for både bokmål og nynorsk. Mange av hovudformene, som gjerne var identiske i dei to målformene, blei rekna for å vere heller radikale former (*bein, fram, språk, mjølk, mjølka, viser, sola*), medan sideformene gjerne blei rekna for å vere konservative innanfor både nynorsk (*soli, visor*) og bokmål (*melk, melket*).

Samstundes var det opna for ein stor grad av valfridom innanfor hovudformene. Arkitekten bak denne samnorskpolitikken var Halfdan Koht, som sat i leiinga både i folkemålsorganisasjonen Østlandsk Reisning og i Det Norske Arbeidarparti, som kjempa for rettane til den stendig veksande arbeidarklassen generelt, og som såg kampen for folkemålet på Austlandet som ein del av denne større kampen. Igjen ser vi korleis dei sosiopolitiske omstenda la føringar på språkpolitikken som gav tilnærningsprinsippet, folkemålsprinsippet og valfridomsprinsippet forrang framfor tradisjonsprinsippet og fastheitsprinsippet. Samnorskpolitikken møtte sterkt motstand utover i etterkrigstida, særleg frå riksmålsrørsla, som skipa «Foreldreaksjonen mot samnorsk» og jamvel gav ut si eiga ordliste for riksmål, men også frå aviser og forlag, som laga sine eigne, private normalar (Torp og Vikør 2014:225ff og 244ff).

For å dempe den kraftige kritikken mot 1938-rettskrivinga sette regjeringa ned *Norsk Språknemnd* (1952) og gav ho i oppdrag å utforme ei ny rettskriving for nynorsk og bokmål. Resultatet låg føre i form av *Ny Læreboknormal 1959* med to offisielle skriftspråksnormalar som både hadde eit stort tal parallelle former, og eit todelt system med ein trond læreboknormal og ein vid normal for skuleelevar og andre (Røyneland 2013:56). Særleg den vidare normalen opna med dette for at språkbrukarane kunne velje mellom høvesvis konservative, moderate og radikale former innanfor så vel bokmål som nynorsk skriftspråk, alt etter kva for eit av dei ovanfor skildra prinsippa ein ønskte å leggje vekt på. Dette var kan hende ein demokratisk språkpolitikk, men som fleire (sjå til dømes Akselberg 1999, Garthus 2009, Rødningen 1999, Omdal 2003 og Fretland 2009) har peika på, førte den store valfridomen til at det vart vanskeleg for elevar, studentar og jamvel lærarar å halde styr på kva som var tillatne

former innanfor nynorsk, og kva som ikkje var det. Dette kan ha vore ei medverkande årsak til den kraftige tilbakegangen nynorsken opplevde både som opplæringsmål i skulen og på andre frontar utover i etterkrigstida, trass i at det kom ei rekkje vedtak som skulle styrke nynorsken sine rettar i samfunnet.

I 2002 vedtok Stortinget (St.meld. nr. 9 2001-2002:25) at tilnærmlingslinja ikkje lenger skulle vere gjeldande politikk. I staden skulle måldyrkingsarbeidet no vere «knytt til spørsmålet om korleis bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg.» På dette grunnlaget blei det i 2005 vedteken ei ny rettskriving for bokmål, utan sideformer. Det blei arbeidd med ei liknande reform for nynorsk, men på grunn av store protestar frå ymse brukargrupper under høyringa, blei den reforma stoppa, noko departementet ikkje godtok (Vikør 2009:269f).

I 2009 vedtok Stortinget (St.meld. nr. 35 2007-2008:206) å støtte opp under vedtaket frå styret i Språkrådet frå 2007 om at ein skulle ta sikte på å lage «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer», noko som også blei eit berande moment i mandatet til nemnda som hausten 2009 fekk i oppdrag å leggje fram innstilling til den nye nynorsknormalen. Etter ein open og demokratisk prosess der ulike institusjonar, lag, organisasjoner og privatpersonar fekk høve til å uttale seg, sende nemnda eit framlegg til innstilling på høyring i januar 2011. Etter ein større høyringsrunde la nemnda fram endeleg innstilling i april 2011 (Språkrådet 2011) som etter handsaming i Språkrådets Fagråd for normering og språkobservasjon og Kulturdepartementet ble vedteken som gjeldande rettskriving frå og med 1.8.2012 (Røyneland 2013 og 2016). I den nye rettskrivinga er skiljet mellom hovudformer og sideformer oppheva, samstundes som mange av dei tidlegare valfrie formene er tekne ut av normalen, derimellom ein god del konservative og radikale former. Likevel er det framleis svært mange jamstilte former att.

3. Normer og normgrunnlag

Denne studien tek altså sikte på å klarleggje tilhøvet mellom dei føreskrivne språklege normene som gjaldt staving, bøyning og avleiring innanfor nynorsk fram til 2012 og den faktiske bruken av dei i eit utval tekstar frå perioden 1980 og 2010. I kapittel 3.1 drøftar eg det generelle normomgrepet, som eg nyttar som utgangspunkt for ei meir spesifikk drøfting av språklege normer i kapittel 3.2, før eg i kapittel 3.3 drøftar spørsmålet om kva som bør vere normgrunnlaget for det nynorske skriftspråket.

3.1 Normer

Normer står sentralt både i kvardagslivet og innanfor ei rekke vitskaplege disiplinar. Samstundes har normomgrepet blitt tillagt til dels djuptgripande divergerande innhald innanfor ulike vitskaplege disiplinar (Vannebo 1980:3). Det er med andre ord nokså vanskeleg å kome fram til ein einskapleg definisjon av kva som ligg i omgrepet. I motsetnad til Sundby (1974:1), som fører ei omfattande drøfting der han freistar å kome fram til kva som er «felles i all tenkning om normer», vil eg her berre freiste å klargjere visse hovudkjenneteikn ved grunnomgrepet «norm», før eg meir spesifikt drøftar kva som skjuler seg bak omgrepet «språkleg norm», som av berrsynte årsaker har vore ein berebjelke for det vidare arbeidet i min studie.

I *Norsk Ordbok* (2009:485 og 2011:115) finn vi ein allmenn definisjon av omgrepet «norm», med vidare tilvising til omgrepet «regel», som iallfall ikkje vil bli rekna for å vere for trong verken i kvardagslivet eller i vitskapen: «standard, mønster, (til bruk som rettesnor), regel», der «regel» blir definert som «rettesnor, mønster for korleis noko skal gå føre seg el korleis ein skal fara åt, te seg i visse høve». Derimot vil denne definisjonen av mange bli oppfatta som for vid, i det han kan kome til å femne om variablar som *ikkje* bør bli rekna som ei norm. Det at ein har eit «mønster for korleis noko skal gå føre seg», er ikkje naudsynlegvis nok til at det ein kan kalle dette mønsteret for ei norm.

Bartsch (1987:79) drøftar spørsmålet om kva som skal til for at ein kan rekne noko for å vere ei norm, og viser til Raz (1975:80f), som skriv at det at ei norm eksisterer, kan innebere tre ulike ting: «1. The norm is valid; 2. The norm is a practice; 3. The norm is prescribed by a certain person or institution.» Her angrip Raz (1975:53) den såkalla praksisteorien forfekta av mellom andre Hart (1961):

The practice theory claims that a norm or rule that x ought to do H under condition C in society S exists if and only if the following conditions are satisfied:

1. Most members of S regularly do H under C .
2. If somebody does not comply with the rule, he or she will be criticized by members of S and such criticism will be looked on as justified by other members of S , such that this criticism is not criticized by them.
3. Members of S refer to the rule by expressions like ‘An x ought to do H when C ’ or ‘It is a rule that x ought to do H when C ’ in order to justify their actions, or demands made of others, or criticism of behavior.

Raz (1975:80f) hevdar nemleg at normer kan vere valide utan at dei treng vere praktiserte, og motsett: at normer kan vere praktiserte utan at dei er valide. Validiteten til og praktiseringa av ei norm er ifølgje dette synet med andre ord i prinsippet uavhengige av kvarandre. For å underbyggje påstanden trekker Raz (op.cit.) fram følgjande eksempelsetningar: «This rule is not often complied with anymore» og «This rule should be complied with by everybody, although hardly anybody follows it.»

Raz (1975:80f) trekker vidare opp eit skilje mellom slike normer som er baserte på konvensjonar og normer som er «prescribed by a certain person or institution», som liknar på skiljet mellom dei operative normene og dei føreskrivne normene som blei omtala i innleiinga. Eit viktig spørsmål i denne samanhengen er om det treng å vere samsvar mellom slike føreskrivne normer og dei konvensjonelle normene i eit samfunn for at førstnemnde skal vere valide.

Raz (1975:124f), som eigentleg skriv om normer innanfor det juridiske domenet, poengterer for det første at nokre medlemer av samfunn kan følgje ei føreskriven lov utan å akseptere lova som ei norm, noko som i så tilfelle inneber at dei følgjer lova berre på grunn av trugselen om straff. For det andre poengterer Raz at eit system av føreskrivne lover kan vere gjeldande i eit samfunn trass i at ein heil del av medlemene ikkje følgjer alle lovane i systemet:

It should be remembered that the degree of conformity required is not very high. A legal system may be in force in a country suffering from a crime wave, many of the laws can be generally disregarded, some of the regions may have particularly bad record in law observance, etc.

Trass desse reservasjonane følgjer Raz (1975:126) argumentasjonen til Hart (1961) når det kjem til tilhøvet mellom føreskrivne og konvensjonelle normer, og han set opp to viktige kriterium for at eit føreskrive lovsystem skal vere valide lover i eit samfunn:

A legal system is the law of a community if, and only if, it is generally conformed to by the norm subject of the law, and the officials set up by the laws of the system endorse them and follow them.

Når det kjem til språk, hevdar Bartsch (1987:83f) at det første kriteriet vanlegvis også gjeld normer for eit språk $L(S)$ i eit samfunn S , og at det andre kriteriet føreset at det eksisterer institusjonar for språkplanlegging og språkkultivering i eit land:

Norms of language are systematically valid if the institution in question decides that certain norm formulation expresses a norm of the language in question by incorporating this formulation into the codification of the language.

Med dette nærmar vi oss dei språklege normene, som vi no skal sjå nærmare på.

3.2 Språklege normer

Vi startar med å trekke opp nokre skiljelinjer mellom språklege normer og reglar i grammatiske teoriar og mellom konstitutive og regulative normer, før vi går grundigare inn på tilhøvet mellom føreskrivne normer og internaliserte og operative normer innanfor skriftspråket, som jo er det sentrale i denne samanhengen.

3.2.1 Språklege normer vs. reglar i grammatiske teoriar

Bartsch (1987:150, 160) trekkjer opp eit tydeleg og etter mitt syn viktig skilje mellom det ho omtalar som høvesvis «linguistic norms» og «rules of theoretical linguistics»: «Linguistic norms are norms of the product, but they are not norms of production or generation». Derimot viser slike reglar som har blitt framsette innanfor skiftande

grammatiske teoriar, som t.d. ulike variantar av strukturalismen (Saussure 1916, Hjelmslev 1943, Jacobson 1962) og den generative grammatikken (Chomsky 1957, 1965, 1980, 1981, 1995), til hypotesar om strukturelle avgrensingar og/eller reglar for velforma språk, som dessutan er skjulte for den vanlege språkbrukaren. Etter Bartsch (1987:184) si vurdering, er dette ikkje språklege normer, men heller «rules formulating a method for constructing products that ultimately conform to the norms.» Denne typen reglar er eit mykje interessant emne i seg sjølv, og sjølv har eg særleg vore oppteken av kva for vitskapsteoretiske krav som knyter seg til dei (Helset 2014), men eg stiller meg bak Bartsch og hennar argumentasjon om at dette ikkje er normer. Itkonen (1981:128) reknar derimot nettopp det han kallar «rules of language» for å vere normer, medan Åfarli (2012:324) og Riksem (2016:40) argumenterer for at den grammatiske rammemodellen innanfor minimalismeprogrammet i den generative grammatikken jamvel bør legge føringar for normeringa av skriftspråket. Sjølv avviser eg eit slikt syn både på vitskapsteoretisk og praktisk grunnlag (Helset 2017), og når eg i det vidare brukar omgrepet «språklege normer», meiner eg derfor det som Bartsch omtalar som «linguistic norms».

3.2.2 Regulative normer vs. konstitutive normer

I 1960-åra utvikla Austin (1962) og Searle (1969) teorien om språkhandlingar. Den handlar om kva for *kontekstuelle* vilkår språklege ytringar blir til under og kva for konsekvensar dei kan få i konteksten (Searle 1969:4, 41). På det viset gjeld dei reglane som blei sett opp under dette paradigmet, for språkbruk i kontekstuelle samanhenger, og ikkje først og fremst normer for staving, bøyning eller avleiring. Ikkje dess mindre finn eg Searles (1969:34) distinksjon mellom «regulative and constitutive rules» å vere relevant også for den typen språklege normer som vi snakkar om her:

Regulative rules regulate a pre-existing activity, any activity whose existence is logically independent of the rules. Constitutive rules constitute (and also regulate) an activity the existence of which is logically dependent on the rules.

Searle trekker fram sjakk for å forklare skilnaden på dei to typane av reglar, noko som blir følgt opp av Sundby (1974:91).⁴ Dei vanlege spelereglane for sjakk er døme på konstitutive reglar eller normer. Dersom ein bryt dei, spelar ein rett og slett ikkje lenger sjakk. I tillegg finst det ei rekke ulike strategiar for ulike fasar av spelet som det kan løne seg å følgje nokre av for å oppnå målet om å vinne spelet, men som ein også kan la vere å følgje, utan at ein dermed trer ut av spelet. Eit kjent døme på ein slik strategi for opningsfasen av spelet er såkalla «spansk opning». I nokre parti mot nokre motstandarar (som ikkje kjenner til denne strategien) kan det løne seg å starte spelet med ei slik opning. I andre parti mot andre motstandarar (som kjenner denne strategien og dessutan ein effektiv motstrategi) kan det derimot vere direkte uheldig å starte med «spansk opning». Ein kan også godt både starte og gjennomføre eit heilt parti sjakk utan å følgje nokon spesielle strategi i det heile. Poenget er at sjølv om det kan vere føremålstenleg å følgje ein eller fleire slike strategiar når ein spelar sjakk, så er dei ikkje konstituerande for sjølve spelet. I motsetnad til kva som er tilfellet med dei konstitutive reglane eller normene, spelar ein framleis sjakk sjølv om ein ikkje følgjer dei. Denne typen strategiar i sjakk er gode døme på regulative reglar eller normer.

Distinksjonen mellom regulative og konstitutive normer i språket liknar på skiljet som Vikør (2007:72) trekker opp mellom «bruksnormer» og «grammatiske normer». Sistnemnde definerer han som «normer som er rett og feil i vårt spesielle språksystem, enten vi kaller det ‘språk’ eller ‘dialekt’». Slike normer står heilt sentralt for emnet i denne avhandlinga, og vi skal derfor handsame dei meir utførleg nedanfor. Men lat oss først sjå litt nærmare på dei nemnde bruksnormene, som ifølgje Vikør (2007:72f) «fortel oss kva slags språkvariantar eller varietetar vi skal bruke i kva slags kontekst». Akkurat som i tilfellet med sjakk kan det vere føremålstenleg å bruke den eine eller andre varianten eller varieteten i nokre samanhengar, og ein annan variant eller

⁴ Sundby (1974:31, 37, 109) knyter det generelle normomgrepet tett opp mot to typer språkhandlingar som han kaller «direktiver» og «kvalifiseringer», og argumenterer for at desse språkhandlingane svarar til to typer normative utsegner, nemleg det han kaller «pliktnormer» og «kvalifikasjonsnormer», og hevdar at førstnemnde stort sett kan oppfattast som regulative reglar, medan sistnemnde stort sett kan oppfattast som konstitutive reglar.

varietet i ein annan samanheng. Det heile er i første rekke eit spørsmål om kva som er strategisk og stilistisk tenleg, og vurderingsdimensjonen er typisk godt – därleg.

Når Roksvold (2005:23) i si avhandling om utviklinga av avisspråket i Noreg på 1900-talet skriv at «Vi kan si at det er en norm at en skal skrive *godt* norsk» [mi uth.], siktat han såleis til noko langt meir enn korrekt språk, nemleg til bruksnormer for godt språk. Det ser vi tydeleg av mange av dei svarkategoriane som Roksvold (2005:162) sette opp i ei gransking til spørsmålet «Hvilke krav stiller du til godt journalistspråk?», nemleg slike som: «Enkelt – Forståelig – Presist – Klart – Sammenhengende – Nyskapende – Variert – Engasjerende – Levende – Stilsikkert», sjølv om «Korrekt» også var ein eigen svarkategori som skåra høgt mellom respondentane.

Fjeld (1998:13) trekkjer opp eit tydeleg skilje mellom det ho kallar «regler» og «retningslinjer» som i stor grad samsvarar med Vikør sitt skilje mellom grammatiske normer og bruksnormer:

Normene skilles i regler og retningslinjer. (...) Avgjørelser som følger av regler, beror ikke på valg, men gir seg selv av reglene kriterier. Retningslinjer er derimot mye svakere. De bestemmer ikke avgjørelsene fullt ut, men gir en pekepinn om avgjørelsens innhold. Retningslinjene gir rom for avveininger mot realitetar som det ikke er tatt hensyn til ved formuleringen av normen.

Sitatet understrekar at bruksnormer/retningslinjer er svakare og meir vague enn grammatiske normer/reglar, og at dei slik opnar for å gjere avvegingar og val på bakgrunn av språkeksterne tilhøve. Vidare kan vi merke oss at medan ein god del av dei grammatiske normene/reglane for skriftspråket vanlegvis er eksplisitt formulerte og fastsette av eit eller anna offisielt organ, er bruksnormene/retningslinjene sjeldan fastsette av slike. Derimot er det vanleg at bruksnormer eller retningslinjer blir haldne i hevd av andre. I artikkelen «Kva er god nynorsk språkføring?» skriv Brunstad (2009:91f) at spørsmål om kva som særpregar god nynorsk språkføring ikkje står «i sentrum for den tradisjonelle språknormeringa, men er høgst aktuelle i den ‘stille’ språknormeringa som føregår gjennom lærebøker, undervisning, retting og språkleg rettleiing.» Brunstad (2009:93f) viser vidare til ei rekke handbøker som er publiserte om emnet, med talande titlar som *Råd for uråd* (Breivega 1993), *Den beste boka i praktisk nynorsk for lærarstudentar* (Allmenningen, Bjørkvold og Søyland 1998), *På*

saklista (Fretland 2006), *Innsføring i nynorsk for høgare utdanning* (Allmenningen 2006) – i tillegg til den generelle delen av Alf Helleviks (2005) utvida *Nynorsk ordliste*, der ein også finn råd om språkføring. På bakgrunn av ein gjennomgang av dei nemnde kjeldene, set han opp følgjande liste over kva for bruksnormer eller retningslinjer som oftast vert trekte fram som vesentlege for god nynorsk språkføring:

1. God nynorsk er meir talemålsnær og bruker fleire dialektord enn bokmålet.
2. God nynorsk har mindre bruk av passiv enn bokmål, og det er restriksjonar på passivbruken.
3. God nynorsk har restriksjonar på bruken av genitiv.
4. Det er i god nynorsk mindre bruk av enkelt bunden form av substantiv.
5. God nynorsk har ein meir verbal uttrykksmåte, og ein skal difor unngå for mange substantiv avleidde av verb eller adjektiv når ein kan bruke verb eller adjektiv (unngå «substantivsjuke»).
6. God nynorsk har restriksjonar mot tunge partisippkonstruksjonar.
7. God nynorsk har restriksjonar mot underordning og innskotssetningar.
8. Nynorsken har ein ordlagningstradisjon som med fordel kan dyrkast.

Vi ser at dei fleste av råda ovanfor gjeld setningsoppbygnad, at eit par av dei gjeld ordforråd og ordlagning, medan få av dei går på staving, bøyning eller avleiring. I den nemnde artikkelen presenterer Brunstad (2009:96ff) også funn frå ei spørjegranskning som han sjølv gjorde kring spørsmålet om kva som kjenneteiknar god (og dårleg) nynorsk språkføring mellom eit utval av «framståande nynorskbrukarar». Mange av dei kjenneteikna på god nynorsk språkføring som han les ut av den studien, går på overordna språkføringsideal som gjeld for all språkbruk, og ikkje berre for nynorsk. I tillegg er det slik at ein del av dei kjenneteikna som han lokaliserer som spesifikt for god nynorsk språkføring, går på setningsoppbygnaden og ordforrådet, og mindre på staving, bøyning og avleiring.

Ved sida av at den typen bruksnormer som vi har tala om til no, berre er ei form for uoffisielle retningslinjer, ser vi altså at dei i all hovudsak handlar om andre tilhøve enn det som gjerne blir omtala som «normkjernen» innanfor skriftspråket, nemleg staving, bøyning og avleiring (Bleken 1966:13). Det er det siste som er emnet for denne studien, og eg skal i den vidare drøftinga derfor ikkje legge særleg vekt på bruksnormer.

Det er likevel nokre funn frå granskninga til Brunstad som ein kan karakterisere som bruksnormer, og som samstundes vedkjem emnet for denne avhandlinga meir direkte. Det gjeld dette som går på konsekvens og bruk av ulike varietetar innanfor den vide

nytorske norma. Brunstad (2009:101) skriv nemleg at visse sitat frå granskinga hans «gir uttrykk for at det finst visse normvarietetar innanfor nytorsknormalen, dvs. at der er eit sett av former innanfor nytorsken som høyrer saman», og vidare:

Denne oppfatninga ligg til grunn når ein respondent meiner at bruk av formene *noen* og *gjev* i ein og same teksten vert normbrot. Folk med kjennskap til den nytorske skriftradisjonen skjørnar poenget, og vil raskt kople formene til kvar sine varietetar av nytorsk. Den fyrstnemnde forma, *noen*, vil verte kopla til «radikal», «bokmålsnær» eller «moderne» nytorsk, den sistnemde til «tradisjonell» eller «konservativ» nytorsk. Rett nok eksisterer det offisielt ikkje normer for slike varietetar av nytorsk. I offisiell språknormering finst det *ein* nytorsknorm med valfridom. På same tid har kunnige nytorskbukarar forventningar om stilistisk og varietetsmessig konsistens.

I forlenginga av dette skriv Brunstad (op.cit.) at vi framleis veit «for lite om korleis variasjonen innanfor nytorsken faktisk vert utnytta, dvs. i kva grad språkbrukarane held seg innanfor det som kan kallast varietetar av nytorsk og i kva grad dei går på tvers.» Det er nettopp det som er emnet for min studie, for som vi såg i innleiinga, er det overordna forskingsspørsmålet for denne studien om det i mitt materiale eksisterer normklynger av ulike språklege former som kan la seg identifisere som meir eller mindre dominerande subvarietetar av det nytorske skriftspråket, slik som til dømes varietetar som ein kan karakterisere som konservativ, moderat eller radikal nytorsk. Sjølv har eg dessutan gjennomført ein studie av kva for språklege former som blir *oppfatta* som høvesvis konservative, moderate og radikale mellom eit utval av det eg karakteriserer som kompetente nytorskbukarar. Funna frå denne studien dannar eit sentralt utgangspunkt for det overordna forskingsspørsmålet for denne avhandlinga, og dei vil såleis delvis bli presenterte i kapittel 5 «Metode» og i kapittel 6 «Resultat og drøfting».

3.2.3 Føreskrivne normer vs. internaliserte og operative normer

Innanfor språkvitskapen er det vanleg å trekke opp eit skilje mellom føreskrivne normer på den eine sida og internaliserte (Vikør 2007:72) og operative normer (Dyvik 2003:30) på den andre, og eit anna skilje mellom grammatiske normer og bruksnormer (Vikør 2007:72f). Ein kan hevde at eksistensen av internaliserte og operative normer byggjer på Ferdinand de Saussures (1916) idé om at språket (*la langue*) ontologisk sett

er eit produkt av den medfødde språkevna på den eine sida og ei samling av naudsynte, men arbitrære sosiale konvensjonar på den andre. Han meinte nemleg at desse overindividuelle, kollektive konvensjonane eksisterer i kraft av ein slags kontrakt mellom medlemene av eit språkbrukssamfunn. Samstundes plasserer Saussure språket i språkbrukarane sine hjernar, som ein sum av ‘fotavtrykk’. Likevel var Saussure (1916:30) klar på at «la langue n'est complète dans aucun, elle n'existe parfaitement que dans la masse.» Saussure (op.cit.) understrekar vidare at sjølv om det i utgangspunktet er eit fullstendig arbitrært tilhøve mellom uttrykkssida og innhaldssida i det språklege teiknet, ligg det utanfor individet si makt å endre på dette tilhøvet etter kvart som konvensjonane festar seg i kollektivet. Det siste hindrar likevel ikkje det lett påviselege faktum at språket heile vegen er i (langsam) endring som resultat av (det umedvitne) samspelet mellom individua sin kunnskap om språket og det til ei kvar tid føreliggjande, konvensjonelle systemet i eit gjeve språksamfunn.

Med dette som utgangspunkt kan vi nærme oss ei skildring av kva som kjenneteiknar høvesvis internaliserte og operative språknormer. Vikør (2007:72f) skriv at

Dei *internaliserte språknormene* er dei normene – både grammatiske normer og bruksnormer – som vi ubevisst lærer og tar opp i oss når vi er små, med dei endringane som følgjer av miljøpåverkader opp gjennom heile livet. Desse normene omfattar alle nivå i språkbygnaden: fonologi, morfologi, syntaks og semantikk, og som bruksnormer omfattar dei også kunnskapen om korleis vi handterer eit språkleg repertoar av ulike variantar og varietetar, (...) Termen ‘internaliserte normer’ teiknar (...) eit bilde av desse normene som dynamiske storleikar, som blir tradert, (gjen)skapt og modifisert av kvart individ, men heile tida innanfor eit felles normmønster i eit kollektiv, (...).

Sandøy (2003:259) erkjenner det overindividuelle aspektet ved denne typen normer, men understrekar at normene berre eksisterer i einskildindividet – og ikkje i seg sjølv lausrivne frå menneskesinnet:

I den grad kollektive normer kan seiast å eksistere, eksisterer dei jo i enkeltindividet, sjølv om dei alltid er knytt til den individuelle førestellinga om eit kollektiv. Normene er da *førestellingar* hos individet (eller tru hos individet) om kva som er forventa i kollektivet.

Sandøy (2005:95) åtvarar mot ei for sterk fokusering av det overindividuelle aspektet, då han meiner at dette «hindrar oss i å dra inn det sosiologiske perspektivet», dvs. det sosiale spelet som føregår mellom aktørane i språksamfunnet, «der somme har meir makt enn andre.»

Vannebo (1980:12ff) synest å ha mykje av den same oppfatninga av omgrepene som Vikør og Sandøy, for med utgangspunkt i Teleman (1978) poengterer også han at norma blir til «i et samspill mellom enkeltindividet og gruppa.» Samstundes presiserer Vannebo, med tilvising til Coseriu (1970:208), det foranderlege aspektet ved den kollektive norma:

In Wirklichkeit ist die Norm veränderlich, entsprechend den Grenzen der betrachteten Gemeinschaft, und diese grenzen bilden sich durch Konventionen. Einem einzigen *System* kann daher eine ganze Reihe von Normen entsprechen.

Det er altså ikkje berre slik at den internaliserte norma i det einskilde individet endrar seg etter kvart som individet veks opp og tilpassar seg norma til kollektivet, men også slik at norma i kollektivet endrar seg over tid, som eit resultat av at tilstrekkeleg mange individ endrar si individuelle norm på ein eller fleire språklege variablar. Dyvik (2003:30) hevdar at «Et språk eksisterer i den grad det finnes operative språknormer som medlemmene av et språksamfunn har konvergerende intuisjoner om», og viser til Wittgensteins (1967) poeng om at privatspråk er logisk umogeleg. Språket og normene må slik i første rekke bli forstått som eit sosialt fenomen. Ifølgje Dyvik (op.cit.) er omgrepet «internalisert» for individorientert og «tilslører normens overindividuelle karakter.» I staden brukar Dyvik (2009:111) altså omgrepet «operative normer», som han forklarar som «en tradert og stilltiende overenskomst språkbrukerne imellom,» og som dermed «muliggjør og regulerer den faktiske språkbruken.»

Vi ser altså at omgropa «internaliserte normer» og «operative normer» har ei nærskyld tyding, men at dei likevel vektlegg ulike sider av norm-omgrepene. Medan førstnemnde rettar merksemda mot det individuelle aspektet og (dermed) mot variasjon av normer, rettar sistnemnde merksemda mot det overindividuelle aspektet og (dermed) mot konvergente normer. Dessutan peikar Brunstad (2000:53ff) på at medan motsetnaden mellom føreskrivne og internaliserte normer viser til ein diakron prosess, viser motsetnaden mellom føreskrivne og operative normer til det synkrona. For å illustrere skilnaden mellom internaliserte normer og operative normer kan vi ta verbet *gi* og substantivet *trapp* som døme. Temmeleg mange norske barn bøyer verbet *gi* som om det var svakt medan dei er små, og seier slik *gidde* i preteritum. Men trass i at svært mange, kanskje alle, små barn har internalisert dette som si individuelle norm, har dei

(til no) alle saman endra norma si i samsvar med den operative norma i (den vaksne delen av) kollektivet etter kvart som dei har blitt eldre, slik at dei då seier *ga(v)*. Når det derimot gjeld substantivet *trapp*, som tidlegare vanlegvis var uttala som *tropp*, har vi sett at etter kvart som tilstrekkeleg mange individ har uttala det som *trapp*, så har sjølve den operative norma i kollektivet endra seg, slik at det i dag blir uttala slik av (så godt som) *alle* individua i kollektivet. I samsvar med denne utviklinga i talemålet, blei då også den føreskrivne nynorske skriftspråksnorma gradvis endra, frå opphavleg *tropp*, via valfri *tropp/trapp* til *trapp*.

Lat oss no sjå på kva som kjenneteiknar dei føreskrivne normene, og ikkje minst kva for skilnader og likskapar det er mellom desse og dei internaliserte og dei operative normene. Vikør (2007:74) skriv at

Dei *fastsette språknormene* (også kalla *preskriptive* og *foreskrevne*, Dyvik 1994 og 2003) både oppstår og fungerer annleis enn dei internaliserte. Dei blir formelt fastlagde av eit eller anna organ som blir rekna som kompetent til å gjere dette, og får eit konkret uttrykk i grammatikkar lærebøker, ordlistar og ordbøker.

Dersom vi går attende til det ovanfor nemnde skiljet mellom grammatiske normer og bruksnormer, definerer Vikør (2007:72f) førstnemnde som «normer for kva som er grammatisk rett og feil i vårt spesielle språksystem», medan bruksnormene «fortel oss kva slags språkvariantar eller varietetar vi skal bruke i kva slags kontekst.» På denne bakgrunn kan vi med Vikør (2007:74) slå fast at medan dei internaliserte og dei operative normene gjeld både for grammatiske normer og for bruksnormer, gjeld dei føreskrivne normer berre for dei grammatiske normene, der vurderingsdimensjonen er typisk rett – feil. Dyvik (2003:30) presiserer at dei føreskrivne normene, i motsetnad til dei internaliserte og dei operative, er og må vere formulerte, og Vikør (2007:75) kallar slike konkrete sett av reglar for korleis ein språkvarietet skal skrivast, for ein «normal». Det er vidare slik at sjølv om dei føreskrivne normene i prinsippet omfattar alle dei grammatiske nivåa, vil det i fastsetjinga av slike normalar i praksis berre vere staving, bøyning og avleiing som kan bli og blir utsett for regulering (Vikør 2007:74 og Dyvik 2003:30).

Vi er no komne til det viktige spørsmålet om kor vidt ei føreskriven norm er valid dersom ho ikkje er internalisert i dei einskilde språkbrukarane i eit språksamfunn og

dermed er operativ i dette samfunnet. Ovanfor såg vi at Raz (1975:126) sette opp to kriterium for at eit føreskrive lovsystem skal vere valide lover i eit samfunn:

A legal system is the law of a community if, and only if, it is generally conformed to by the norm subject of the law, and the officials set up by the laws of the system endorse them and follow them.

Bartsch (1987:83f) går god for at det same gjeld for språklege normer, og presiserer:

A norm concept *N* exists for a population *P* as a norm if *N* regulates behavior in *P*, ie if it is a practice in *P*. Existence of *N* as a praxis is ‘existence of *N* in a narrow sense’. If the population has an external attitude towards the norm concept, ie follows it only under pressure, it exists for them merely as a prescription. If the population has internalized the norm concept, ie uses it without external pressure as a guide for behavior and correction, it exists for them as a real norm. (...) A norm concept *N* is valid for a population *P* as a norm if and only if the members of *P* are justified in referring to *N* as the reason for certain behavior, and as reason for criticizing behavior deviating from *N*. That is, validity of a norm justifies certain conduct. Validity of *N*, and with that the conduct according to *N*, is backed up by norm authorities and norm enforcers. (Bartsch 1987:177f)

Vi kan merke oss at både Vannebo, Dyvik og Vikør stiller seg bak det første kriteriet til Raz og Bartsch:

En fastsatt språknorm vil f.eks. måtte korrespondere med en internalisert språknorm for overhodet å fungere som norm, ikke bare som påbud. Hvis dette ikke var tilfellet, ville vi få en slags logisk contradictio. (Vannebo 1980:10)

Hvis en samling føreskrevne normer ikke er blitt til gjennom lydhør regulering av operative normer, men f.eks. inngår i et program for å skape en ny varietet, så eksisterer ikke denne nye varietet bare fordi normene er formulert. (Dyvik 2003:31)

Dersom ein normeringsinstans prøver å fastsette ei norm som ikkje blir akseptert av noen, eller berre av ganske få, så vil ikkje denne norma kunne fungere som norm i det heile tatt – det blir ei påbod og berre det. (Vikør 2007:75)

Det andre validitetskriteriet som Bartsch (1987:83, 178) stiller til føreskrivne, offisielle normer, er at dei må vere formulerte og sanksjonerte av institusjonar for språkplanlegging og språkkultivering, noko også Røyneland (2016:91) understrekar. Det er eit lite kontroversielt kriterium, men det er altså slett ikkje eit tilstrekkeleg kriterium. Tvert imot synest det å vere brei semje om språkplanleggingsprinsippet til Haugen (1966:24) om at det er avgjerande viktig at det offisielle normeringsorganet og dei politiske makthavarane i samfunnet utformar dei føreskrivne normene i samsvar med dei internaliserte og operative normene som ligg nedfelte i det språksamfunnet dei skal gjelde for. Røyneland (2016:87, 91) poengterer også at «a reform proposal needs

to be acknowledged as *legitimate* by its users», og understrekar at samnorskpolitikken slo feil nettopp på grunn av sterk motstand frå språkbrukarane. Dyvik (2003) syner heilt eksplisitt kor gale det kan gå når den offisielt føreskrivne norma ikkje er i samsvar med den operative norma, same kor sterkt forankra den føreskrivne norma er hjå dei politiske makthavarane og same kor iherdig ein freistar å gjennomføre den. Dømet som Dyvik (2003:35) trekkjer fram, er den situasjonen som oppstod etter at 1938-rettskrivinga blei freista innført for bokmål:

Reformatorene trodde at man kunne eliminere en tradisjonell operativ norm gjennom å forsterke *bør*-utsagn til *skal*-utsagn om en fragmentarisk og diffus preskriptiv norm de selv hadde konstruert. De tok ikke tilstrekkelig hensyn til at språkbrukerne hverken etterspør *bør*- eller *skal*-utsagn, men troverdige *er*-utsagn om operativ norm.

Dyvik (2003:36) viser vidare korleis mangelen på samsvar mellom den offisielt føreskrivne norma og den operative norma skapte ein sterk etterspurnad etter ikkje-offisiell normering. Resultatet av dette kan for det første vere at ein får unødig snevre (og i dette tilfellet konservative) uoffisielle normer, og for det andre at det offisielle normeringsorganet står i fare for å misse autoriteten sin.

Vi har også sett korleis den store valfridomen innanfor nynorsk har skapt stor uvisse om kva som er innanfor og utanfor norma mellom svært mange nynorskbrukarar (sjå til dømes Akselberg 1999, Omdal 2003, Fretland 2009), noko som kan ha vore ei medverkande årsak til den store tilbakegangen som nynorsken har hatt dei seinare tiåra, og som har ført til at fleire (sjå til dømes Fretland 2009 og Vikør 2009) har teke til orde for at ein byggjer framtidig normering på «den nynorsken som faktisk er i bruk» (Fretland 2009:242). Med dette meiner eg å ha grunngjeve at det er avgjeraende viktig for språket at det offisielle normeringsorganet og dei politiske makthavarane i samfunnet utformar dei føreskrivne normene i samsvar med dei internaliserte og operative normene som ligg nedfelte i det språksamfunnet dei skal gjelde for. Det synest altså det offisielle normeringsorganet i Noreg no også å ville (Språkrådet 2015:12). Dersom ein går ut frå at det er semje om dette, tvingar det seg fram eit nytt spørsmål, nemleg spørsmålet om *kva for nokre* internaliserte og operative normer som skal danne grunnlaget for dei føreskrivne normene. For som ikkje minst William Labov (1972:203) peikar på i sin kritikk av Chomsky (1965:3), finst det nemleg ikkje

éi homogen norm innanfor eit gjeve språksamfunn. Tvert imot vil det innanfor eit språksamfunn vanlegvis eksistere fleire ulike varietetar og variantar. Det gjeld i høg grad innanfor både den talte og den skrivne delen av det vi kan kalle det nynorske språksamfunnet, noko ikkje minst Sandøy (2005:95) understrekar.

3.3 Normgrunnlag

Spørsmålet som vil bli drøfta her, soknar til den delen av språkplanlegginga som Haugen (1966:18) har kalla «selection of norm». Vikør (2007:106) kallar det «val av normgrunnlag» og skriv at det handlar om å velje ut kva for ein varietet eller kva for varietetar av eit språk som skal vere objekt for sjølve kodifiseringa av forma, dvs. språknormeringa. Vi har sett at normgrunnlaget for det opphavelige landsmålet til Ivar Aasen var norske dialektar slik dei låg føre kring midten av 1800-talet, som han heldt opp mot norrønt, samstundes som han såg til dansk og svensk skriftradisjon. Vi har også sett at ulike sosiopolitiske omstende førte til at tilnærming til bokmålet og omsynet til ulike folkemålsformer blei berande premissleverandørar for den vidare normeringa av det nynorske skriftspråket i det 20. hundreåret. Men som vi også har sett, er tilnærningslinja ikkje lenger ein del av offisiell norsk språkpolitikk, der det no heiter at «nynorsken skal normerast på sjølvstendig grunnlag» (Språkrådet 2015:15). Spørsmålet som skal stå i sentrum her, er såleis kva som heilt konkret bør vere det empiriske normgrunnlaget for det nynorske skriftspråket i tiåra som kjem. Nokre argumenterer for at grunnlaget bør vere samansett av eit breiast mogeleg utval av talemålsformer og skriftspråkleg praksis, medan andre argumenterer for at grunnlaget bør vere ein noko smalare skriftspråkleg praksis.

I ein situasjon med fleire kryssande normer innanfor eit språksamfunn står ein, som Vannebo (1980:20) skriv, overfor fleire mogelege alternativ som «spenner fra å godta en rekke ulike konkurrerende normer innenfor det offisielle språk, til å velge ut en enkelt normvariant som får status som selve normen.» Han åtvarar mot det siste på prinsipielt grunnlag:

Men prinsipielt er det grunn til å understreke at ved enhver *offisiell* norm-fastsettelse, der én språklig variant velges på bekostning av andre, vil selve fastsettelsen representere ei politisk handling som i siste instans berører maktforholdet i vedkommende samfunn. For gjennom å fastsette én variant som norm, blir brukerne av denne varianten favoriserte som normbærere. De får, som Haugen (1966:15) uttrykker det, «en tjuvstart i kappløpet om makt og posisjon.»

Det er tvillaust slik at ein innanfor det ein kan kalle det nynorske språksamfunnet også i dag, har fleire kryssande normer, og at dersom ein vel éi og berre éi av dei, så vil nokre brukarar bli favoriserte, medan andre vil kjenne seg diskriminerte. Det gjeld både dersom ein legg talemålet i til dømes Bykle til grunn, og dersom ein legg det som er gjeldande husnorm i til dømes Sogn Avis til grunn. Av den grunn er det nok også temmeleg brei semje om at ein ikkje bør leggje eitt bestemt talemål eller éin bestemt skriftspråksvarietet til grunn for normeringa av det nynorske skriftspråket. Eg har iallfall ikkje sett nokon som har argumentert for eit slikt syn i moderne tid, kan hende med unntak av tilhengarane av høgnorsk. Derimot har vi sett at det andre ytterpunktet som Vannebo viser til, har vore praktisert som offisiell norsk språkpolitikk gjennom heile det 20. hundreåret. Sjølv har eg rekna med at den eksepsjonelt store valfridomen som blei innført i dei offisielle normalane utetter 1900-talet, var eit resultat av naudsynlege kompromissløysingar som eigentleg var uønskte og tenkt på som mellombelse hjå strategane bak samnorskprosjektet. Wiggen (1997:11), som rett nok snakkar spesifikt om normeringa av bokmål, argumenterer derimot for at den store og mangelslunkne valfridomen er eit resultat av ein ideologisk ønska politikk, og at den bør stå ved lag:

Og hver gang valget har stått mellom de nasjonale, sosiale og pedagogiske omsyna jeg har nevnt her, og ønsket om å begrense valgfriheta, har samfunnet valgt det første. Jeg ser ingen grunn til at det bør vere annerledes nå. Ensretting og marsj i takt har aldri vært et gode, verken pedagogisk, sosialt eller nasjonalt.

Ifølgje Sandøy (2005:93) hadde strategane bak samnorskprosjektet det han kallar eit konstruktivistisk syn på skriftspråket. Det innebar mellom anna at dei gjekk ut frå at dei kunne *skape* ein skriftspråksnormal «paa grundlag av folkets virkelige talesprog», sjølv om også dei synest å ha innsett at det var visse krefter i språket sjølv som dei ikkje rådde over. Sandøy (op.cit.) synest sjølv å ha det same konstruktivistiske synet på skriftspråket som dei nemnde strategane: «Det finst altså eit ‘handlingsrom’ som ein kan konstruere språket innanfor.» I forlenginga av dette argumenterer også

Sandøy (2005:96f) sterkt for at valfridomen skal bli oppretthalden og jamvel bli utvida, og at normeringa bør skje på eit breiast mogeleg grunnlag, inkludert det han synest å meine skal vere flest mogelege talemålsvariantar:

Studerer vi internaliserte normer i norsk, må vi studere alt som blir brukt og rekna somnorsk. (...) Stenger ein ute dette breie studieperspektivet og avgrensar seg bare til å beskrive det konvergerte språket, definerer ein seg bort frå dei politiske sidene ved språket.

Dyvik forkastar (2003:35f) tanken om at det er mogeleg å drive denne typen konstruktivistisk språknormering som går på tvers av dei operative normene – og viser både til den manglande viljen den jamne språkbrukaren hadde til å akseptere samnorskformene og til den private normeringa som oppstod i avisredaksjonar og forlag som motreaksjon til samnorskprosjektet. I staden argumenterer Dyvik (2009:110) for at normeringa i den postsamnorske æra «må ha form av en nennsom regulering av *skriftspråket slik det faktisk ser ut.*» Ein slik argumentasjon, som viser til at ein i språknormeringa må ta utgangspunkt i at «språket er som det er», representerer det som Sandøy (2005:93) omtalar som eit essensialistisk språksyn. Til skilnad frå Sandøy (2005:94), som avviser at det eksisterer eit prinsipielt skilje mellom skrift og tale, argumenterer Dyvik (2009:113) for at skriftspråk er sjølvstendige, naturlege språk, og at det er dei operative normene i skriftspråket som må danne grunnlaget for dei føreskrivne normene. Når det er sagt, understrekar også Dyvik (2009:116) at det innanfor eit språksamfunn vanlegvis ikkje eksisterer éi homogen, operativ skriftnorm, men fleire. Men medan Sandøy etter denne erkjenninga konkluderer med at den offisielle norma må basere seg på eit breiast mogeleg utval av det han kallar dei internaliserte talemåls- og skriftspråksnormene, trekkjer Dyvik (2009:113, 119) den motsette konklusjonen:

Dette språksamfunnet har stor geografisk og sosial spredning, og det har uunngåelig en hierarkisk struktur som følger av at noen leser og skriver betydelig mer enn andre, og av at noen leses av adskillig flere enn andre. Dette fører til den kanskje udemokratiske, men likevel uomgjengelige konklusjon at ikke alle medlemmer av skriftspråkets språksamfunn er like sentrale bærere av skriftspråkets operative normer. (...) Språknormering i den postsamnorske æra bør dermed ta utgangspunkt i observasjon av utviklingstendenser i det eksisterende skriftspråket, altså operativ norm. I en slik observasjon er det uungåelig at tekster sorteres etter utbredelse, innflytelse og kvalitet.

Vi ser her korleis Dyvik argumenterer for at normgrunnlaget ikkje berre bør vere avgrensa til å gjelde skriftspråket, men også til å i første rekkje gjelde tekstar skrivne

av skribentar med etter måten brei og solid skriftkompetanse – slik ein kan tenke seg å finne til dømes i aviser, fag- og skjønnlitteratur og på offisielle nettstader, men kanskje ikkje i eksamenssvar frå skulen og iallfall ikkje i uformelle pratekanalar på nettet eller tekstmeldingar på mobiltelefonen.

Sandøy (2005:99) argumenterer for at den typen destandardisert, dialektnær skriving som ungdommen brukar i SMS-språket, er eit gode, og viser til Skog, som i eit intervju i Bergens Tidende (3.12.03) konkluderer med at «Bruken av dialekt i tekstmeldinger kan (...) ses som et uttrykk for språklig bevissthet.» I forlenginga av dette hevdar Sandøy (2009:222f) at praksisen til ungdommen med massiv dialektnær skriving på SMS og på nettet ikkje synest å gå utover deira evne til å skrive korrekt, normert norsk i andre samanhengar. Det *kan* han ha rett i, men han kan også ta feil, for etter det eg kjenner til, føreligg det per i dag ingen studiar som dokumenterer denne påstanden. Det som etter mitt syn iallfall er klart, og som er det viktige i denne samanhengen, er at ein ikkje under noko omstende bør trekkje denne typen tekstar inn i normgrunnlaget for dei offisielt føreskrivne normene for det nynorske skriftspråket. Dette vil nemleg føre til at tekstar produserte av språkbrukarar som kanskje ikkje kjenner til, og i desse samanhengane iallfall ikkje tek omsyn til, gjeldande norm, blir premissleverandørar nettopp for den offisielle skriftspråksnorma. At destandardisert, dialektnær skriving i uformelle samanhengar kan ha visse identitetsskapande føremoner, vil eg ikkje gå imot, men ikkje dess mindre har samfunnet behov for eit standardisert skriftspråk med klare og tydelege normer basert på dei operative normene som eksisterer i den etablerte skriftkulturen.

Samstundes er det klart at ei for sterk innsnevring av normgrunnlaget, der ein til dømes berre baserer norma på tekstar produserte av det ein kan kalle kultureliten, vil kunne føre til at ein endar opp med eit elitistisk språk som den jamne språkbrukaren kjenner seg framand i, noko mellom andre Vikør (1980:255) har peika på. Sandøy (2009:218f), som også er sterkt kritisk til normering basert på eliten sitt språk, trekkjer fram eit i og for seg skremmande døme på kor ille den sosiale undertrykkinga kan bli når eliten får definisjonsmakta over språket. Men det dømet er henta frå England, som påviseleg har ein heilt annan (for ikkje å seie stikk motsett) tradisjon enn Noreg når det

kjem til språkleg mangfald og toleranse. Det har også kome skuldingar om at den offentlege tyske normeringa baserer seg på normsynet til den elitegruppa som normerer, noko som fekk lingvisten Heringer (1980) til å skrive artikkelen «Normen? Ja, aber meine!», der han argumenterer for at einskildindividet bør få fridom til å velje sine eigne normer.

Når Sandøy (2009:219) kritiserer denne typen elitistisk språksyn, stiller eg meg utan vidare drøfting bak han, men når han hevdar at vi i grunnen har den same typen førestillingar i Noreg, meiner eg han går altfor langt. Derimot vil eg gje Sandøy (2005, 2009) rett i at det er nær samanheng mellom makt og norm. Eit godt døme på det har vi jo nettopp sett ved at makthavarane bak samnorskpolitikken tvinga gjennom 1938-reforma, mot det store folkefleirtalet sin vilje. Men sidan Sandøy (2005:99ff) synest å vere samd i den maktutøvinga som blei utøvd den gongen, er det ikkje den han kritiserer, men tvert imot den makta som dei private aktørane i presse og forlag utøvde ved å innføre sine eigne husnormer i kjølvatnet av den nemnde reforma. Sjølv ser eg det også som uheldig og problematisk at tunge, private aktørar dannar sine eigne, snevre normer som delvis er i strid med dei offisielle normene. Men Sandøy synest å gløyme kva som var bakgrunnen for den etter måten vidtfemnande private normeringa i etterkrigstida, nemleg ei alt for vid og mangslungen 1938-rettskriving, som var i utakt med dei operative normene i språksamfunnet. Derfor vil eg halde fram med å argumentere for at samfunnet har behov for eit standardisert skriftspråk med klare og tydelege normer basert på dei operative normene som eksisterer i den etablerte skriftkulturen. Dyvik (2009:118) er også samd i at det er ein nær samanheng mellom makt og norm, og skriv at «det er ingen tvil om at de store tekstprodusentene har normeringsmakt, og at deres maktutøvelse også har sosiokulturelle sider.» Det faktumet må ein ta høgde for når ein vel kva som skal vere normgrunnlaget for offisiell skriftspråksnormering. Dersom normgrunnlaget utelukkande baserer seg på tekstar som er skrivne av det som kan bli karakterisert som makteliten, har Sandøy (2005:95) rett i at ein står i fare for at normeringa berre vil skje på bakgrunn «det konvergente språket». Derfor må ein byggje normgrunnlaget på eit stort og breitt samansett utval av tekstar, noko eg meiner å ha gjort i denne studien.

Det at ein absolutt bør vere merksam på dette tilhøvet mellom makt og norm, er likevel ikkje det same som at ein nær sagt skal opne opp for alle mogeleg språklege variantar i skriftspråksnormeringa. Dyvik (op.cit.) held fram at alternativet til Sandøy eigentleg representerer «fravær av norm». Sandøy (2009:225) nektar for å ha dette synet, men slik eg les han, ønskjer han i allfall å gå svært langt når det gjeld å opne opp for flest mogeleg talemålsformer og flest mogeleg skriftspråkspraksisar som grunnlag for den offisielle skriftspråksnormeringa og for ei svært liberal normering i det heile (Sandøy 2013:135). Walton (2015:31f) går jamvel lenger, idet han viser til korleis dialektnære, nynorskliknande skriftspråksvariantar blømer i «den elektroniske skrifta som no blir praktisert i enorm utstrekning av både ungdomar og andre» og argumenterer for at det med det er «på tide å erklære målstriden for vunnen, og all norsk skrift utanfor den tronge bokmålsnormalen for nynorsk.» Ved å følgje ein slik strategi er det stor fare for at ein hamnar i den andre grøfta, og endar opp med ei anna form for elitespråk, nemleg eit som har så stor valfridom at berre eit lite mindretal av språkbrukarane er i stand til å skilje mellom tillatne og ikkje-tillatne former, og endå færre har kompetanse om kva for former som høyrer i hop innanfor dei operative normene som ligg nedfelte i språksamfunnet, noko mellom andre Vikør (2009:277) har peika på. Det er etter kvart godt dokumentert at den store valfridomen som har vore og framleis er innanfor nynorsk, skaper store vanskar for dei fleste av dei som faktisk skal bruke språket. Til dømes utførte Omdal (2003:226) ein studie som synte at sjølv ikkje studentar på nordisk grunnfag var kjende med den store valfridomen i dei då gjeldande normene for bokmål og nynorsk: «Manglende kunnskap om språknormene kom derfor fram dels ved at studentene ikke korrigerte former som ikke var tillatt i rettskrivinga, dels ved at de retta former som var tillatt.» Sandøy (2009:221) repliserer at denne studien ikkje viser i kva grad studentane sjølve er i stand til å skrive korrekt, men berre at dei har manglande kunnskap om detaljar i valfridomen, noko forresten Omdal sjølv presiserer. Til det vil eg seie at sidan norskstudentar gjerne endar opp som til dømes norsklærarar, vil det jo bli naudsynleg for mange av dei å ha inngåande kjennskap til denne valfridomen. Akselberg (1999) finn dessutan at også mange lærarar slit med å skilje mellom tillatne og ikkje-tillatne former i nynorsk. Rudningen (1999) syner at ein vesentleg del av nynorskbrukarane som konverterer til bokmål, grunngjев skiftet med

usikkerheit om norma og valfridomen. Etter ei granskning av nynorskkompetansen mellom norske lærarstudentar, trekkjer Fretland (2009:140) den konklusjonen at «sjølv røynde nynorskbrukarar har problem med å skrive feilfri nynorsk.» Dette blir stadfesta i ei fersk granskning utført av Mehlum (2016), som har undersøkt kjennskap og haldningar til valfridomen i nynorsknorma hjå lærarstudentar med nynorskbakgrunn, og i ei granskning av Fiskerstrand (2008), som har undersøkt den internaliserte nynorsknormalen hjå elevar i den vidaregåande skulen med nynorsk som hovudmål. Den erfarne språkkonsulenten Tønnessen (2009:245ff) skriv at jamvel høgt utdanna og erfarne skribentar har problem med å meistre den omfattande valfridomen: «Det ser ut til at det berre er ein språkskolert elite som har glede av valfridomen som skulle vera for folk flest», og trekkjer den konklusjonen at «det er vanskeleg å vera norsk språkbrukar.» På bakgrunn av denne erkjenninga har fleire (sjå til dømes Fretland 2009, Vikør 2009 og Røyneland 2016:100) teke til orde for at ein byggjer framtidig normering på ei strammare linje i retning av den tidlegare nemnte midtlinjenynorsken, som ligg «ein stad midt mellom det mest radikale og det mest konservative» (Vikør 2009:279f), og som er den «klårt sterkeste representanten for den nynorsken som faktisk er i bruk» (Fretland 2009:242).

Med dette har eg argumentert for at det er den operative norma slik den nedfeller seg i nyare nynorske tekstar skrivne av skribentar med etter måten brei og solid skriftleg kompetanse, som bør vere det berande empiriske normgrunnlaget for det nynorske skriftspråket i tiåra som kjem. Slik eg vurderer det, er dette synet også samanfallande med gjeldande offisiell norsk språkpolitikk slik det går fram av *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk* (Språkrådet 2015:12): «Det vesentlege grunnlaget for normering av nynorsk skriftspråk er språket slik det ser ut i nynorsk tekst, med særleg vekt på tekstar som blir vurderte som normdannande.» På denne bakgrunn har eg i denne studien lagt til grunn eit omfattande og breitt samansett utval av tekstar skrivne av det ein kan rekne med er kompetente nynorskbrukarar, og tek med det sikte på å syne fram dei operative normene som eksisterer i det ein kan karakterisere som nyare normdannande nynorsk skriftkultur.

4. Materiale

Hovuddelen av denne avhandlinga baserer seg på ein korpuslingvistisk studie. Vi kjem attende til ei nærmare utgreiing om kva som kjenneteiknar slike studiar i kapittel 5 «Metode». I kapittel 4.1 gjer eg berre kort greie for kva som kjenneteiknar korpuslingvistiske studiar med omsyn til utval og tilrettelegging av korpus, samstundes som eg på bakgrunn av drøftinga ovanfor om kva som bør vere normgrunnlaget for det nynorske skriftspråket, gjer greie for og grunngje utvalet av nynorske tekstar som dannar det empiriske grunnlaget for denne studien. I kapittel 4.2 gjer eg greie for og grunngje utvalet av språklege variablar som er granska i studien.

4.1 Val av tekstar

Felles for all korpuslingvistikk er at ein granskar maskin-lesbare tekstar som er så store at det ikkje er praktisk mogeleg å analysere dei via manuelle metodar. McEnery og Hardie (2012:6) trekkjer opp eit skilje mellom «corpus-based» og «corpus-driven» studiar, der førstnemnde er kjenneteikna av at ein brukar korpus til å teste førehandsutvikla teoriar, hypotesar eller eit sett av forskingsspørsmål, medan sistnemnde er kjenneteikna av at ein brukar sjølve korpuset til å utvikle hypotesar om språket, og argumenterer for at den korpusbaserte, hypotetisk-deduktive metoden er å føretrekkje framfor den korpusdrivne, induktive metoden. McEnery og Hardie (2012:2) poengterer vidare at det ved ein kvar korpusbasert studie er avgjerande viktig at korpuset er veltilpassa dei forskingsspørsmåla ein stiller. I denne studien har eg brukt ei korpusbasert, hypotetisk-deduktiv tilnærming, og i det følgjande gjer eg greie for korpuset som ligg til grunn for studien med omsyn til dette med storleik på korpus og tilpassing av korpus i høve til hypotesane og forskingsspørsmåla som blir stilte.

Før eg skulle gjennomføre min hovudstudie valde eg som nemnt i innleiinga å gjennomføre ein pilotstudie for å sjå om metoden som eg tenkte å bruke, kunne gje valide, reliable og lingvistisk interessante funn. I denne piloten tok eg utgangspunkt i

Norsk aviskorpus og den tekstinndelinga som Dyvik (2012:3) la til grunn for den tidlegare nemnde pilotstudien som han gjorde. Norsk aviskorpus (aviser.uib.no) er eit digitalisert korpus som inneholder faktiske tekstar frå eit stort tal aviser, der ein ut frå ulike innfallsvinklar mellom anna kan granske førekomensten av ulike språklege former. Min del av korpuset var basert på nettutgåvane av seks nynorske aviser i det første tiåret av 2000-talet. To av avisene, *Bergens Tidende* og *Klassekampen*, hadde artiklar både på nynorsk og på bokmål, men eg såg berre på dei nynorske artiklane i dei. Avisene som blei granska, var:

Bergens Tidende, som er ei dagsavis for Vestlandet med tilhald i Bergen

Dag og Tid, som er ei nasjonal vekesavis med tilhald i Oslo

Hallingdølen, som er ei lokal tredagarsavis med tilhald i Ål i Hallingdal

Klassekampen, som er ei nasjonal dagsavis med tilhald i Oslo

Nasjonen, som er ei nasjonal dagsavis med tilhald i Oslo

Sogn Avis, som er ei lokal dagsavis med tilhald i Leikanger i Sogn

Datagrunnlaget i den einskilde avisartikkelen er for lite til at ein kan gjennomføre ei statistisk påliteleg jamføring av språkbruken artiklar i mellom. Derfor var det viktig å definere eit adekvat tekstromgrep. Dei to mest avgjerande kriteria for kva for formval som var gjorde, var venteleg skribenten og avis han eller ho skreiv i. På denne bakgrunn blei ein ‘tekst’ definert som summen av det ein gjeven skribent hadde skrive i ei gjeven avis i det nemnde tidsrommet. For kvar av dei seks avisene blei dei 20 mest produktive skribentane trekte ut, noko som til saman gav 120 tekstar med til saman 10 millionar løpeord. Ved å granske berre dei ‘tekstane’ som dei 20 meste produktive skribentane i kvar avis hadde skrive, minimerer ein metodeproblem knytt til det at språklege variablar frå til dømes likelydande NTB- eller NPK-meldingar blir talde fleire gonger i korpuset.

Språket som ein finn i så pass ulike aviser som er med i dette utvalet, kan samla sett seiast å danne eit etter måten representativt bilet av dei språklege vala som kompetente nynorskskribentar gjer, og dermed eit nokså representativt bilet av kva for skriftsspråkspraksis som møter den jamne nynorskbrukaren. Men ei mogeleg

metodisk innvending mot å bruke eit slikt ususprinsipp som grunnlag for normeringa som m.a. Helge Sandøy (2005:100f) har peika på, er at avisinterne språklege retningslinjer kan leggje sterke føringar på skribentane, slik at dei reelle språklege vala deira blir innskrenka. For å kartlegge dette sende eg e-brev til redaktørane i kvar av dei seks avisene der eg spurde kva for eventuelle interne språklege retningslinjer som låg til grunn i dei ulike avisredaksjonane i den perioden materialet er henta frå. Eit nokså gjennomgåande svar var at skribentane stort sett fekk bruke den nynorsken dei ville, gjeve at dei heldt seg innanfor gjeldande norm, dvs. den vide 1959-normalen (og ikkje læreboknormalen) med tilhøyrande mindre endringar fram til og med 2010. Av dei granska avisene var det berre Sogn Avis og til ein viss grad Nationen som skilde seg ut med meir spesifikke husnormer, Sogn Avis ved at journalistane måtte bruke a-infinitiv og forma *me* i 1. person eintal av personleg pronomen; Nationen ved at journalistane måtte halde seg til norma til Nynorsk Pressekontor (jf. Vedlegg 1). Det kan dessutan hevdast at dei skriftspråksformene som nedfeller seg i avistekstar, dannar grunnlaget for dei operative normene i språksamfunnet *uavhengig* av om dei har kome til som eit resultat av ei viss avisintern normering, då det er desse formene lesarane de facto møter.

Resultatet av den nemnde pilotstudien min er presenterte i artikkelen «Tilhøvet mellom nynorsk normering og nynorsk språkbruk – ein statistisk studie av språkbruken i norske aviser» (Helset 2015). Trass i at eg meiner at det er belegg for å hevde at pilotstudien gav etter måten valide, reliable og lingvistisk interessante funn, er det klart at tekstar som utelukkande er henta frå aviser, ikkje dannar eit tilstrekkeleg normgrunnlag for det nynorske skriftspråket. Derfor tok eg også sikte på å skaffe til veges eit langt større og breiare samansett tekstkorpus som grunnlag for hovudstudien. Det blei oppretta dialog med Norsk Ordbok 2014 med tanke på å få tilgang til delar av det store digitaliserte nynorsk tekstkorpuset som finst der. Den dåverande direktøren, Åse Wetås, stilte seg positiv til førespurnaden. Etter å ha sett meg inn kva for type tekstar som fanst i korpuset, kunne eg utarbeide ein spesifikasjon over kva for type tekstar eg var interessert i. Spesifikasjonen vart utarbeidd med tanke på å få med eit så stort og breitt korpus som mogeleg av det ein kan karakterisere som normberande nynorske tekstar i tidsrommet 1980-2010, og lydde slik: «Det er ønskeleg at utvalet

kjem frå eit variert materiale med omsyn til sjanger, forlag og andre, ytre faktorar og består av tidsskriftartiklar, skjønnlitterære tekstar, fagboktekstar, læreboktekstar og tekstar frå offentleg målbruk (slik som Stortings- og Odelstingsproposisjonar, Stortings-meldingar, nettstader til kommunar og fylkeskommunar.)»

På bakgrunn av denne spesifikasjonen utarbeidde datalingvisten Daniel Ridings, som då var knytt til NO 2014, ei samling av om lag 700 aktuelle tekstar. Desse blei sendt over til Knut Hofland ved Uni Research Computing AS, som strukturerte dei i eit Excel-ark. Etter eit omfattande samarbeid mellom Hofland og meg, der eg gjorde avvegingar med omsyn til minimumslengd og variasjon, stod vi til slutt att med 210 ulike tekstar beståande av til saman 11 millionar løpeord. Det var eit vesentleg poeng å få med ulike typar sjangrar frå det ein kan karakterisere som normberande tekstar med forventa stor lesarkrins. Slik blei det først plukka ut 34 romanar med nynorsk originalspråk; 6 romanar omsett til nynorsk; 31 fagbøker; 13 lærebøker; 13 lokalbøker; 11 biografiar; 9 barnebøker; 6 Stortingsmeldingar; 2 Stortingsproposisjonar; 4 Odelstingsproposisjonar; 1 drama; 4 novellesamlingar; 3 essaysamlingar; 2 ph.d-avhandlingar; 1 masteroppgåve; 2 årsrapportar; 2 artikkelsamlingar; 1 rettsdom; 1 hovudavtale og 8 offentlege nettstader (frå 4 fylkeskommunar og 4 kommunar med nynorsk som bruksmål). I tillegg blei det gjort eit uttrekk av dei 56 mest produktive artikkelforfattarane i Syn og Segn i perioden 1980-2010, der alle artiklane som kvar av desse forfattarane hadde skrive, blei slått saman til éin ‘tekst’. Skjønnlitteraturen og sakprosaen som er med i korpuset, er publisert på eitt breitt utval av ulike forlag. Likevel er ein relativt stor del av denne litteraturen, og artiklane frå Syn og Segn, publisert på Samlaget. Derfor valde eg å kartlegge husnormene for dette forlaget spesifikt (jf. Vedlegg 1). Vi kan elles merke oss at berre ein liten del av korpuset består av tekstar som er skrivne av skribentar som må halde seg innanfor læreboknormalen. Alt dette materialet blei lagt til dei ovanfor nemnde tekstane frå aviskorpuset, slik at eg då fekk eit samla korpus beståande av 330 tekstar med til saman 21 millionar løpeord. Av forståelege årsaker er det etter måten stor variasjon i talet på ord innanfor kvar av tekstane, slik at nokre tekstar vil telje meir enn andre, både når det gjeld absolutt frekvens og når det kjem til lokalisering av eventuelle normklynger, noko som er uunngåeleg dersom ein skal femne om eit breitt spekter av ulike typar tekstar.

På bakgrunn av drøftinga i kapittel 3.3 og utgreiinga i kapittel 4.1, meiner eg det er belegg for å hevde at datamaterialet som ligg til grunn for denne studien, samla sett gjev eit nokså representativt bilet av språklege val mellom kompetente skribentar innanfor nyare nynorsk skriftkultur, og dermed stettar kravet som vi såg at McEnery og Hardie (2012:2) stiller til samanheng mellom forskingsspørsmål og korpus. Ved å bruke eit så stort og samansett korpus vil ein kunne syne frekvens og samvariasjon mellom alle tillatne former i faktiske tekstar, og slik kunne lokalisere eventuelle normklynger i skriftspråket, noko som er relevant ved framtidig normfastsetting.

4.2 Val av språklege variablar

Det har altså vore stor og skiftande valfridom innanfor det nynorske skriftspråket (Røyneland 2013:56 og 2016:88).⁵ Sidan dei nemnde tekstane var produserte mellom 1980 og 2010, har eg i denne studien valt å rette søkjelyset mot eit utval av språklege variablar som hadde to eller fleire alternative skrivemåtar innanfor den vide rettskrivinga som var gjeldande fram til reforma i 2012. Då eg i starten av prosjektet skulle utforme ei liste over kva for språklege variablar som skulle vere med i studien, tok eg utgangspunkt i den tidlegare nemnde «Innstilling til ny rettskriving for 2000-talet» (Språkrådet 2011). Sidan nynorsknemnda skulle kome med framlegg til ny rettskriving, tek innstillinga føre seg *alle* språklege variablar som kunne ha variasjon i den gamle normalen. I min studie, der hovudsiktemålet er å kartleggje eventuelle normklynger i korpuset, er det verken føremålstenleg eller realistisk å ta med absolutte alle variablar som hadde valfridom i den gamle normalen. Derimot fann eg det

⁵ Ei granskning av om lag 100 000 lemma frå Nynorskordboka syner at 52 % av dei hadde to eller fleire valfrie bøyingsformer i rettskrivinga som gjaldt fram til 2012, medan 32 % av dei hadde to eller fleire valfrie stavemåtar. I den nye rettskrivinga frå 2012 er delen av lemma med valfrie bøyingsformer redusert til 16 %, medan delen av lemma med valfrie stavemåtar er redusert til 26 % (Nynodata As 2017).

føremålstenleg å følgje det same mønsteret som innstillinga, men då slik at eg gjorde eit utval innanfor kvar av dei gruppene av variablar som er å finne i den. På dette viset tenkte eg det ville vere mogeleg å avdekkje eventuelle normklynger på tvers av tekstane i materialet. Slik enda eg då opp med ei liste med til saman 216 språklege variablar som hadde to eller fleire alternative skrivemåtar i den gamle norma, som eg ynskte å granske førekomstane av i korpuset. Av desse var det 95 som gjaldt lydverket og 105 som gjaldt formverket. I samband med den ovanfor nemnde pilotstudien (Helset 2015) valde eg på bakgrunn av min eigen intuisjon også ut 8 språklege variablar som har presumptivt radikale variantar og 8 språklege variablar som har presumptivt konservative variantar.⁶ På denne bakgrunn enda eg opp med følgjande variablar:

Nokre utvalde språklege variablar som presumptivt har særleg radikale variantar

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>berre</i> adv.	<i>bare</i>	<i>berre</i>
<i>da/då</i> adv.		<i>da/då</i>
<i>gjera/e</i> v.	<i>gjøra/e</i>	<i>gjera/e</i>
<i>høra/e / høyra/e</i> v.	<i>kløyvd</i>	<i>høyra/e (høyre kløyvd)</i>
<i>kjøra/e / køyra/e</i> v.	<i>kløyvd</i>	<i>køyra/e (køyre kløyvd)</i>
<i>no</i> adv.	<i>nå</i>	<i>no/nå</i>
<i>mykje</i> adj.	<i>mye</i>	<i>mykje</i>
<i>skole/skule</i> sub.m.		<i>skole/skule</i>

Nokre utvalde språklege variablar som presumptivt har særleg konservative variantar

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>fyrst/først</i> adv.		<i>fyrst/først</i>
<i>gammal</i> adj.	<i>gamal</i>	<i>gamal/gammal</i>
<i>sommar</i> sub.m.	<i>sumar</i>	<i>sommar/sumar</i>
<i>bygda</i> sub.f.	<i>bygdi</i>	<i>bygda</i>
<i>tida</i> sub.f.	<i>tid</i>	<i>tida</i>
<i>jenter</i> sub.f.	<i>jentor</i>	<i>jenter</i>
<i>han/honom</i> 3.per.s.m.obj.		<i>han</i>
<i>gir/gjev</i> v.		<i>gir/gjev</i>

⁶ Ved sida av å plukke ut variablar som eg rekna med inneheldt høvesvis radikale og konservative variantar, la eg i pilotstudien vekt på å granske variablar frå ulike ordklassar, samtundes som eg la vekt på å både få med variablar der valfridomen botna i ulike stavingar og variablar der valfridomen botna i ulike bøyinger.

Lydverket – Vokalisme

a/e

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>annan</i> det.dem.	<i>annen</i>	<i>annan</i>
<i>anten</i> konj.	<i>enten</i>	<i>anten/enten</i>
<i>berr</i> adj.	<i>bar</i>	<i>berr</i>
<i>hjarta/e</i> sub.n.	<i>hjerta/e</i>	<i>hjarta/e</i>
<i>jarn/jern</i> sub.n.		<i>jarn/jern</i>
<i>spanande/spennande</i> adj.		<i>spanande/spennande</i>

a/o

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>faldar/foldar</i> v.		<i>faldar/foldar</i>
<i>haldning/holdning</i> sub.f		<i>haldning</i>
<i>vald</i> sub.m.	<i>vold</i>	<i>vald</i>
<i>trapp</i> sub.f	<i>tröpp</i>	<i>trapp</i>

a/å

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>aleine/åleine</i> adv.		<i>aleine/åleine</i>
<i>måla/e</i> v.	<i>mala/e</i>	<i>måla/e</i>
<i>skap/skåp</i> sub.n.		<i>skap/skåp</i>

e/i

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>dessverre/diverre</i> adv.		<i>dessverre/diverre</i>
<i>leppe/lippe</i> sub.f.		<i>leppe</i>
<i>segla/e / sigla/e</i> v.		<i>segla/e / sigla/e</i>

e/æ

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>gjeta/e</i> v.	<i>gjæta/e</i>	<i>gjeta/e</i>
<i>samkvem</i> sub.n.	<i>samkvæme</i>	<i>samkvem</i>
<i>seter</i> sub.f.	<i>sæter</i>	<i>seter</i>

i/y

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>drikk/drykk</i> sub.m.		<i>drikk/drykk</i>
<i>klippa/e</i> v.	<i>klyppa/e</i>	<i>klippa/e</i>

jo/y

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>ljod/lyd</i> sub.m.		<i>ljod/lyd</i>
<i>ljos/lys</i> sub.n.		<i>ljos/lys</i>

o/u

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i> jul sub.f.</i>	<i>jol</i>	<i> jul/jol</i>
<i> stove/stue sub.f.</i>		<i> stove/stue</i>
<i> mogleg/mogeleg adj.</i>	<i>moglig/mogelig/mulig/muleg</i>	<i>mogleg/mogeleg</i>

o/ø

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i> hovding/høvding sub.m.</i>		<i> hovding/høvding</i>
<i> storkna/e / størkna/e v.</i>		<i> storkna/e / størkna/e</i>
<i> strok/strøk sub.n.</i>		<i> strok/strøk</i>

o/å

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i> så adv.</i>	<i> so</i>	<i> so/så</i>
<i> tola/e v.</i>	<i>tåla/e</i>	<i> tola/e</i>
<i> tolmod sub.n.</i>	<i>tålmod</i>	<i> tolmod</i>

u/y

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i> lukke/lykke sub.f.</i>		<i> lukke/lykke</i>
<i> skuld/skyld sub.f.</i>		<i> skuld/skyld</i>
<i> tynn adj.</i>	<i>tunn</i>	<i> tynn</i>

u/ø

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i> brunn/brønn sub.m.</i>		<i> brunn/brønn</i>
<i> sundag/søndag sub.m.</i>		<i> sundag/søndag</i>
<i> tørr adj.</i>	<i>turr</i>	<i> turr/tørr</i>

y/ju

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i> ljuga/e / lyga/e v.</i>		<i> ljuga/e / lyga/e</i>

y/ø

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i> først/først adv.</i>		<i> først/først</i>
<i> nykel/nøkkel sub.m.</i>		<i> nykel/nøkkel</i>
<i> syster sub.f.</i>	<i>søster</i>	<i> syster/søster</i>
<i> ynske/ønske sub.n.</i>		<i> ynske/ønske</i>

æ/o

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i> tjære/tjøre sub.m.</i>		<i> tjære/tjøre</i>

Lydverket - Diftong eller monoftong

au/o

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>flaum</i> sub.m.	<i>flom</i>	<i>flaum</i>
<i>jau/jo</i> int.		<i>jau/jo</i>

au/ø

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>draum</i> sub.m.	<i>drøm</i>	<i>draum</i>
<i>straum</i> sub.m.	<i>strøm</i>	<i>straum</i>
<i>naud/nød</i> sub.f.		<i>naud/nød</i>

ei/e

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>leist</i> sub.m.	<i>lest</i>	<i>leist/lest</i>
<i>peika/e</i> v.	<i>peka/e</i>	<i>peika/e</i>

øy/ø

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>døy</i> v.	<i>dø</i>	<i>døy</i>
<i>røyst/røst</i> sub.f.		<i>røyst</i>
<i>trøytt/trøtt</i> adj.		<i>trøytt</i>

Lydverket – Konsonantisme

k/kk

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>kika/e / kikka/e</i> v.		<i>kika/e / kikka/e</i>
<i>kjøken/kjøkken</i> sub.n.		<i>kjøken/kjøkken</i>
<i>lok/lokk</i> sub.m.		<i>lok/lokk</i>
<i>møk/møkk</i> sub.f.		<i>møk/møkk</i>
<i>slak/slakk</i> adj.		<i>slak/slakk</i>

m/mm

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>komma/e / komma/e</i> v.		<i>komma/e / komma/e</i>
<i>gammal</i> adj.	<i>gamal</i>	<i>gamal/gammal</i>
<i>sommar</i> sub.m.	<i>sumar</i>	<i>sommar/sumar</i>
<i>ungdomen/ungdommen</i> sub.m.		<i>ungdommen/ungdomen</i>

n/nn

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>bøn/bønn</i> sub.f.		<i>bøn/bønn</i>

<i>løn/lønn</i> sub.f.		<i>løn/lønn</i>
<i>mon/mønn</i> sub.m.		<i>mon/mønn</i>
<i>skjøn/skjønn</i> sub.n.		<i>skjøn/skjønn</i>
<i>ven/venn</i> sub.m.		<i>ven/venn</i>

t/tt

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>kjøt/kjøtt</i> sub.n.		<i>kjøt/kjøtt</i>
<i>sitja/e / sitta/e</i> v.		<i>sitja/e / sitta/e</i>
<i>skiten/skitten</i> adj.		<i>skiten/skitten</i>
<i>vit/vett</i> sub.n.		<i>vit/vett</i>

Annan konsonantvariasjon**d/0, g/0, v/0, k/0**

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>skar/skard</i> sub.n.		<i>skar/skard</i>
<i>tru/a/e / truga/e</i> v.		<i>tru/a/e / truga/e</i>
<i>trussel/trugsel</i> sub.m.		<i>trussel/trugsel</i>
<i>tue/tuve</i> sub.f.		<i>tue/tuve</i>
<i>noko</i> det.	<i>noe</i>	<i>noko</i>

j/0 etter g og k

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>byggja/e</i> v.	<i>bygga/e</i>	<i>bygga/e / byggja/e</i>
<i>følgja/e</i> v.	<i>fylgja/e</i>	<i>fylgja/e / følgja/e / følga/e</i>
<i>folgie</i> sub.n.	<i>fylgje</i>	<i>fylgje / følgje / folge</i>
<i>rekke</i> sub.f.	<i>rekke</i>	<i>rekke/rekke</i>
<i>tenkja/e</i> v.	<i>tenka/e</i>	<i>tenka/e / tenkja/e</i>
<i>ynskja/e / ønskja/e</i> v.		<i>ynskja/e / ynska/e ønskja/e / ønska/e</i>

Prefiks

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>foredrag/føredrag</i> sub.n.		<i>foredrag/føredrag</i>
<i>forelesa/e / førelesa/e</i> v.		<i>forelesa/e / førelesa/e</i>
<i>foreslå/føreslå</i> v.		<i>foreslå/føreslå</i>
<i>førebilete</i> sub.n.	<i>forbilde</i>	<i>førebilete/forbilde</i>
<i>formiddag/føremiddag</i> sub.m.		<i>formiddag/føremiddag</i>

Suffiks/andre samansetningsledd

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>framstelling/framstilling</i> sub.f.		<i>framstilling</i>
<i>førestelling</i> sub.f.		<i>førestilling</i>
<i>jamstelling/jamstilling</i> sub.f.		<i>jamstilling</i>

<i>likestelling/likestilling</i> sub.f.		<i>likestilling</i>
<i>framstella/e / framstilla/e</i> v.		<i>framstilla/e</i>
<i>jamstella/e / jamstilla/e</i> v.		<i>jamstilla/e</i>
<i>likestella/e / likestilla/e</i> v.		<i>likestilla/e</i>

Formverket – Substantiv

Hankjønnsord med tradisjonell hovedform på –er/-ene i fleirtal

Hovedform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>gjester</i>	<i>gjestar</i>	<i>gjestar/gjester</i>
<i>gjestene</i>	<i>gjestane</i>	<i>gjestane/gjestene</i>
<i>månader</i>	<i>månadar</i>	<i>månadar/månader</i>
<i>månadene</i>	<i>månadane</i>	<i>månadane/månadene</i>
<i>søknader</i>	<i>søknadar</i>	<i>søknadar/søknader</i>
<i>søknadene</i>	<i>søknadane</i>	<i>søknadane/søknadene</i>
<i>stader</i>	<i>stadar</i>	<i>stader/stadar</i>
<i>stadene</i>	<i>stadane</i>	<i>stadene/stadane</i>

Hokjønnsord med tradisjonell hovedform eller eineform på –ar/-ane i fleirtal

Hovedform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>elvar</i>	<i>elver</i>	<i>elvar/elver</i>
<i>elvane</i>	<i>elvene</i>	<i>elvane/elvene</i>
<i>helgar</i>	<i>helger</i>	<i>helgar/helger</i>
<i>helgane</i>	<i>helgene</i>	<i>helgane/helgene</i>
<i>myrar</i>	<i>myrer</i>	<i>myrar/myrer</i>
<i>myrane</i>	<i>myrene</i>	<i>myrane/myrene</i>
<i>kjerringar</i>		<i>kjerringar</i>
<i>kjerringane</i>		<i>kjerringane</i>

Bunden form eintal av sterke hokjønnsord

Hovedform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>boka</i>	<i>boki</i>	<i>boka</i>
<i>bygda</i>	<i>bygdi</i>	<i>bygda</i>
<i>handa</i>	<i>handi</i>	<i>handa</i>
<i>tida</i>	<i>tidi</i>	<i>tida</i>

Fleirtalsbøyning av svake hokjønnsord

Hovedform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>jenter</i>	<i>jentor</i>	<i>jenter</i>
<i>jentene</i>	<i>jentone</i>	<i>jentene</i>
<i>kvinner</i>	<i>kvinnor</i>	<i>kvinner</i>
<i>kvinnene</i>	<i>kvinnone</i>	<i>kvinnene</i>
<i>viser</i>	<i>visor</i>	<i>viser</i>
<i>visene</i>	<i>visone</i>	<i>visene</i>

Bunden form fleirtal av inkjekjønnsord

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>epla</i>	<i>epli</i>	<i>epla</i>
<i>husa</i>	<i>husi</i>	<i>husa</i>
<i>barn-barna / born-borna</i> n.	- <i>barni</i> / - <i>borni</i>	<i>barn-barna / born-borna</i>

Bunden form eintal av inkjekjønnsord på trykklett *-el*, *-en* og *-er*

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>fengselet/fengslet</i>		<i>fengselet</i>
<i>varselet/varslet</i>		<i>varselet</i>
<i>våpenet</i>		<i>våpenet</i>
<i>teateret/teatret</i>		<i>teateret</i>

Bunden form fleirtal av inkjekjønnsord på trykklett *-el*, *-en* og *-er*

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>fengsla</i>	<i>fengsli</i>	<i>fengsla</i>
<i>varsla</i>	<i>varsli</i>	<i>varsla</i>
<i>våpna</i>	<i>våpni</i>	<i>våpna</i>
<i>teatera/teatra</i>	<i>teateri/teatri</i>	<i>teatera</i>

Substantiv på *-vere/-vær(e)*

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>fråvere</i> f. / <i>fråvær(e)</i> n.		<i>fråvær(e)</i>
<i>nærvere</i> f. / <i>nærvær(e)</i> n.		<i>nærvær(e)</i>
<i>samvere</i> f. / <i>samvær(e)</i> n.		<i>samvær(e)</i>

Kjønn på nokre utvalde substantiv

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>bodskap</i> m.		<i>bodskap</i> m. / <i>bodskap</i> n.
<i>forfattarskap</i> m.		<i>forfattarskap</i> m. / <i>forfattarskap</i> n.
<i>slektsskap</i> m.		<i>slektsskap</i> m. / <i>slektsskap</i> n.
<i>dialekt</i> m.		<i>dialekt</i> m. / <i>dialekt</i> f.
<i>kantine</i> m. / <i>kantine</i> f.		<i>kantine</i> m. / <i>kantine</i> f.
<i>kontrakt</i> m.		<i>kontrakt</i> m.

Adjektiv – Suffiks og binde-e ved adjektiv

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>billeg/billig</i> adj.		<i>billeg/billig</i>
<i>dårleg</i> adj.	<i>dårlig</i>	<i>dårleg</i>
<i>farleg</i> adj.	<i>farlig</i>	<i>farleg</i>
<i>oppfav(e)leg</i> adj.	<i>oppfavlig</i>	<i>oppfav(e)leg</i>
<i>vanleg</i> adj.	<i>vanlig</i>	<i>vanleg</i>

<i>steinet/steinete/steinut</i> adj.		<i>steinete</i>
<i>villig/viljug</i> adj.		<i>villig/viljug</i>

Adverb – Komparativ og superlativ ved stadadverb

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>att-attare/attre-attarst/attast</i>		<i>att-attre-attarst</i>
<i>inn(e)-indre-innarst/inst</i>		<i>inne(e)-indre-inst</i>
<i>nord-nordre/nördre-nördst</i>		<i>nord-nordre/nördre-nördst</i>

Preposisjonar

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>attanfor/attaför</i> pre.		<i>attanfor</i>
<i>bakanfor/bakanför</i> pre.		<i>bakanfor</i>
<i>innafor/innanför</i> pre.		<i>innanfor</i>
<i>ovafor/ovanför</i> pre.		<i>ovanför</i>
<i>utafor/utanför</i> pre.		<i>utanför</i>
<i>hjå/hos</i> pre.		<i>hjå/hos</i>

Pronomen

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>ho/henne</i> 3.per.s.f.obj.		<i>ho/henne</i>
<i>me/vi</i> 1.per.p.sub.		<i>me/vi</i>

Determinativ

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>hennar</i> pos.	<i>hennes</i>	<i>hennar</i>
<i>deira</i> pos.	<i>deires</i>	<i>deira</i>

Verb - Infintiv på -a, -e eller kløyvd

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>bera/bere</i>	<i>kløyvd</i>	<i>bera/bere (bera kløyvd)</i>
<i>bruka/bruke</i>	<i>kløyvd</i>	<i>bruka/bruke (bruke køyvd)</i>
<i>drepa/drepe</i>	<i>kløyvd</i>	<i>drepa/drepe (drepa kløyvd)</i>
<i>eta/ete</i>	<i>kløyvd</i>	<i>eta/ete (eta kløyvd)</i>
<i>kasta/kaste</i>	<i>kløyvd</i>	<i>kasta/kaste (kaste kløyvd)</i>
<i>lesa/lese</i>	<i>kløyvd</i>	<i>lesa/lese (laga kløyvd)</i>
<i>lova/love</i>	<i>kløyvd</i>	<i>lova/love (lova kløyvd)</i>
<i>svara/svare</i>	<i>kløyvd</i>	<i>svara/svare (svara kløyvd)</i>
<i>tala/tale</i>	<i>kløyvd</i>	<i>tala/tale (tala kløyvd)</i>

Verb med a- og e-bøyning

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>brukar-bruka-bruka bruker-brukte-brukt</i>	<i>brukar-brukte-brukt (blanda bøyning)</i>	<i>brukar-bruka-bruka / bruker-brukte-brukt / brukar-brukte-brukt</i>
<i>håpar-håpa-håpa håper-håpte-håpt</i>	<i>håpar-håpte-håpt (blanda bøyning)</i>	<i>håpar-håpa-håpa / håper-håpte-håpt / håpar-håpte-håpt</i>

Bøyninga av verba *bli* og *verta/e*

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>verta/e - vert - vart - vorte bli - blir - blei - blitt bli - blir - vart - vorte</i>		<i>verta/e - vert - vart – vorte (Eiga oppføring)</i>
		<i>bli - blir - blei - blitt bli - blir - vart - vorte bli - blir - vart - blitt</i>

Presens av sterke verb

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>bit</i>	<i>biter</i>	<i>bit</i>
<i>driv</i>	<i>driver</i>	<i>driv</i>

Supinum av sterke verb

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>funne /funni</i>		<i>funne</i>
<i>lese /lesi</i>		<i>lese</i>
<i>sprunge / sprungi</i>		<i>sprunge</i>

Refleksiv- og passiv av verb på -st/-s

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>finnast-finst-fanst-funnest</i>	<i>finnas-fins-fans-funnes</i>	<i>finnast-finst-fanst-funnest</i>
<i>minnast-minnest-mintest-minst</i>	<i>minnas-minnes-mintes-mins</i>	<i>minnast-minnest-mintest-minst</i>
<i>synast-synest-syntest-synst</i>	<i>synas-synes-syntes-syns</i>	<i>synast-synest-syntest-synst</i>

Kort eller lang form av ein del sterke og svake verb

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>be-ber / beda/e-bed</i>		<i>be-ber / beda/e-bed</i>
<i>gle-gler / gleda/e-glede</i>		<i>gle-gler / gleda/e-glede</i>
<i>râ-rår / râda/e-râder</i>		<i>râ-rår / râda/e-râder</i>

Sluttkonsonanten i preteritum av ein del sterke verb

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>bad</i>		<i>bad</i>
<i>skleid/sklei</i>		<i>skleid/sklei</i>
<i>stod</i>	<i>sto</i>	<i>stod</i>

Verbet *gi/gje(va/e)*

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>gi - gir - gav - gitt / gje(va/e) - gjev - gav - gjeve</i>	- <i>gjevi</i>	<i>gi - gir - gav - gitt / gje(va/e) - gjev - gav - gjeve</i>

Verba *få* og *slå*

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>få - får - fekk - fått</i>	<i>fær - fikk - fenge/fengi</i>	<i>få - får - fekk - fått</i>
<i>slå - slår - slo - slått/slege/slegi</i>	<i>slær</i>	<i>slå - slår - slo - slått/slege</i>

Valfritt supinum av verb på *-0, -d, -g, -v* og verb på *-de* i preteritum

Hovudform / Jamstilte former	Sideform(er)	2012-norma
<i>nådd/nått</i>		<i>nådd/nått</i>
<i>arbeidd/arbeidt</i>		<i>arbeidd/arbeidt</i>
<i>bygd/bygt</i>		<i>bygd/bygt</i>
<i>levd/levt</i>		<i>levd/levt</i>
<i>kjent</i>		<i>kjent</i>

Av berrsynte årsaker var eg nøydd til å setje opp denne lista over språklege variablar før eg vende meg til dataekspertisen ved Uni Research Computing AS med førespurnad om å hente ut data om dei aktuelle variablane frå korpuset. For på den måten å kjenne meg trygg på at eg fekk med tilstrekkeleg breidde og mengde av språklege variablar i det empiriske grunnlaget for hovudstudien min, valde eg derfor å ta med det vi har sett er eit temmeleg stort utval av språklege variablar. Naturleg nok vil det ikkje på noko vis vere mogeleg å analysere alle desse språklege variablane innanfor ramma av ei avhandling. I resultatdelen har eg såleis gjennomført analysar av eit nærmare grunngjeve utval av dei 216 språklege variablane ovanfor.

McEnery og Hardie (2012:13) trekkjer opp eit skilje mellom korpus som er tagga og korpus som ikkje er det. I eit ikkje-tagga korpus kan ein berre søkje på einskildord, frasar eller setningar, utan omsyn til kva for type det er tale om, medan det i eit tagga korpus vil vere slik at ulike språklege einingar er merkte på eit eller anna vis. For mitt

føremål var det avgjerande viktig at korpuset var tagga med oppslagsord, ordklasse, bøyingskategoriar og setningsfunksjon. På denne bakgrunn kunne tidlegare nemnde Hofland ved Uni Research Computing AS ved hjelp av *Oslo-Bergen-taggeren* (<http://tekstlab.uio.no/obt-ny/index.html>) tagge dei 330 ovanfor nemnde tekstane i samsvar med mine spesifikasjonar. Med så grundig tagging får ein høgt presisjonsnivå i funna.⁷ Til dømes er det slik at tagginga av korpuset diskriminerer mellom to ulike former av det personlege pronomenet *han*, nemleg subjektsforma og objektsforma, noko som i sin tur medfører at ein kan jamføre førekomstar og frekvensar av objektsforma av *han* med den alternative skrivemåten (*honom*) direkte. Med dette og dei 216 nemnde språklege variablane som utgangspunkt, utarbeidde Øystein Reigem ved Uni Research Computing AS eit dataprogram som i sin tur kunne levere meg pålitelege datamatriser som syner førekomsten og frekvensen av dei ulike kategoriane (skrivemåtane) innanfor kvar språkleg variabel i korpuset, sortert etter tekstar.

Det empiriske utgangspunktet for min studie er slik ei matrise i form av eit Excel-ark med 330 rader med tekstar og 216 kolonnar med språklege variablar, der kvar kolonne igjen er delt inn i to eller fleire kolonnar med ulike skrivemåtar (kategoriar) av den aktuelle variabelen (Helset 2013). Ei gjeven celle i matrisa syner altså nøyaktig kor mange førekomstar ein finn av den aktuelle skrivemåten i den aktuelle teksten, medan resultatcellene i botnen av kvar kolonne syner kor mange førekomstar av skrivemåten ein finn i alle tekstane til saman.⁸ Tabellen utgjer slik eit særstort empirisk grunnlag for vidare analysar av det nynorske skriftspråket. Ved relativt enkle grep kan ein sortere og samanlikne utval av tekstar med omsyn til eit utval av språklege variablar, på kryss og tvers slik ein måtte ønskje det. Til dømes kan ein samanlikne språkbruken i nasjonale nynorskaviser med språkbruken i lokale nynorskaviser eller språkbruken i

⁷ Det blei gjort ein test av den aktuelle modulen i Oslo-Bergen-taggeren som syner at den hadde ein leksikalsk funnrate (recall) på 98,7 % med presisjonen 93,6 % (<http://tekstlab.uio.no/obt-ny/evaluering.html>).

⁸ Det er viktig å presisere at alle tekstar som eg har fått tilgang til via Norsk Aviskorpus og Norsk Ordbok vil bli handsama anonymt, slik at det ikkje er mogeleg å kjenne att forfattaren av den einskilde teksten, noko McEnery og Hardie (2012:62) peikar på er eit viktig etisk prinsipp innanfor korpuslingvistisk forsking.

Syn og Segn i éin tidsperiode med språkbruken i ein annan tidsperiode. Men sidan føremålet med denne studien er å granske språkbruken i eit størst og breiast mogeleg korpus av nyare nynorsk skriftkultur, har eg i hovudsak valt å handsame funna frå alle dei 330 tekstane samla.

5. Metode

Det empiriske utgangspunktet for denne studien er altså eit større utval av språklege variablar og av det universet av nynorske tekstar som utgjer kjelda til kunnskap om skriftspråkets operative normer, og føremålet med studien er å finne eventuelle klyngestrukturar i dette tekstutvalet. Intuisjonen er at valfridomen i nynorsknorma kan seiast å skape eit rom av mogelegheiter, der kvart innbyrdes uavhengige sett av formalternativ kan bli sett på som ein dimensjon i dette rommet. Det som då plasserer seg i dette rommet, og kanskje dannar klynger, er tekstar, medan sett av språklege former som er typiske for ei klynge av tekstar, vil kunne bli definerte som normklynger. Det overordna forskingsspørsmålet for denne studien har såleis vore om det i det ovanfor nemnde tekstkorpuset eksisterer normklynger av ulike språklege former som kan la seg identifisere som meir eller mindre dominerande subvarietatar av det nynorske skriftspråket, slik som til dømes varietatar som ein kan karakterisere som konservativ, moderat eller radikal nynorsk.

For å finne svar på dette spørsmålet har eg gjennomført ein korpuslingvistisk studie med korrespondanseanalyse som hovudverktøy. Det skal vere min påstand at korrespondanseanalyse peikar seg ut som særstakt veleigna for å skaffe eit vitskapleg kunnskapsgrunnlag for skriftspråksnormering. Grunnen er at metoden set oss i stand til avdekkje og synleggjere komplekse system av relasjonar innanfor store datamatriser ved hjelp av geometriske representasjonar som syner kva for tekstar som har ein tendens til å innehalde dei same språklege formene, og kva for former som har ein tendens til å opptre i lag på tvers av tekstane i korpuset. Metoden er i utgangspunktet induktiv og eksplorerande på det viset at ein freistar å avdekkje mønster på bakgrunn av eit empirisk materiale. I dette tilfellet inneber det at ein tek utgangspunkt i språket slik det ligg føre i faktiske tekstar med tanke på å avdekkje skriftspråkets operative normer. Men det å skulle leite etter normklynger i eit utval av 216 språklege variablar mellom 330 tekstar ut frå innfallsmetoden, utan nokon form for lingvistisk avveging av kva for former ein jamfører, vil likevel vere vanskeleg, for ikkje å seie umogeleg.

Sjølv om grunnleggjaren av metoden (Benzécri 1969, 1973) la vekt på å utvikle ein induktiv og eksplorande teknikk for analyse av lingvistiske data, i opposisjon til det rådande deduksjonistiske paradigmet til Chomsky og den generative grammatikken, understrekar Le Roux og Rouanet (2010:11) at dersom metoden skal vere fruktbar, må ein bruke relevante data: «Performing a geometric analysis does *not* mean gathering disparate data and looking for «what comes out» of the computer.» Slik eg vurderte det, ville det ha vore eit vonlaust prosjekt å finne fram til samvariasjon av bestemte språklege kategoriar på tvers av tekstane i korpuset dersom eg berre skulle jamføre førekomensten av ulike kategoriar (ordformer) i *tilfeldig* utvalde variablar.

Korpuslingvistane McEnery og Hardie (2012:161) understrekar også dette poenget: «Put bluntly, no one approaches corpus data with no preconceptions whatever (.....) All analysts bring some prior understanding of language to the analysis; this is unavoidable and, in all likelihood, useful.» Det stod såleis tidleg klart for meg at eg måtte jamføre variablar som ein kan forvente inneheldt kategoriar som tilhører same subvarietet av det nynorske skriftspråket. På denne bakgrunn tenkte eg først å ta utgangspunkt i variablar som mine eigne internaliserte normer tilsa tilhøyrde høvesvis konservativ, moderat eller radikal nynorsk, for så å granske i kva grad ulike kategoriar innanfor desse variablane let seg lokalisere som operative normklynger i tekstkorpuset. Men heller ikkje det var uproblematisk, for etter å ha jamført min eigen intuisjon med intuisjonen til eit fåtal utvalde informantar, oppdaga eg at det slett ikkje alltid er konsensus mellom språkbrukarane om kva som er høvesvis konservative, moderate og radikale former innanfor nynorsk skriftspråk.

Ser ein spørsmålet i eit diakront perspektiv, er det liten tvil om at ein god del av dei formene som blei sett på som radikale i 1917 og jamvel i 1938, blir sett på som moderate i dag. Til dømes har vi sett at former som *gammal* og *sola* blei rekna for å vere heller radikale former i tida etter at 1917-rettskrivinga kom, medan dei fleste vel vil rekne dette for å vere moderate former i dag. Motsett er det slik at former som *soli* og *visor*, som iallfall fram til første verdskrigen blei rekna for å vere moderate, sannsynlegvis vil bli rekna for å vere konservative mellom det store fleirtalet av nynorskbrukarar i dag. Men heller ikkje i eit synkront perspektiv synest det å vere klart kva som ligg i omgrepa konservativ, moderat og radikal nynorsk, og kva for språklege

former kvart av dei faktisk rommar. Innanfor bokmålet finn ein nokså eksplisitte skriftestingar av kva som ligg i omgropa radikalt, moderat og konservativt språk. Allereie under språkdebatten på 1950-talet gav Riksmåls forbundet ut si eiga, alternative ordliste med til dels konservative ordformer. På 1960-talet gav Aschehoug ut tre ordlister for bokmål: ei med konservative former, ei med radikale former og ei med alle tillatne former, og innanfor bokmålet har innhaldet i dei nemnde omgropa elles blitt grundig drøfta og eksemplifiserte av mellom andre Vinje (2004, 2005). Det er vanskelegare å få auge på like klare avgrensingar av omgropa radikal, moderat og konservativ innanfor faglitteraturen om nynorsk normering og skriftspråkspraksis. Rett nok skriv Røyneland (2016:88) at «[B]oth standards became heterogeneous to the extent that one might identify two major varieties within each of them, forming a continuum from conservative Nynorsk through radical Nynorsk and radical Bokmål to conservative Bokmål», men ho eksemplifiserer ikkje dette på noko vis. Dessutan synest bruken av sjølv omgropa som skildrar dei ulike språklege linjene, å vere meir skiftande innanfor den nynorske diskursen enn innanfor bokmåldiskursen. Innanfor sistnemnde verkar det som om dei fleste konsekvent brukar omgrepene 'radikalt' i tydinga 'folkemålsnær' og/eller 'nynorsknær', og omgrepene 'konservativt' i tydinga 'riksmålsnær'. Innanfor den nynorske diskursen støyter ein derimot gjerne på omgrep som 'tradisjonell' og/eller 'arkaisk' som meir eller mindre nærsynonym til 'konservativ' og omgrep som 'talemålsnær' og/eller 'bokmålsnær' som meir eller mindre nærsynonym til 'radikal' (sjå til dømes Kinn og Kulbrandstad 2016, Omdal 2003 og Vikør 2003). Den skiftande omgropsbruken innanfor den nynorske diskursen kan i seg sjølv vere med på utydeleggjere konsepta som ligg bak. Men sjølv om omgropsbruken er noko varierande, kan ein finne tilløp til klargjering av kva som ligg i omgropa også innanfor den nynorske diskursen. Til dømes set Vinje (1978) opp døme på tekstar der han jamfører «nynorsk med tradisjonelle former» med «nynorsk med tilnærningsformer» etter ulike rettskrivingsreformer før krigen, medan Vikør (Omdal og Vikør 2002:15) poengterer at ein kan «sjå klare tendensar til at det dannar seg uoffisielle normalar basert på formtypar som folk føler 'hører saman' på grunnlag av sine internaliserte normer.» Som døme nemner han i-målet: «Former som *boki* og *soli* går gjerne saman med andre tradisjonelle former som *visor – visone, me, so, hev,*

*stend osv.» Likevel spesifiserer eller eksemplifiserer heller ikkje han noko nærmare kva for former som høyrer til under omgropa konservativ og radikal nynorsk. Dessutan presiserer Vikør (op.cit.) at det uansett ikkje er tale om nokon fastsette, offisielle normalar når det kjem til radikale og konservative former, «sidan kvar og ein kan velje fritt blant dei ulike formtypane og såleis lage seg sitt individuelle repertoar av former.» Fram til 2012 eksisterte det som vi har sett nemleg ikkje nokon offisielle føringar på kva for valfrie former som høyrer saman med kvarandre innanfor nynorsk skriftspråk og heller ingen offisielle føringar på kva som eigentleg ligg i omgrep som konservativ, moderat og radikal nynorsk. Elevar og andre som ikkje har vore bundne til læreboknormalen, har derfor i prinsippet stått fritt til å velje dei formene som dei sjølve vil, kombinere former som gjerne blir oppfatta som høvesvis konservative og radikale og jamvel vere inkonsekvente. Det var først i samband med den nye rettskrivinga frå 2012 at Språkrådet publiserte *Rettleiing om konsekvent nynorsk* (26.4.13), men heller ikkje i denne rettleiinga finn ein noka drøfting av omgropa konservativ, moderat og radikal. Dei som kan hende har arbeidd mest med desse spørsmåla i praksis, er Nynodata AS, som tilbyr omsetjingsprogram frå bokmål til nynorsk etter ulike stilmalar. I personleg korrespondanse med meg skriv den daglege leiaren at «Hovudprinsippet vårt er at bokmålsnære former (...) er definert som radikal og meir tradisjonelle former er definert som konservativ. Malen moderat ligg midt mellom, ein slags midt-på-treet-nynorsk. Men grensene mellom denne og dei to andre er flytande, ut frå språkkjensle og skjønn.» Vi ser med andre ord at spørsmålet om kva for konkrete ordformer som blir rekna for å tilhøyre bestemte subvarietetar av nynorsk, ikkje alltid er så opplagt som ein kanskje skulle tru.*

5.1 Ein informantbasert studie

Spørsmålet om kva som blir rekna for å vere høvesvis konservative, moderate og radikale former innanfor det nynorske skriftspråket, er utan tvil eit spørsmål som i første omgang vedkjem dei internaliserte normene som ligg nedfelte i språkbrukarane. Derfor valde eg først å granske desse spørsmåla via ein informantbasert studie, noko

som Dyvik (1993:170) framset som førebileteleg, før eg i neste omgang brukar resultatet frå denne studien som utgangspunkt for å kartlegge dei operative normene som ligg nedfelte i skriftspråkspraksis i den nemnde korpusbaserte studien.

For å kunne trekke mest mogeleg valide og reliable konklusjonar kring spørsmålet om kva for internaliserte normer som ligg nedfelte i nynorskbrukarane med omsyn til omgrepene konservativ, moderat og radikal nynorsk, valde eg å nytte den hypotetisk-deduktive metoden i den informantbaserte studien. Metoden er kjenneteikna av at ein set fram hypotesar som ein testar empirisk. Ifølgje Karl R. Poppers (1959:9, 24) krav til vitskaplege teoriar, kan introspeksjon vere både gyldig og gunstig i samband med *utforming* av hypotesar. På det viset blei min hypotese om at det er ulike gradar av konsensus når det kjem til spørsmålet om kva for former som er høvesvis konservative og radikale, og min hypotese om den rapporterte bruken av dei ulike formene, utvikla på grunnlag av min eigen intuisjon. Mange vil derimot hevde at introspeksjon er vitskapteoretisk tvilsamt i samband med *testing* av hypotesar, for det første fordi lingvistens eigne intuisjonar per definisjon ikkje er prøvbare, og for det andre fordi intuisjonen hans berre er éin av mange intuisjonar om det eigentlege studieobjektet, som i dette tilfellet er noko såpass både kontroversielt og uklart som subnormer av nynorsk. Esa Itkonen (1981:131), som på generelt grunnlag argumenterer sterkt for bruk av intuisjon i samband med utforming av lingvistiske hypotesar, understrekar at «*intersubjective testability is an essential characteristic not only of observational/experimental sciences, but also of intutional sciences.*» Johannessen (2003:139) peikar på faren for at lingvisten blir påverka eller fanga av sine eigne teoriar og hypotesar i testinga av dei same hypotesane, og faren for at lingvisten kan ha intuisjonar om eigen språkbruk som ikkje er i samsvar med den reelle språkbruken hans. På denne bakgrunn skriv Schütze (2011:212) at det er sterkt frårådeleg å presentere eigne akseptabilitetsvurderingar som primære prov.

Informantreaksjonar kan derimot vere både gunstige og gyldige når ein skal teste hypotesar. Som både Itkonen (1981:128), Johannessen (2003:140) og Schütze (2011:210) er inne på, gjeld dette ikkje minst ved testing av kva for språklege variablar som er akseptable eller tilhører den eine eller andre kategorien. Når det kjem til slike

vurderingar og kategoriseringar, er det nemleg problematisk å gå direkte til korpus, då det til dømes er vanskeleg å lese ut av eit korpus kva for språklege variablar som blir *oppfatta* som konservative eller radikale. Slik eg vurderer det, *må* ein nesten gå vegen om introspeksjon og informantreaksjonar for å få tilgang til denne typen internaliserte normer som psykologisk fenomen, før ein *i neste omgang* kan bruke funna frå slike studiar som retningslinjer for kva for operative normklynger det er føremålstenleg og fruktbart å leite etter i tekstkorus. Introspeksjon og informantbaserte studiar er med andre ord naudsynleg både for å setje namn på kva for typar klynger ein leitar etter og for å velje ut kva for språklege variablar som er rimeleg å jamføre med kvarandre i korpusbaserte studiar. Ikkje dess mindre må ein vere merksam på at det knyter seg klare vitskapsteoretiske utfordringar til bruken av informantreaksjonar også i denne typen studiar, då dei dataa ein får inn, berre er rapportar om språklege intuisjonar og språkbruk. Slike rapportar samsvarar nemleg ikkje naudsynlegvis med den faktiske språkbruken til informantane. Til dømes kan informanten bli påverka av sjølve svarsituasjonen og av språklege normer som han eller ho kjenner til, men ikkje sjølv eigentleg er samd i eller nyttar i sin faktiske språkbruk, slik både Johannessen (2003:136) og Schütze (2011:216) peikar på. Eit særleg problem knyter seg til at lingvistens førehandskategoriseringar kan påverke informanten, noko som ikkje minst gjeld min studie. Nedanfor freistar eg å syne korleis eg i størst mogeleg grad har freista å ta omsyn til desse vitskapsteoretiske utfordringane ved den nytta metoden. På bakgrunn av desse refleksjonane utforma eg eit spørjeskjema til den informantbaserte studien med følgjande spørsmål:

- 1) Kva for nokre av ordformene nedanfor reknar du for å tilhøyre anten konservativ (tradisjonell), moderat (nøytral) eller radikal (bokmålsnær) nynorsk? Set kryss i ein av dei tre boksane bak kvar ordform merkt med kategoriane **Konservativ - Moderat - Radikal**.

Dersom du meiner ei ordform ligg i skjeringspunktet mellom to av kategoriane, kan du setje kryss i boksen mellom dei, altså anten i boksen merkt **Konservativ/Moderat** eller i boksen merkt **Moderat/Radikal**.

- 2) Set *også* eit kryss i boksen merkt med **Brukar sjølv** bak dei ordformene som du brukar sjølv. Ved ordformer som du ikkje brukar sjølv, skal du ikkje setje noko kryss i denne siste boksen.

Det var eit metodisk medvite val å ikkje freiste å gje ei detaljert skildring av kva som ligg i omgrepa konservativ, moderat og radikal nynorsk i spørjeskjemaet. Dette fordi eg frykta at mine meir eller mindre subjektive skildringar av kva som ligg i dei ulike omgrepa, kunne påverke informantane på uheldig vis. Til dømes kunne ein tenke seg at eg kopla kategoriar opp mot frekvens, slik at eg til dømes sette kategoriane ‘radikal’ og ‘konservativ’ i samband med ‘sjeldan’, utifrå ei forventning om at mange reknar former i desse kategoriane for å vere lågfrekvente. Men i lys av omgrevsdrøftinga og den vitskapsteoretiske drøftinga ovanfor frykta eg at det kunne oppstå forvirring om kva for hovudtyding som ligg i dei nemnde omgrepa. Etter ei totalvurdering valde eg derfor å setje inn eit nærsynonym i parentes bak kvart av omgrepa, som vist ovanfor.

Etter dei nemnde spørsmåla sette eg opp i alt 72 språklege variablar som hadde to eller fleire tillatne skrivemåtar som respondentane skulle krysse av for tilhørsle på. Dei 72 variablane blei plukka ut frå ein stor del av dei ulike gruppene med dei 216 språklege variablane som er skildra ovanfor. Sidan utgangspunktet for utvalet var språklege variablar med valfridom innanfor den vide rettskrivinga som var gjeldande for nynorsk fram til 2012, finn ein både jamstilte former, hovudformer og sideformer i utvalet.

Då eg vurderte det slik at det var stor fare for feilkjelder dersom lite røynde og mindre kompetente nynorskbrukarar blei brukte som informantar, valde eg å sende ut spørjeskjemaet berre til det eg rekna med var relativt røynde og kompetente nynorskbrukarar, dvs. det ein innanfor statistikken kallar eit strategisk utval. Utvalet bestod av tre hovudgrupper. Den første må ein vente er særleg kompetente nynorskbrukarar, nemleg fagtilsette ved norskseksjonane ved høgskulane og universiteta på Vestlandet. Den andre gruppa er òg ventelege kompetente nynorskbrukarar, nemleg dei som er tilsette ved norskseksjonane ved eit utval av dei vidaregåande skulane på Vestlandet og i fjellbygdene på Austlandet. Den tredje gruppa var avgangselever ved dei vidaregåande skulane i det same området, noko ein også burde kunne forvente er ei gruppe med brukbar nynorskkompetanse. Likevel er det jo

ein viss fare for at ein særleg i det siste utvalet finn mindre kompetente nynorskbrukarar med mindre klare førestillingar om kva som ligg i dei granska omgropa. Dessutan er det jo stor sjanse for at det i alle gruppene finst respondentar som vanlegvis nyttar bokmål, og som derfor ville skape ‘støy’ når det kom til svara på spørsmålet om kva for ordformer ein brukar sjølv. For å i ettertid kunne eliminere svar frå respondentar med manglande kjennskap til dei etterspurde omgropa og svar frå bokmålsbrukarar blei det i spørjeskjemaet sett opp éin avkryssingsboks der respondenten skulle svare på i kva grad han eller ho meinte dei var fortrulege med kva som ligg i omgropa konservativ, moderat og radikal nynorsk, og éin avkryssingsboks der respondenten skulle svare på kva for målform han eller ho nyttja mest sjølv. For å vidare kunne diskriminere svar frå ulike respondentgrupper blei det i tillegg sett opp avkryssingsboksar som gjekk på alder, kjønn, yrke og institusjonstilknyting. Spørjeskjemaet blei sendt ut til respondentane via e-brev og svart på via den elektroniske datatenesta QuestBack (jf. Vedlegg 2).

Det kom inn svar frå i alt 219 respondentar. Av desse var 158 under 20 år (72 %), 13 i alderen 21-40 år (6 %), 28 i alderen 41-60 år (13 %) og 17 over 60 år (8 %); 133 kvinner (61 %) og 89 menn (39 %); 158 elevar i vidaregåande skule (72 %), 13 norsklærarar i vidaregåande skule (6 %) og 48 fagtilsette i norsk ved høgskule eller universitet (22 %). På spørsmålet om kva for nokre av ordformene respondentane rekna for å tilhøyre anten konservativ, moderat eller radikal nynorsk, valde eg å filtrere ut alle som hadde svara at dei hadde «Liten eller ingen kjennskap» til kva som ligg i dei nemnde omgropa. Dette fordi eg vurderte det slik at svara frå desse respondentane kunne gje eit feilaktig bilet av kva for ordformer kompetente nynorskbrukar reknar for å høyre til under høvesvis konservativ, moderat og radikal nynorsk. Det var 56 respondentar som svara at dei hadde «Liten eller ingen kjennskap» til dei nemnde omgropa, og mest alle av desse var elevar i vidaregåande skule. Dermed stod eg att med 163 teljande respondentar på dette spørsmålet, derav 103 elevar i vidaregåande skule, 13 norsklærarar i vidaregåande skule og 47 fagtilsette i norsk ved høgskule eller universitet, noko som burde gje eit nokså representativt bilet av den kompetente nynorskbrukaren sitt syn på kva for språklege former som representerer høvesvis konservativ, moderat og radikal nynorsk. Likevel rekna eg med at det var ein viss fare

for at ein del av elevane som rapporterte at dei hadde «Middels god kjennskap» eller jamvel «Inngåande kjennskap» til dei aktuelle omgrepa, ikkje naudsynlegvis hadde det. Derfor føretok eg endå ei filtrering ved ein del av dei granska språklege variablane, der eg berre såg på svara til det ein må vente er særleg kompetente nynorske brukarar, nemleg fagtilsette og lærarar i norsk som rapporterte at dei hadde middels god eller inngående kjennskap til dei aktuelle omgrepa og nynorsk som bruksspråk, noko som vil bli kommentert nedanfor.


På spørsmålet om kva for ordformer respondentane brukar sjølve, valde eg å filtrere ut alle som hadde svara at dei vanlegvis skriv bokmål, då svara frå desse altså ville skape ‘støy’ i min freistnad på å kartleggje kva som er dei mest brukte formene mellom nynorskbukarar. Det var 78 respondentar som svara at dei vanlegvis skriv bokmål, og dei fleste av desse var elevar i vidaregåande skule. Dermed stod eg att med 141 teljande respondentar på dette spørsmålet, derav 94 elevar i vidaregåande skule, 13 norsklærarar i vidaregåande skule og 34 fagtilsette i norsk ved høgskule eller universitet, noko som burde gje eit bra bilete over kva for språklege former som dominerer mellom det ein kan kalle kompetente nynorskbukarar. Resultatet frå ein stor del av dei 72 språklege variablane som var med i studien, vil bli presentert i lag med respektive funn frå det nemnde tekstkorpuset i hovuddelen av denne avhandlinga, altså i kapittel 6 «Resultat og drøfting». Men før vi kjem dit, finn eg det føremålstenleg å oppsummere hovudfunna frå ein studie der eg analyserte svara frå respondentane på eit mindre utval av dei språklege variablane (Helset 2016), då desse funna blei brukte som retningslinjer for kva for operative normklynger det var føremålstenleg og fruktbart å leite etter i den korpusbaserte studien min.

Hypotesen i denne studien var at det ville vere temmeleg stor konsensus mellom respondentane om kva som er høvesvis konservative og radikale former for nokre av dei språklege variablane som hadde valfridom, medan det ville vere mindre konsensus mellom andre språklege variablar med valfridom. Til dømes rekna eg med at det ville vere stor konsensus om at former som *mye* og *bare* er radikale, og at former som *honom* og *tidi* er konservative. Derimot rekna eg med at nokre nynorskbukarar vil kunne meine at former som *lykke* og *gir* er radikale former, medan andre vil kunne

meine at dette er moderate former, medan dei alternative formene *lukke* og *gjev* er meir konservative. På det viset venta eg å finne ei gradvis endring i svarfordelinga, der det ved variablar som har det eg reknar med er markert radikale ordformer, venteleg ville bli signifikante utslag på sistnemnde, via variablar som berre har ordformer som eg reknar med er meir eller mindre moderate, der eg ikkje venta å få signifikante utslag i noko lei, til variablar som eg reknar med har markert konservative ordformer, der det igjen venteleg ville bli signifikante utslag på sistnemnde. Når det kjem til bruk, var hypotesen at det ville vere eit fåtal av nynorskbrukarane som rapporterte at dei sjølve brukar dei formene som blir rekna for å vere mest radikale eller mest konservative, medan det store fleirtalet rapporterte at dei brukar former som blir rekna for å vere moderate. Derimot rekna eg med at svara ville vere meir jamt fordelt når det kjem til bruken ved variablar med tillatne former som blir oppfatta som mindre markerte. På det viset venta eg å finne ei gradvis endring frå låg rapportert bruk for ordformer som blir oppfatta som markert radikale eller markert konservative, via middels rapportert bruk for ordformer som ikkje blir rekna som særleg markerte verken i den eine eller andre leia, til høg rapportert bruk av dei meir moderate alternativa til det som blir oppfatta som markert radikale eller konservative ordformer. Nedanfor presenterer og kommenterer eg resultata frå dei utvalde språklege variablane, før eg drøftar dei i lys av hypotesane ovanfor. Det vil bli slik bli presentert resultat frå til saman 10 av dei i alt 72 granska variablane, der eg startar med dei variablane som eg antok hadde dei mest radikale variantane, går via dei variablane som eg rekna med det var minst konsensus kring og avsluttar med dei variablane som eg antok hadde dei mest konservative variantane.⁹


⁹ Av plassomsyn har eg valt å fjerne alle respondentar som har svara anten at dei har liten eller ingen kjennskap til dei nemnde omgrepene eller at dei vanlegvis brukar bokmål eller både delar, då dette gjev meg høve til å presentere synet på kva tilhørsle den aktuelle ordforma har i lag med den rapporterte bruken av den same ordforma i eitt og same diagram. Derfor står det oppført berre +/- 110 respondentar på kvart diagram nedanfor.

mye/mykje



SPØRSMÅL ANTALL RESPONDENTER

mye 110




SPØRSMÅL ANTALL RESPONDENTER

mykje 111


Det store fleirtalet av respondentane (78 %) reknar *mye* for å vere ei markert radikal form, medan godt over halvparten reknar *mykje* for å vere ei moderat form. Tek vi med mellomkategoriane, ser vi at om lag to tredjedelar av respondentane meiner at *mykje* er ei moderat eller ei moderat-konservativ form. I tillegg føretok eg som nemnt ovanfor ei filtrering der eg berre såg på svara til det ein kan vente er særleg kompetente nynorskbrukarar, og mellom desse rekna heile 81 % *mykje* for å vere ei moderat form. Når det gjeld respondentane sin eigen bruk, rapporterer 91 % av nynorskbrukarane at dei nyttar forma *mykje*, medan berre knapt 2 % rapporterer at dei nyttar forma *mye*.

bare/berre



SPØRSMÅL ANTALL RESPONDERTER

bare 110




SPØRSMÅL ANTALL RESPONDERTER

berre 113


Mønsteret fra tilfellet *mye/mykje* går att i svakt moderert form for tilfellet *bare/berre*: 70 % av respondentane rekner *bare* for å vere ei markert radikal form, medan godt over halvparten rekner *berre* for å vere ei moderat form. Tek vi med mellom-kategoriane, ser vi at om lag tre fjerdedelar av respondentane meiner at *berre* er ei moderat eller ei moderat-konservativ form. Ved filtrering der eg berre såg på svara til det ein kan vente er særleg kompetente nynorskbrukarar, fann eg at 72 % av desse rekna *berre* for å vere ei moderat form. Ser vi på respondentane sin eigen bruk, rapporterer 91 % av nynorskbrukarane at dei nyttar forma *berre*, medan 8 % rapporterer at dei nyttar forma *bare*. Vi kan med andre ord slå fast at både *mye* og *bare* blir rekna for å vere markert radikale former, medan motstykkja *mykje* og *berre* blir rekna for å vere moderate eller moderat-konservative former og er dei som blir desidert mest brukte.

skole/skule



SPØRSMÅL ANTALL RESPONDENTER


skole 108



SPØRSMÅL ANTALL RESPONDENTER


skule 112

Ein langt mindre del av respondentane (46 %) reknar *skole* for å vere ei markert radikal form jamfört med *mye* og *bare*. Derimot ser vi at over ein tredjedel ser på dette som ei moderat-radikal form. Dersom vi berre ser på svara frå dei respondentane som ein kan vente er særleg kompetente nynorskbrukarar, blir dette inntrykket forsterka, for heile 71 % av desse reknar *skole* for å vere ei moderat-radikal form. Når det gjeld forma *skule*, reknar over halvparten dette for å vere ei moderat form, medan vel tre fjerdedeler reknar det for å vere anten ei moderat eller ei moderat-konservativ form. Vidare ser vi at heile 89 % av nynorskbrukarane rapporterer at dei nyttar forma *skule*, mot berre 7 % som rapporterer at dei brukar forma *skole*.

da/då


Mønsteret frå tilfellet *skole/skule* går att i svakt moderert form for tilfellet *da/då*: Godt under halvparten av respondentane rekner *da* for å vere ei markert radikal form, medan nesten ein tredjedel rekner *da* for å vere ei moderat-radikal form. Når det gjeld forma *då*, ser vi at over halvparten rekner dette for å vere ei moderat form, medan tre fjerdedelar rekner det for å vere anten ei moderat eller ei moderat-konservativ form. Når det kjem til bruk, rapporterer så mykje som 84 % av nynorskbrukarane at dei nyttar forma *då*, mot knapt 15 % som rapporterer at dei brukar forma *da*. Vi ser med dette at jamvel om formene *skole* og *da* også blir rekna for å vere radikale eller moderate-radikale av ein stor del av respondentane, blir dei rekna for å vere mindre markert radikale former enn formene *mye* og *bare*. Det er også færre som rapporterer at dei brukar dei moderate formene *skule* og *då* og fleire som rapporterer at dei brukar dei meir radikale formene *skole* og *da*, jamført med dei moderate formene *mykje* og *berre* og dei radikale formene *mye* og *bare*, men her er skilnadene meir marginale.

lykke/lukke



SPØRSMÅL ANTALL RESPONDERER

lykke 106





SPØRSMÅL ANTALL RESPONDERER

lukke 104


Respondentane fordeler seg jamnare på dei ulike svarkategoriane for tilfellet *lykke/lukke* enn på tilfella *skole/skule* og *da/då* – og mykje jamnare enn på tilfella *mye/mykje* og *bare/berre*. Godt under halvparten reknar *lykke* for å vere ei moderat form, medan om lag ein tredjedel reknar forma for å vere ei moderat-radikal form og berre 13 % reknar ho for å vere ei radikal form. Mønsteret for *lukke* liknar på mønsteret for *lykke*, men med motsett forteikn langs aksen konservativ-radikal: berre om lag ein tredjedel reknar dette for å vere ei moderat form, medan over ein tredjedel reknar det for å vere ei moderat-konservativ form og om lag ein fjerdedel reknar det for å vere ei konservativ form. Det er med andre ord ein tendens til at respondentane reknar *lykke* for å vere ei svakt radikal form, og ein tendens til at respondentane reknar *lukke* for å vere ei svakt konservativ form. Samstundes syner den jamne spreiainga mellom tre svarkategoriar på kvar av dei to formene at det er liten konsensus mellom brukarane når det gjeld graden av radikalitet og konservativitet for dei to tillatne skrivemåtane av denne språklege variabelen. Når det gjeld den rapporterte bruken, er fordelinga mellom dei to formene *lykke* og *lukke* mykje jamnare enn på dei tidlegare granska variablane, faktisk så å seie 50/50.

gjев/gir




Mønsteret frå tilfellet *lykke/lukke* går att for tilfellet *gjев/gir*, då det også her ei jamnare fordeling mellom dei ulike svarkategoriene enn på dei tidlegare granska språklege variablane. Det er færre som svarar at den eine eller andre forma er markert konservativ eller markert radikal, færre som svarar at den eine eller andre forma er moderat og fleire som svarar at den eine forma (*gjев*) tilhører mellomkategorien moderat-konservativ, og at den andre forma (*gir*) tilhører mellomkategorien moderat-radikal, enn i dei tidlegare granska tilfella. Vi kan vidare slå fast at det er ei nokså jamn fordeling mellom brukarane når det kjem til den rapporterte bruken av dei to formene. Vi ser med dette at sjølv om det er ein tendens til at formene *lykke* og *gir* blir oppfatta som svakt radikale og formene *lukke* og *gjев* blir rekna for å vere svakt konservative, er det langt mindre konsensus mellom respondentane for desse språklege variablane enn på dei tidlegare nemnde. Det er også langt jamnare fordeling i den rapporterte bruken for tilfella *lykke/lukke* og *gjев/gir* enn for dei tidlegare granska språklege variablane.

hjå/hos



SPØRSMÅL ANTALL RESPONDER


hjå 108




SPØRSMÅL ANTALL RESPONDER

hos 110

Ein langt større del av respondentane (47 %) reknar *hjå* for å vere ei meir markert konservativ form enn tilfellet var med *lukke* og *gjev*. Samstundes ser vi at nesten ein tredjedel ser på dette som ei moderat-konservativ form. Dersom vi berre ser på svara frå dei respondentane som ein kan vente er særleg kompetente nynorskbrukarar, blir dette inntrykket forsterka, då så mykje som 47 % av desse reknar *hjå* for å vere ei moderat-konservativ form. Når det gjeld forma *hos*, reknar noko under halvparten dette for å vere ei moderat form, medan over ein tredjedel reknar det for å vere ei moderat-radikal form og berre 18 % reknar det for å vere ei radikal form. Vidare ser vi at eit knapt fleirtal av nynorskbrukarane rapporterer at dei nyttar forma *hos*, medan eit svakt mindretal rapporterer at dei brukar forma *hjå*.

so/så


SPØRSMÅL ANTALL RESPONDENTER
so 109



SPØRSMÅL ANTALL RESPONDENTER
så 109


Mønsteret frå tilfellet *hjå/hos* går att for tilfellet *so/så*: Nesten halvparten av respondentane reknar *so* for å vere ei markert konservativ form, medan over ein tredjedel reknar *so* for å vere ei moderat-konservativ form. Når det gjeld forma *så*, ser vi at over halvparten reknar dette for å vere ei moderat form, medan ein knapp fjerdedel reknar det for å vere ei moderat-radikal form og berre 16 % reknar det for å vere ei radikal form. Når det kjem til bruk, rapporterer 64 % av nynorskbrukarane at dei nyttar forma *så*, mot 30 % som rapporterer at dei brukar forma *so*. Med dette kan vi slå fast at formene *hjå* og *so* blir rekna for å vere monaleg meir konservative mellom fleirtalet av respondentane enn formene *lukke* og *gjev*, samstundes som mange reknar dei for å tilhøyre mellomkategorien moderat-konservativ, særleg mellom dei respondentane som vi kan rekne med er særleg kompetente nynorskbrukarar. Det er også fleire som rapporterer at dei brukar dei moderate formene *hos* og *så* og færre som rapporterer at dei brukar dei meir konservative formene *hjå* og *so*, jamført med fordelinga på tilfella *lykke/lukke* og *gir/gjev*.

honom/han



SPØRSMÅL ANTALL RESPONDERTER


honom 108




SPØRSMÅL ANTALL RESPONDERTER

han (objektsform) 109

Ein klart større del av respondentane reknar *honom* for å vere ei markert konservativ form enn tilfellet var med *hjå* og *so* – og ein endå mykje større del jamført med svara på *lukke* og *gjev*. Faktisk reknar heile 80 % av respondentane med at *honom* er ei markert konservativ form, medan berre knapt 15 % reknar det for å vere anten ei moderat-konservativ form eller ei moderat form. Motsett reknar heile 80 % av respondentane *han* for å vere ei moderat form. Når det gjeld respondentane sin eigen bruk, rapporterer 86 % av nynorskbrukarane at dei nyttar forma *han*, medan berre knapt 6 % rapporterer at dei nyttar forma *honom*.

tidi/tida**SPØRSMÅL ANTALL RESPONDENTER**

tidi 108

**SPØRSMÅL ANTALL RESPONDENTER**

tida 111

Mønsteret frå tilfellet *honom/han* går att for tilfellet *tidi/tida*: 82 % av respondentane reknar *tidi* for å vere ei markert konservativ form, medan nesten tre fjerdedelar reknar *tida* for å vere ei moderat form. Ved filtrering der eg berre såg på svara frå det ein kan rekne med er særleg kompetente nynorskbrukarar, fann eg at heile 90 % av desse rekna *tida* for å vere ei moderat form. Ser vi på respondentane sin eigen bruk, rapporterer 91 % av nynorskbrukarane at dei nyttar forma *tida*, medan berre knapt 3 % rapporterer at dei nyttar forma *tidi*. Vi kan med andre ord slå fast at både *honom* og *tidi* blir rekna for å vere markert konservative former, medan motstykka *han* og *tida* blir rekna for å vere moderate og er dei som blir desidert mest brukte.

På generelt grunnlag meiner eg argumentasjonen og funna som er presenterte ovanfor, gjev grunnlag for å hevde at omgropa konservativ, moderat og radikal nynorsk ikkje synest å vere uttrykk for kategoriske storleikar verken i eit diakront eller i eit synkront perspektiv. Som vi såg innleiingsvis, er det ein tendens til at ordformer som på eitt tidspunkt i historia blei rekna for å vere radikale former, med tida glir over til å bli rekna som moderate former, medan former som tidlegare blei rekna for å vere moderate, glir over til å bli rekna som konservative. Samstundes syner resultata frå spørjegranskingsa at det i allfall for ein del av dei granska språklege variablane også i dag er stor grad av divergens mellom informantane når det kjem til spørsmålet om kva som er høvesvis radikale, moderate og konservative former. Det kan såleis hevdast at ei gjeven ordform kan bli sett på som meir eller mindre konservativ eller radikal, at ulike brukarar kan ha ulike syn på det og at dette kan endre seg over tid.

Hypotesen min var at det er temmeleg stor konsensus om kva som er konservative og radikale former for nokre av dei språklege variablane som hadde valfridom fram til 2012, medan det er mindre konsensus for andre språklege variablar, og at det er stor konsentrasjon kring bruken av moderate former mellom dei språklege variablane som har markert konservative eller radikale former, medan det er større spreiing når det kjem til bruken ved språklege variablar med tillatne former som blir oppfatta som mindre markerte. Etter mi vurdering er det grunnlag for å hevde at resultata frå spørjegranskingsa stadfestar den første delen av hypotesen. Ser vi på svarprosentane på språklege variablar som *mye/mykje* og *bare/berre* på den eine sida og *honom/han* og *tidi/tida* på den andre, finn vi at det er stor grad av konsensus mellom informantane om at *mye* og *bare* er markert radikale former og at *honom* og *tidi* er markert konservative former. Dersom vi derimot ser på svarprosentane på dei språklege variablane *lukke/lykke* og *gjev/gir*, finn vi langt meir divergerande oppfatningar mellom informantane. Få meiner at nokon av desse formene er markert radikale eller markert konservative. Nokre meiner at formene *lukke* og *gjev* er svakt konservative, medan andre meiner at formene *lykke* og *gir* er svakt radikale.

Den andre delen av hypotesen gjekk ut på at det det er stor konsentrasjon kring bruken av dei moderate alternativa mellom språklege variablar som har markert konservative

eller radikale former, medan det er større spreiing når det kjem til bruken ved språklege variablar med tillatne former som blir oppfatta som mindre markerte. Den rapporterte bruken av det som blir oppfatta å vere markert konservative eller radikale ordformer, er temmeleg låg. Dette gjeld markert radikale former som *mye* (2 %), *bare* (8 %), *skole* (7 %) og *da* (15 %), og markert konservative former som *tidi* (3 %), *honom* (6 %).¹⁰ Når det gjeld språklege variablar som ikkje har ordformer som blir rekna for å vere særleg markante verken i den eine eller andre leia, fordeler den rapporterte bruken seg meir jamleg. Dette gjeld former som *lykke* (50 %) og *lukke* (49 %), *gir* (58 %) og *gjev* (42 %), og til ein viss grad også *hos* (52 %) og *hjå* (36 %) og *så* (64 %) og *so* (29 %). Dei formene som har desidert høgst rapportert bruk, er dei moderate motsvara til dei ovanfor nemnde markert radikale og konservative formene. Dette gjeld i første rekkje *mykje* (91 %), *berre* (91 %), *skule* (89 %), *no* (84 %), *tida* (91 %) og *han* (86 %). Etter mi vurdering syner desse funna at det er grunnlag for å hevde at spørjegranskingsa langt på veg stadfester også denne delen av hypotesen.

Vi skal likevel hugse på atterhaldet om at den rapporterte bruken til mine respondentar ikkje naudsynlegvis er det same som den faktiske bruken deira. Det kan såleis vere interessant å jamsøre mine funn om rapportert bruk med funna frå dei tidlegare nemnde granskingsane av formval i ulike typar faktiske nynorske tekstar (Vikør 1995, Wetås 2001 og Helset 2015). Som nemnt innleiingsvis syner dei alle at det er ein klar tendens til at nynorskbrukarar legg seg opp mot det som Vikør (2003:297) kallar ein ‘midtlinyenorsk’, noko som altså samsvarar bra med mine funn om rapportert bruk. Dessutan jamfører eg i hovuddelen av denne avhandlinga den rapporterte bruken frå den informantbaserte studien med talet på førekomstar av dei ulike språklege formene i korpus, og resultatet er som vi skal sjå at det er stor grad av korrespondanse mellom rapportert bruk og faktisk bruk. I forlenginga av dette har eg brukt funna om dei internaliserte normene frå den informantbaserte studien som retningslinjer for kva for operative normklynger det er føremålstenleg og fruktbart å leite etter i korpuset. Det

¹⁰ Vi merker oss at nokre (om enn ein veldig liten del) av informantane rapporterer at dei framleis bruker former som *mye*, *tidi* og *honom*, trass i at dei altså gjekk ut av rettskrivinga i 2012.

inneber at eg i den korpusbaserte studien følgjer mønsteret frå funna i den informantbaserte studien ved at eg først ser på variablar med gradvis mindre radikale former, før eg ser på variablar med gradvis mindre konservative former.

5.2 Korpuslingvistikk

Korpusbaserte språkstudiar har ei lang historie, og bruk av manuelle korpus innanfor lingvistisk forsking skriv seg attende til den amerikanske strukturalismen tidleg i det 20. hundreåret (Biber og Finegan 1991:207). Men då Noam Chomsky lanserte den generative grammatikken mot slutten av 1950-åra, blei dei korpusbaserte studiane utsette for sterk kritikk. Chomsky (1961:131) skrev jamvel at «*a direct record – an actual corpus – is almost useless as it stands, for linguistics analysis of any but the most superficial kind.*» I staden promoterte Chomsky «*introspection as the main source of data in linguistics at the expense of observed data*» (McEnery og Hardie 2012:25). Dette og dominansen til det generative paradigmet ført til at korpusbaserte studiar var heller sjeldsynte innanfor lingvistisk forsking gjennom 60- og 70-åra. Men då datamaskinen blei introdusert som verktøy for forskarar kring 1980, og dermed mogeleggjorde maskinelle kartleggingar av språklege fenomen innanfor store digitaliserte tekstkorporus, fekk metodikken ny vind i segla, no under omgrepene «*corpus linguistics*» (Leech 1992:105). Fram mot 2000-talet var korpuslingvistikken i første rekkje eit eige forskingsdomene for spesialistar som berre arbeidde med tekstkorus, men dei seinare åra har korpusbaserte metodar fått ein stendig meir framtredande posisjon som ein integrert del av ei rekkje lingvistiske disiplinar (McEnery og Hardie 2012:XIV), slik som leksikografi, sosiolingvistikk, semantikk, pragmatikk og ulike grammatiske disiplinar (McEnery, Xiao og Tono 2006:80ff).

I dag er alle språkvitarar samde om at lingvistikken er og bør vere ein empirisk vitskap. Spørsmålet er derfor ikkje om empiriske metodar, data og prov bør bli brukte, men kva for typar av empiriske metodar, data og prov som bør bli brukte og vere gjeldande innom lingvistikken (Penke og Rosenbach 2007:1ff). Heilt sidan Karl R. Popper i 1950-åra lanserte sine normative krav til vitskaplege teoriar basert på den

hypotetisk-deduktive metoden, har dette vore det dominerande paradigmet innanfor empiriske vitskapar (op.cit.). Poppers innverknad på lingvistisk forsking har vore tydeleg (Carr 2005:216), også når det kjem til korpuslingvistikk (McEnery og Hardie 2012:15, 148, 158). Vi skal derfor sjå nærmare på kva som kjenneteiknar den nemnde metoden og dei nemnde krava, noko som etter kvart vil leie oss inn på spørsmålet om kva for status korpus har eller bør ha i lingvistisk forsking.¹¹

Den hypotetisk-deduktive metoden er kjenneteikna av at ein set fram hypotesar som ein testar empirisk. Metoden står i sterkt kontrast til den induktive metoden brukt av dei logiske positivistane i Wiener-krinsen, som hevda at ei utsegn er prova dersom det finst ein metode for å verifisere den. Popper (1974:353) gjekk til frontalåtak på den induktive metoden og verifikasjonsprinsippet: «it is incorrect and grossly misleading to think that we can interpret the ‘verification’ of the prediction as ‘verifying’ the explicans or even a part of it.» Ein hypotese eller teori om at alle svaner er kvite, er ikkje prova sjølv om hundre eller tusen observasjonar av svaner peikar i den retning. Popper (1959:318) går jamvel så langt som å hevde at teorien ikkje ein gong blir meir sannsynleg same kor mange gonger ein oppnår «verifikasjon» gjennom induksjon. Som løysing på demarkasjonsproblemet, dvs. problemet med å trekke opp eksakte skiljelinjer mellom vitskaplege og ikkje-vitskaplege teoriar, sette Popper (1972:3) fram det som med ei samnemning kan kallast falsifikasjonsprinsippet: Ein teori er vitskapleg berre dersom den er prøvbar, gjendrivbar og falsifiserbar. Eit vesentleg poeng hjå Popper (1974:139ff) er at denne metoden – i motsetnad til den induktive – er logisk gyldig, i og med at eksplanandum (konklusjonen) må følgje av eksplanans (hypotesen bestående av initialvilkår og universelle lover). Etter ein eventuell falsifikasjon må ein forkaste den gamle hypotesen før ein set fram nye hypotesar, som både tek vare på det som eventuelt var sant i den gamle hypotesen, og kan gjere greie for det som ikkje stemte i den – før ein igjen freistar å falsifisere desse nye hypotesane (Popper 1959:54ff). Ved hjelp av denne metoden – og berre den – vil vitskapen

¹¹ Delar av den metodiske utlegninga i dette delkapittelet byggjer på ein artikkel eg skreiv om emnet i *Norsk Lingvistisk Tidsskrift 1/2014* (Helset 2014).

stendig gjere evolusjonistiske framsteg, sidan nokre hypotesar viser seg å vere meir levedyktige enn andre. Men Popper understrekar heile vegen at ein aldri kan oppnå fullstendig sikker kunnskap. Trass i at Popper hentar dei førebiletlege døma sine utelukkande frå naturvitenskapen, synest han å meine at denne metoden er den einaste som kan føre oss nærmare sanninga innanfor einkvar empirisk vitskap. Ein kan såleis seie at han er ein talsmann for einskapsvitenskapen.

Ein annan framståande vitskapsteoretikar, Thomas S. Kuhn (1970), henta også dei fleste døma sine frå naturvitenskapen. Gjennom ei skildring av historia til naturvitenskapen freistar han å vise at den faktiske vitskaplege utviklinga har følgt heilt andre linjer enn det normative idealet som Popper sette opp. Det vil her føre for langt å gå i djupna av hans teoriar om normalvitskapleg aktivitet, vitskaplege paradigme og vitskaplege revolusjonar. I denne samanhengen vil vi først og fremst framheve at Kuhn fornekta Popper sin påstand om at falsifikasjonsprinsippet er den einaste farande vegen for vitskapleg framsteg. På generelt grunnlag hevdar Kuhn at det er først når anomaliane (som i røynda blir oppdaga gjennom tilfeldigheiter – og ikkje gjennom medvitne falsifikasjonsfreistnader) blir mange nok og store nok, ein tek til å nærme seg tidspunktet for ein vitskapleg revolusjon. Men sjølv ikkje då vil forskarane sameinast i ein freistnad på å utvikle ein ny, altomfemnande teori. Tvert imot vil det no oppstå ei vitskapleg krise, og først etter ein langvarig kamp mellom det gamle og det nye paradigmet vil det nye paradigmet sigre over det gamle – eigentleg ved at tilhengarane av det gamle dør. Innanfor det nye paradigmet vil ein då utføre vitskap på ein ny måte. Etter Kuhns oppfatning er det altså berre innanfor normalvitskapen innanfor eit rådande paradigme at ein kan tale om akkumulasjon av kunnskap, medan dei verkeleg store vitskaplege framstega tvert imot skjer gjennom vitskaplege revolusjonar etter langvarig kamp. Kuhn understrekar dessutan at ein ikkje kan føreta objektive, rasjonelle vurderingar av om ein teori eller eit paradigme er vitskapleg. Grunnen til det er at det ikkje finst noko objektivt målepunkt utanfor dei ulike, motstridande paradigma. Denne inkommensurabiliteten til Kuhn står i sterk kontrast til Poppers demarkasjonskriterium. Ein kan seie at den inneber ei forkasting av tanken om einskapsvitenskapen og ei anerkjenning av eigenarten til ulike faglege disiplinar. Nokre, som til dømes Paul Feyerabend (1975), har jamvel brukt dette synet til å argumentere

for ei fullstendig relativisering av korleis ein oppnår vitskaplege oppdagingar, men dette gjekk ikkje Kuhn sjølv god for.

Ingen vil vere usamde med Popper i at den induktive metoden ikkje er logisk gyldig, at verifikasjonsprinsippet ikkje held mål når ein freistar kome fram til absolutte sanningar, og at det slik er vitskapleg fornuftig å etterprøve hypotesar og teoriar. Men sjølv ikkje innanfor naturvitenskapen praktiserer ein falsifikasjonsprinsippet i den strenge forma som ein finn hjå den tidlege Popper. Særleg har matematikaren og vitskapsteoretikaren Imre Lakatos (1970) freista å bygge bru mellom Poppers normative krav til vitskaplege teoriar og Kuhns deskriptive skildringar av vitskapleg aktivitet, paradigme og revolusjonar. Lakatos' hevdar at eit forskingsprogram består av ein kjerne av grunnleggjande teoriar ('first principles') som skal predikere og forklare forskingsobjektet, og desse kan ein ikkje forkaste, modifisere eller endre utan samstundes å forkaste heile programmet. Men i tillegg formulerer forskarane eit sett av meir spesifikke teoriar ('auxiliary hypotheses') for å forsvare dei grunnleggjande teoriane mot moteksempel, og desse kan og bør ein ifølgje Lakatos anten forkaste, modifisere eller endre etter kvart som empiriske anomaliar dukkar opp, med det føremålet å verne dei grunnleggjande teoriane. Han opererer med andre ord med eit mindre strengt falsifikasjonsprinsipp enn Popper og argumenterer vidare med at ein ikkje kan forkaste dei grunnleggjande teoriane før ein har fått erstatta dei med betre teoriar, noko han meiner skjer i dei historiske periodane som Kuhn kallar vitskaplege revolusjonar. Esa Itkonen (1981:134 og 2005:369) understrekar at dette siste ikkje minst gjeld innanfor lingvistisk forsking, samstundes som han poengterer at ein her bør vere særleg varsam med falsifikasjonar på grunnlag av einskildobservasjonar som ikkje stemmer overeins med ein gjeven lingvistisk hypotese, då slike anomaliar mellom anna kan botne i slurv. Innanfor den hypotetisk-deduktive metoden er det ikkje dess mindre eit viktig poeng at ein teori eller ein hypotese skal vere prøvbar, gjendrivbar og falsifiserbar, og eit avgjerande viktig spørsmål i denne samanhengen, er kva for data som er rekna for å vere adekvate i samband med hypoteseutforming og hypotesetesting.

Med utgangspunkt i Poppers krav, kan introspeksjon vere både gyldig og gunstig i samband med *utforminga* av lingvistiske hypotesar og teoriar, slik vi såg ovanfor. Ifølgje Popper (1959:24f) er introspeksjon derimot lite eigna i samband *testinga* av hypotesar, sidan lingvistens eigne intuisjonar per definisjon ikkje er intersubjektivt prøvbare, noko som gjer dei upålitelege. I tillegg er det som vi såg ovanfor, ein betydeleg risiko for at lingvisten blir påverka eller fanga av sine eigne teoriar og hypotesar i testinga av hypotesane, samstundes som lingvisten kan ha intuisjonar om eigen språkbruk som ikkje er i samsvar med den reelle språkbruken hans. På denne bakgrunn skriv altså Schütze (2011:212) at det er sterkt frårådeleg å presentere eigne akseptabilitetsvurderingar som primære prov, noko eg stiller meg bak.

Når det gjeld informantreaksjonar, blei det ovanfor hevdat at denne typen data kan vere både gyldige og gunstige ved hypotesetesting, særleg når det gjeld testing av internaliserte språklege normer som psykologisk fenomen, då slike vanskeleg å teste på noko anna vis (Itkonen 1981:128, Johannessen 2003:140 og Schütze 2011:210). Ikkje dess mindre knyter det seg vitskapsteoretiske utfordringar til bruken av informantreaksjonar i samband med testing av hypotesar. Sjølv om Popper (1959:16) ikkje skriv direkte om språklege fenomen, vil han truleg vere skeptisk til denne forma for hypotesetesting med tilvising til at dei dataa ein får inn, ikkje er faktisk, naturleg språk, men tvert imot *intuisjonar* om kva som er informantens faktiske, naturlege språk. Dette siste hører inn under det som Popper (1994) kallar «World 2: the world of mental objects and events», som er vanskeleg å etterprøve, i motsetnad til «World 1: the world of physical objects and events», dvs. direkte observerbare storleikar som er lettare å etterprøve. Itkonen (1981:128f) stadfestar Popper sitt skilje mellom «World 1» og World 2». Om den første verda skriv han at «Observation pertains to things and events existing in the intersubjective spatiotemporal reality, which means that it is directly mediated by one of the five senses.» Om den andre verda skriv han at «Intuition pertains to concepts or rules existing in an intersubjective normative reality», før han understrekar at «The entities of the normative reality are not spatiotemporal, which means that they are not observable». I motsetnad til Popper hevdar Itkonen (2005:364) at lingvistens eigen intuisjon er tilstrekkeleg når det gjeld påvising av det han kallar språklege «clear cases». Itkonen (1981:131) argumenterer

også for intersubjektiv testing av lingvistens intuisjon om språklege normer kan vere både gunstig og naudsynleg – til liks med Johannessen og Schütze, men til skilnad frå Popper. Ikkje dess mindre er Itkonen (2005:364) så vel som Johannessen, Schütze og Popper klar på at observasjon av faktiske språklege ytringar i korpus er naudsynt ved tvilstilfeller.

I artikkelen «Linguistic evidence and grammatical theory» skriv Schütze (2011:208ff) at: «Evidence from traditional corpora has numerous desirable properties [...], several of which are not shared by other kinds of evidence.» Også Johannessen (2003:149ff) nemner fleire føremoner ved å bruke tekstkorporus. Det same gjer McEnery og Hardie (2012:26). Kan hende er den største føremonen ved korpusdata at dei innehold faktiske språklege ytringar, sidan denne typen elementære fakta er meir pålitlege enn data frå introspeksjon og informantreaksjonar. Ein annan føremon ved korpus er at dei gjev lingvisten tilgang på store, søkbare datamengder, noko som aukar reliabiliteten og validiteten ved hypotesetestinga. Samstundes skal ein vere merksam på at sjølv om korpus kan vere temmeleg store og mangfaldige, vil det alltid vere tale om ei avgrensa, finitt og meir eller mindre representativ samling av data, noko som gjer at eit korpus aldri vil kunne gje tilgang til alle mogelege variantar av det menneskelege språket. Eit anna mogeleg problem som ein må vere merksam på, er at korpus på den eine sida ofte kan innehalde feil på grunn av slurv, trøyttleik og manglande merksemd hjå skrivaren eller talaren, samstundes som dei på den andre sida er lite eigna dersom ein søker etter negative data. Dessutan kan ein ikkje underslå at også korpusdata må analyserast og tolkast utfrå intuisjonen til forskaren. Ikkje dess mindre har dei store føremonene ved bruk av korpus ført til at jamvel teoretiske lingvistar som tidlegare har vore negative til korpuslingvistik, slik som til dømes Wasow (2002:163), no anerkjenner data frå korpus som ei uvurderleg kjelde:

While data from corpora and other naturalistic sources are different in kind from the results of controlled experiments (including introspective judgement data), they can be extremely useful. It is true that they may contain performance errors, but there is no direct access to competence; hence, any source of data for theoretical linguistics may contain performance errors. And given the abundance of usage data at hand, plus the increasingly sophisticated search tools available, there is no good excuse for failing to test theoretical work against corpora.

På denne bakgrunn freistar eg i kapittel 6 «Resultat og drøfting» å bruke funna om dei internaliserte normene frå den informantbaserte studien som utgangspunkt for ein korpuslingvistisk studie der eg for det første granskar om det er samsvar mellom den rapporterte bruken av ulike språklege former og den faktiske bruken i tekstkorpuset, før eg for det andre granskar om det i dei operative normene som nedfeller seg i korpuset, let seg lokalisere som normklynger beståande av konservative, moderate og radikale subvarietetar av det nynorske skriftspråket. For å finne svar på dette siste spørsmålet har eg brukt korrespondanseanalyse som hovudverktøy.

5.3 Korrespondanseanalyse

Korrespondanseanalyse har røter heilt attende til den britiske statistikaren Pearson (1901), via Fisher (1940), Guttman (1941), Burt (1950) og Hayashi (1952) til Shepard (1962). Det var likevel den franske statistikaren Benzécri (1969, 1973) som på slutten av 1960-talet og byrjinga av 1970-talet utvikla metoden som seinare har blitt kalla enkel korrespondanseanalyse (CA), der ein freistar å gjengi statistiske samanhengar mellom rad- og kolonneprofilar i krysstabellar med numeriske verdiar i form av geometriske representasjonar (Le Roux og Rouanet 2004:11). På bakgrunn av dei nemnde arbeida utvikla Lebart (1975) metoden multippel korrespondanseanalyse (MCA), der ein freistar gjengi samanhengar mellom rad- og kolonneprofilar beståande av kategoriske verdiar (Le Roux og Rouanet 2010:3). Dei første åra var metoden stort sett berre nyttा mellom franske forskrarar, men gjennom arbeida til Bourdieu (1979) oppnådde metoden internasjonal merksemd, samstundes som særlig Greenacre (1984) gjorde metoden tilgjengeleg for eit engelskspråkleg publikum. I dei seinare åra har Greenacre (2007) og Le Roux og Rouanet (2004, 2010) kome med viktige bidrag i høve til å gjere metodane meir sofistikerte, og med publikasjonane *Exploring Textual Data* (Lebart 1998) og *Analyzing Linguistic Data* (Baayen 2008) vart metodane gjorde meir kjende også innanfor lingvistisk forsking.

Dei fleste statistiske metodar har ein hypotetisk-deduktiv karakter der ein tek utgangspunkt i ein teoretisk modell med førehandsoppstilte hypotesar, som så blir testa

mot eit empirisk materiale, som vil vere avgjerande for om ein forkastar eller går vidare med modellen og hypotesane. Det er på mange måtar ein førebileteleg og adekvat metode for å finne ut om det *er* statistisk signifikante samanhengar i eit materiale. Men særleg i dei tilfella der det empiriske materialet er stort, vil ein slik metode ofte mangle reiskapar for å klargjere *kva for delar av materialet* som dannar grunnlaget for dei statistiske signifikante samanhengane ein har påvist i testen. Innanfor korrespondanseanalyse er det derimot vanleg å ta utgangspunkt i det empiriske materialet, for så å generere hypotesar som ein testar (Greenacre 2007:7). I min studie er det rett nok intuisjon og informantreaksjonar som har danna grunnlag for hypotesen om at det eksisterer normklynger bestående av konservative, moderate og radikale subvarietetar av det nynorske skriftspråket i korpuset. Men denne hypotesen blir ikkje testa via vanlege signifikanstestar. I staden blir det brukt korrespondanseanalyse både for å granske om det er statistisk samanheng i materialet, og for å granske *kva for delar av materialet* som dannar grunnlag for eventuelle slike statistiske samanhengar. Den store føremonen med korrespondanseanalyse er nettopp metoden si evne til å avdekke underliggende strukturar i store datamatriser (Lebart 1998:54).

Det empiriske utgangspunktet for min studie var altså ei matrise i form av eit Excel-ark med 330 rader med tekstar/individ og 216 kolonnar med språklege variablar, der kvar kolonne er delt inn i to eller fleire kolonnar for kvar skrivemåte av den aktuelle variabelen som var tillaten fram til 2012, noko som til saman gjev 476 kolonnar med unike ordformer. Ei gjeven celle i matrisa syner nøyaktig kor mange førekommstar ein finn av den aktuelle skrivemåten i den aktuelle teksten, medan resultatcellene i botnen av kvar kolonne syner kor mange førekommstar av skrivemåten ein finn i alle tekstane til saman. Materialet byggjer med andre ord på numeriske verdiar i ein krysstabell, og ikkje på kategoriske verdiar. Dette var eit medvite val som eg gjorde då eg i samarbeid med UniDigital/UniResarch AS skulle tilretteleggje materialet. Dersom eg hadde bede om kategoriske verdiar, ville det nemleg ha vore stort sannsyn for at ein innanfor ein gjeven tekst/eit gjeve individ ofte ville ha fått treff for to eller fleire skrivemåtar innanfor den same variabelen, noko som i så tilfelle ville ha ført til at treffa utlikna kvarandre. Det hadde vore statistisk problematisk då eitt einaste treff på ein gjeven kategori (t.d. *bare*) ville ha gjeve like stort statistisk utslag som hundre treff på den

opposisjonelle kategorien (t.d. *berre*). Valet om å byggje på numeriske verdiar framfor kategoriske verdiar impliserer som vi forstår av utgreiinga ovanfor, også bruk av enkel korrespondanseanalyse (CA) i staden for multipel korrespondanseanalyse (MCA).

Den berande teknikken innanfor enkel korrespondanseanalyse (CA) byggjer på logikken som er kjent frå klassisk kjikvadrat-analyse av krysstabellar. Kji-kvadratet (χ^2) finn vi ved å summere det kvadrerte avviket mellom forventa (normalfordelte) og observerte verdiar dividert med forventa verdiar for kvar av cellene i radene og kolonnane i ein gjeven tabell. Eit avgjerande punkt er om χ^2 er stort nok i høve til talet på fridomsgrader i tabellen til at det rår ein statistisk samanheng mellom rad- og kolonnevariablane i tabellen. Dette finn ein ut av ved χ^2 -testen, der nullhypotesen (H_0) er at det *ikkje* er ein statistisk samanheng (Hjellbrekke 1999:22, Greenacre 2007:27). Dersom χ^2 er over kritisk verdi, kan vi forkaste H_0 og gå vidare med H_1 , som postulerer at avviket mellom forventa og observerte verdiar er så stor at det *er* ein statistisk samanheng mellom rad- og kolonnevariablane. I så tilfelle er det grunnlag for å gå vidare med analysane og konstruere eit fleirdimensjonalt barysentrisk koordinatsystem på bakgrunn av verdiane i tabellen. Talet på radar (R) og kolonner (K) i krysstabellen avgjer talet på dimensjonar i koordinatsystemet, som alltid vil vere det minste av $(R - 1)$ og $(K - 1)$ (Hjellbrekke 1999:30). Kategoriane (formene) i kolonnevariablane og individua i radvariablane kan framstillast som to punktskyer i det same fleirdimensjonale rommet, der kvar kategori (form) og kvart individ let seg lokalisere som punkt ut frå avstanden til barysenteret, og ut frå avstanden til kvarandre innanfor kvar av dei to punktskyene (Lebart 1998:54 og Hjellbrekke 1999:34).

For kategoriskya er det slik at punkt til kategoriar som er høgfrekvente, vil få høgre masse enn punkt til lågfrekvente kategoriar, noko som fører til at dei får større innverknad på lokaliseringa av barysenteret, som er det vekta gjennomsnittet av alle kategoriane i ei punktsky (Greenacre 2007:17). Distansen mellom eit gjeve punkt til barysenteret og distansen mellom to punkt er gjeve via χ^2 (Hjellbrekke 1999:29). Dess høgre frekvens for ein kategori, dess høgre masse for det respektive punktet, og dess mindre avstand blir det frå punktet til barysenteret. Dess mindre skilnad det er i

svarprofilane mellom to kategoriar, dess mindre avstand blir det mellom dei respektive punkta i rommet. Det tilsvarande vil gjelde for individskya (Lebart 1998:52).

Variansen i ei punktsky blir kalla inertia (ϕ^2). Vi finn den totale inertiaen i ei punktsky ved å rekne ut summen av massen multiplisert med den kvadrerte avstanden til barysenteret for kvart enkelt punkt i skya, eller ved å dividere kji-kvadratet på det samla talet på førekommstar i materialet: $\phi^2 = \chi^2/n$ (Greenacre 2007:28). Høg inertia for ei sky impliserer stor spreiing av punkta i skya, noko som igjen impliserer stabilitet, dvs. at det er høg statistisk samanheng mellom verdiane i materialet. Avstanden til barysenteret og massen til eit punkt er avgjerande for kor mykje punktet bidreg til den totale inertiaen. Dess større masse og dess større avstand, dess høgre bidrag (Hjellbrekke 1999:37).

På dette viset oppstår eit fleirdimensjonalt rom beståande av to punktskyer der kvart punkt står i ein gjeven distanse til barysenteret. Men sidan det er vanskeleg for det menneskelege sinnet å forestille seg slike fleirdimensjonale rom, vil ein innanfor korrespondanseanalysen freiste å avdekke den underliggende informasjonen i ei matrise ved å framstille den viktigaste informasjonen ved hjelp av eitt eller fleire todimensjonale koordinatsystem, der nokre av dei viktigaste språklege skilnadene blir framstilte langs den eine aksen og andre viktige språklege skilnader blir framstilte langs den andre aksen. Som Hjellbrekke (1999:34) skriv, krev dette at vi kan finne dei aksane som dannar dei faktorplana som best kan skildre strukturane i punktskyene. Alle aksane i koordinatsystemet tek utgangspunkt i barysenteret. Målet er å finne dei retningane på aksane som gjer at dei fangar opp mest mogeleg av kvar kategori sitt bidrag til den samla inertiaen for kategoriskya. Tilsvarande er målet å finne dei retningane på aksane som fangar opp mest mogeleg av kvart individ sitt bidrag til den samla inertiaen for individskya (Hjellbrekke 1999:34 og Greenacre 2007:41).

Til kvar akse knyter det seg ein eigenverdi (λ) som syner kor mykje av den samla inertiaen han fangar opp. Summen av alle aksane sin eigenverdi ($\Sigma \lambda$) vil vere identisk med verdien til den totale inertiaen for skya. Eit viktig poeng er at eigenverdiane blir dei same anten ein nyttar radvariablane eller kolonnevariablane som utgangspunkt for

utrekningane, noko som inneber at aksane er eit uttrykk for samanhengen mellom dei to variablane vi studerer (Hjellbrekke 1999:37). Styrken på samanhengen finn vi ved å rekne ut singulærverdien av dei einskilde aksane i kvar av punktskyene, der høg singulærverdi gjev høg korrelasjon (Hjellbrekke 1999:37f).

Vi uttrykkjer ein akse sin relative verdi ut frå kor mange prosent av den totale inertiaen han fangar opp. I ein analyse vil det vere slik at den første aksen fangar opp dei mest framtredande motsetningane i materialet, og dermed den største prosentdelen av den totale inertiaen. Den andre aksen fangar opp (delar av) dei motsetningane som ikkje blei fanga opp av førsteaksen, medan den tredje aksen fangar opp (delar av) dei motsetningane som ikkje blei fanga opp av førsteaksen og andreaksen og så bortetter. På dette viset kan ein framstille den viktigaste informasjonen ved å tolke ulike todimensjonale koordinatsystem eller faktorplan, beståande av (informasjonen som blir fanga opp av) akse 1/akse 2 – akse 1/akse 3 – akse 2/akse 3 osv. (Hjellbrekke 1999:35). Det finst ikkje noko fasitsvar på kor mange aksar og faktorplan ein skal tolke, men målet er å gå vidare med færrast mogeleg aksar samstundes som ein tek vare på mest mogeleg informasjon får det opphavelege fleirdimensjonale rommet/den opphavelege matrisa. Eit mykje brukt kriterium er det såkalla albogekriteriet, som baserer seg på at ein først teiknar ei kurve som syner kor stor eigenverdi som knyter seg til dei ulike aksane, og som tilseier at ein skal ta med aksar til og med det punktet på kurva der den tek til å flate ut (Hjellbrekke 1999:38). Før ein kan ta til å tolke resultata treng ein som både Lebart (1998:58), Hjellbrekke (1999:41) og Greenacre (2007:81) understrekar, også å finne ut kva for kategoriar og individ som har vore dei viktigaste for konstruksjonen av aksane i planet, og kor godt desse aksane er i stand til å skildre kvart ein skildre punkt i det same planet. Det første finn ein ut ved å rekne ut dei absolutte bidraga, som syner bidraget frå eit punkt til ein bestemt akse. Det andre finn vi ein ved å rekne ut dei relative bidraga, som syner kor mykje av eit punkt som blir forklart av ein bestemt akse. Vanlegvis er det slik at punkt som yter høge absolutte bidrag til ein akse, også mottek høge relative bidrag frå den same aksen, men ikkje naudsynlegvis omvendt (Hjellbrekke 1999:44).

Eit metodisk grep innanfor korrespondanseanalyse er supplementærpunktsteknikken (Lebart 1998:60f, Hjellbrekke 1999:108f, Greenacre 2007:89f). Denne kan brukast til å projisere punkt frå supplementære kategoriar og individ inn på sine respektive plassar i høve til dei andre punkta i dei allereie etablerte punktskyene. Desse supplementære kategoriane og individia er passive punkt utan masse, og slike punkt yter ikkje verken bidrag til den totale inertiaen eller absolutte bidrag til dei einskilde aksane, og er slik ikkje i stand til å orientere aksane. Bruk av slike supplementærpunkt er aktuell når ein oppdagar punkt som er svært ulike alle dei andre punkta i ei sky, og særleg dersom desse har låg masse og stor avstand frå barysenteret. Slike punkt blir kalla «uteliggjarar», og kan skape statistisk ustabilitet og dermed vanskar for tolkinga av resultata (Hjellbrekke 1999:33). For å minske dette problemet kan ein gjere slike punkt om til eit supplementærpunkt i lag med dei aktive punkta i analysen, slik at dei blir tilordna sine respektive posisjonar i systemet utan å verke inn på dannninga av aksane eller dei andre punkta sine plasseringar i rommet (Hjellbrekke 1999:109).

Som ei oppsummering av metoden kan vi slå fast at aksane representerer opposisjonar kategoriar/skrivemåtar imellom og individ/tekstar imellom, og at det såleis er om å gjere å kartlegge kva for opposisjonar som kjem til uttrykk gjennom dei ulike aksane. For mitt materiale er det slik at punkta innanfor kategoriskya syner korleis dei ulike skrivemåtane av dei språklege variablane fordeler seg i det samla tekstutvalet, medan punkta innanfor individskya syner korleis tekstane fordeler seg med omsyn til skrivemåtane innanfor ulike språklege variablar. Vi har sett at dess høgre frekvens ein kategori/skrivemåte har, dess høgre masse har det respektive punktet og dess mindre avstand blir det frå punktet til barysenteret. Vi har også sett at dess mindre avstand det er mellom to punkt innanfor kategoriskya, dess meir like svarprofilar finn ein mellom individia for dei to respektive skrivemåtane. Det inneber at ein kan tolke avstanden mellom punkt innanfor kategoriskya direkte, slik at punkt/skrivemåtar som hamnar nær kvarandre i rommet, har ein tendens til å oppstre hjå dei same individia. Det tilsvarande gjeld for punkta i individskya. Når det derimot gjeld tolkinga av punkta på tvers av dei to skyene, stiller det seg noko annleis. Ein *kan* tolke eit punkt frå kategoriskya ut frå punktets relative posisjon i høve til *alle* punkta i individskya, noko som inneber at punktet vil hamne der det relativt sett gjer det best i individskya.

Grunnen til dette finn vi i overgangslikningane, som relaterer koordinatane av eitt punkt i den eine punktskya med koordinatane til alle punkta i den andre punktskya (Lebart 1998:54). Derimot kan ein *ikkje* tolke kort avstand mellom eitt punkt i den eine skya og eitt punkt i den andre skya som eit uttrykk for at desse to punkta representerer likskapar (Lebart 1998:54 og Hjellbrekke 1999:41).

Sidan den offisielle skriftspråksnorma som var gjeldande i den perioden tekstane i mitt korpus blei til, ikkje seier noko om korleis ein bør kombinere ulike ordformer innanfor ein tekst (Omdal 2003:234, Brunstad 2009:101), føreslår norma ein nullhypotese (H_0) om at kategoriane og tekstane vil spreie seg jamt utover i rommet, dvs. ei tilnærma normalfordeling med $\chi^2 \approx 0$. Men som vi såg i innleiinga og i den informantbaserte studien, er det mykje som tyder på at det i dei internaliserte normene som ligg nedfelte i språkbrukarane, ligg nokså klare førestellingar om kva for former som høyrer saman med kvarandre (Omdal og Vikør 2002:15, Helset 2016), noko som mogelegvis vil føre til opphoping av kategoriar og tekstar i visse delar av rommet (Dyvik 2012:2f), slik resultata frå den nemnde pilotstudien tyder på (Helset 2015). Innanfor CA er det nemleg som Hjellbrekke (1999:36) skriv, slik at tekstar som inneheld (mange av) dei same kategoriane og kategoriar som har ein tendens til å opptre i (mange av) dei same tekstane, hamnar nær kvarandre i rommet, medan tekstar og kategoriar som er gjensidig ekskluderande, hamnar langt frå kvarandre i rommet. Dei mest representative og minst spesielle tekstane og kategoriane hamnar nær origo i koordinatsystemet, medan dei mindre representative og meir spesielle tekstane og kategoriane hamnar lengre ute i periferien. Slik kan ein finne ordformer og kombinasjonar av ordformer som er meir brukte enn andre, og ikkje minst normklynger, som eg har definert som eit sett av språklege formval som er felles for eit antal tekstar på ein slik måte at tekstane skil seg som gruppe frå andre tekstar.

På bakgrunn av resultata frå pilotstudien (Helset 2015) og den informantbaserte studien (Helset 2016), er den overordna hypotesen (H_1) at det innanfor det totale tekstuvalet vil vekse fram normklynger beståande av bestemte språklege former som kan la seg identifisere som signifikante subvarietatar av det nynorske skriftspråket.

6. Resultat og drøfting

For å teste hypotesen (H_1) har eg gjennomført ei korpuslingvistisk gransking med korrespondanseanalyse (CA) som hovudverktøy. Metoden er i utgangspunktet induktiv og eksplorande på det viset at ein freistar å avdekkje og synleggjere komplekse system av relasjonar innanfor store datamatriser ved hjelp av geometriske representasjonar. I dette tilfellet inneber det at ein tek utgangspunkt i språket slik det ligg føre i faktiske tekstar med tanke på å avdekkje skriftspråkets operative normer. Input er ei matrise med tekstar langs den eine dimensjonen og former langs den andre som syner korleis dei ulike skrivemåtane av dei språklege variablane fordeler seg i det samla tekstutvalet og korleis tekstane fordeler seg med omsyn til skrivemåtane innanfor ulike språklege variablar. Eit vesentleg poeng i denne samanhengen er at ein ikkje a priori fastset dei dimensjonane som er utgjorde av bestemte sett av alternative former. Dei faktiske dimensjonane i rommet blir rekna ut via korrespondanseanalysen sjølv, ut frå eit føremål om å gjere greie for avstandane mellom tekstar og ordformer ved hjelp av eitt eller fleire todimensjonale koordinatsystem, der nokre av dei viktigaste tekstlege/språklege skilnadene blir framstilte langs den eine aksen og andre viktige tekstlege/språklege skilnader blir framstilte langs den andre aksen. Ikkje dess mindre vil det altså vere vanskeleg å skulle leite etter normklynger i eit utval av 216 språklege variablar mellom 330 tekstar ut frå innfallsmetoden, utan nokon form for lingvistisk avveging av kva for former ein jamfører. For å avgjere kva for former som blir *oppfatta* som radikale, moderate og konservative, må ein nesten gå vegen om introspeksjon og informantreaksjonar for å få tilgang til denne typen internaliserte normer som psykologisk fenomen, før ein *i neste omgang* kan bruke funna frå slike studiar som retningslinjer for kva for operative normklynger det er føremålstenleg og fruktbart å leite etter i tekstutvalet.

I dette kapittelet har eg derfor teke utgangspunkt i resultata frå den ovanfor nemnde informantbaserte granskninga som syner kva for ordformer som blir oppfatta som høvesvis radikale, moderate og konservative former innanfor eit utval av 72 språklege variablar. På denne bakgrunn legg eg i kvart av delkapitila nedanfor først fram resultat frå den informantbaserte granskninga som syner kva for språklege former som blei

oppfatta som høvesvis særleg radikale, delvis radikale og svakt radikale, før eg presenterer resultat frå den same granskinga som syner kor stor prosentdel av informantane som rapporterer at dei sjølve brukar desse formene jamført med dei moderate motsvara deira. Deretter jamfører eg desse funna med resultat som syner den absolutte frekvensen av dei same språklege formene i tekstuvalet som ligg til grunn for hovudstudien min, med eit tilhøyrande oversyn over prosentfordelinga mellom dei ulike språklege formene innanfor kvar variabel. Presentasjonen av ulike språklege former som blir oppfatta som meir eller mindre radikale, vil gje eit rimeleg godt grunnlag for å seie noko om kva som er gjeldande internaliserte normer innanfor det nynorske språkbrukssamfunnet i dag, noko som er interessant i seg sjølv med omsyn til framtidig normering. Presentasjonen av kor stor prosentdel av informantane som seier at dei brukar desse formene, jamført med dei moderate motsvara deira, og ikkje minst presentasjonen av deira absolutte frekvensar og prosentfordeling i det samla tekstuvalet som ligg til grunn for hovudstudien, vil på si side gje eit temmeleg godt grunnlag for å seie noko om kva som er gjeldande operative normer innanfor nyare, nynorsk skriftkultur.

Det gjeld vel å merke berre fordeling mellom ulike former innanfor kvar av dei einskilde språklege variablane. For å kartlegge eventuelle operative normklynger beståande av fleire ulike språklege former på tvers av tekstar, er det, som tidlegare argumentert for, føremålstenleg å bruke korrespondanseanalyse som hovudverktøy. Det vil skje i form av ein CA-analyse der eg jamfører dei ulike radikale formene og deira moderate motsvar med utgangspunkt i funna frå den informantbasert granskinga. Men eg presiserer at resultata frå den informantbasert granskinga berre gjev meg eit grunnlag for å finne fram til kva for former som kan vere særleg interessante å samanlikne med kvarandre, utan å ha noko innverknad på resultatet av den samanlikninga som føregår i CA-analysen.


Deretter vil eg gjennomføre tilsvarende prosedyre for språklege variablar som inneholder meir eller mindre konservative former, før eg gjennomfører ein samleanalyse av alle dei radikale, moderate og konservative formene. Avslutningsvis vil eg bruke denne samleanalysen som grunnlag for analysar av nokre andre språklege variablar som eg

meiner kan vere særleg interessante med omsyn til vidare normering av det nynorske skriftspråket. I lys av funna som blir presenterte nedanfor, drøftar eg dei aktuelle rettskrivingane som blei innførde i og med reforma av 2012, både fortløpende for kvart delkapittel og samla i kapittel 7 «Avslutning».

6.1 Variablar med særleg radikale former

Vi ser først på resultata frå den informantbaserte granskingsa, der informantane blei bedne om å kategorisere kvar av ordformene med omsyn til radikalitet og konservativitet. Dette skjedde ved at dei skulle setje kryss i ein av fem boksar bak kvar ordform merkt med **Konservativ - Konservativ/Moderat - Moderat - Moderat/Radikal – Radikal**. På denne bakgrunn valde eg først ut fem språklege variablar som inneholdt ordformer som blei oppfatta som særleg radikale, for nærmare analysar. Det var *bare/berre*, *noe/noko*, *mye/mykje*, *nå/no*, *da/då*, som vi ser den innbyrdes prosentvise fordelinga av i diagrammet nedanfor.

Diagram 1.1 Stabla stolpediagram som syner kor mange prosent av informantane som reknar den aktuelle ordforma for å vere høvesvis konservativ, konservativ/moderat, moderat, moderat/radikal eller radikal




Diagrammet syner at om lag tre fjerdedelar av respondentane i den informantbaserte granskninga reknar *bare* (70 %), *noe* (77 %) og *mye* (78 %) for å vere markert radikale former, medan om lag halvparten meiner det same om *nå* (51 %) og *da* (45 %).

Samstundes ser vi at over halvparten av respondentane reknar dei alternative formene *berre* (55 %), *noko* (56 %), *mykje* (54 %), *no* (56 %) og *då* (51 %) for å vere typisk moderate. Tek vi med mellomkategorien moderat/konservativ, er det om lag tre fjerdedelar som reknar med at desse formene er moderate-moderate/konservative.

Informantane blei også bedne om å setje eit kryss i ein boks merkt med **Brukar sjølv** bak dei ordformene som dei brukar sjølve, noko vi ser resultatet av i diagrammet nedanfor.

Diagram 1.2 Gruppert stolpediagram som syner kor mange prosent av informantane som rapporterer at dei brukar den eine eller den andre forma innanfor kvar av dei fem aktuelle variablane¹²




¹² Prosenten innanfor kvar variabel summerer seg ikkje alltid til 100. Dette fordi det synter seg at nokre få av respondentane hadde late vere å krysse av både på den eine og den andre ordforma innanfor nokre av variablane, og at nokre av respondentane hadde kryssa av på både den eine og den andre ordforma innanfor andre variablar.

Vi ser at 80-90 % av respondentane gjev opp at dei brukar dei moderate formene *berre*, *noko*, *mykje*, *no* og *då* når dei skriv sjølve, medan godt under 10 % rapporterer at dei brukar det som blir oppfatta som klart radikale former: *bare*, *noe*, *mye* og *nå*. Unntaket er *da*, som så pass mykje som 15 % av respondentane gjev opp at dei brukar sjølve.

Lat oss no jamføre desse funna med funn frå den korpusbaserte granskingsa, der vi kartla kva for former som blei brukte i eit breitt og stort samansett utval av faktiske nynorske tekstar henta frå perioden 1980-2010. Leksema BERRE, NOKO, MYKJE, NO og DÅ er venteleg typisk høgfrekvente former i dei fleste tekstar, og i diagrammet nedanfor ser vi kor mange førekomstar det er av dei alternative skrivemåtane av desse variablane i det samla tekstutvalet.

Diagram 1.3 Gruppert stolpediagram som syner kor mange førekomstar det er av den eine og den andre ordforma innanfor kvar av dei fem aktuelle variablane i det samla tekstutvalet



Vi kan slå fast at dei formene som eit fleirtal av mine informantar reknar for å vere moderate former, og som det desiderte fleirtalet av informantane gjev opp at dei brukar sjølve, også er fullstendig dominerande over dei radikale formene i tekstutvalet.

Faktum er at det er ein slåande likskap mellom funna i den informantbaserte granskingsa og funna i den korpusbaserte granskingsa, sjølv om dei moderate formene er endå meir dominerande i tekstutvalet enn i den informantbaserte granskingsa. Dette blir

endå tydelegare om vi ser på sektordiagram som syner prosentfordelinga mellom dei ulike formene innanfor kvar variabel i det samla tekstuvalet.

Diagram 1.4 Sektordiagram som syner prosentfordelinga mellom dei ulike formene innanfor kvar variabel




Diagramma syner at moderate former som *berre*, *noko* og *mykje* utgjer heile 95-97 % av formvala innanfor sine respektive variablar i det samla tekstuvalet, medan dei motsvarande radikale formene då berre utgjer 3-5 %, noko som samsvarar bra med den rapporterte bruken i den informantbaserte granskingsa. Fordelinga er litt jamnare når det gjeld *nå/no* og *da/då*, noko som kan ha samanheng med det faktum at ein noko lægre prosent av informantane rekna *nå* (51 %) og *da* (45 %) for å vere markert radikale former jamført med dei andre særleg radikale formene. Likevel utgjer forma *no* så mykje som 88 % av formvala i tekstuvalet, noko som samsvarar godt med at 90 % av informantane rapporterer at dei sjølve brukar denne forma, medan forma *då* utgjer så mykje som 79 % av formvala i utvalet, noko som samsvarar bra med at 84 % av informantane rapporterte at dei sjølve brukar denne forma. Alt i alt må det kunne seiast å vere eit nokså slåande samsvar mellom funna i den informantbaserte granskingsa og funna i den korpusbaserte granskingsa for desse variablane.

I *Ny læreboknormal 1959* og rettskrivinga som var gjeldande fram til 1.8.2012, var formene *berre*, *noko*, *mykje*, *no*, *da* og *då* hovudformer, medan formene *bare*, *noe*, *mye*

og *nå* var sideformer. I den nye rettskrivinga frå 2012 er formene *berre*, *noko* og *mykje* eineformer; formene *no* og *nå* og *da* og *då* jamstilte former, medan formene *bare*, *noe* og *mye* har gått ut av rettskrivinga. Gjeve at «Det vesentlege grunnlaget for normering av nynorsk skriftspråk er språket slik det ser ut i nynorsk tekst, med særleg vekt på tekstar som blir vurderte som normdannande» (Språkrådet 2015:12), tilseier mine funn at dette i hovudsak er rimelege vurderingar. Formene som no står som eineformer, er fullstendig dominerande i det store og breitt samansette tekstutvalet som ligg grunn for mi gransking, medan formene som er tekne ut av rettskrivinga, *berre* har marginal bruk. Samstundes er iallfall den radikale forma *da* så pass frekvent at den kan hende forsvavar ein plass som jamstilt form i rettskrivinga. Derimot utgjer forma *nå* berre 12 % av formene for denne variabelen i det samla tekstutvalet, *noko* som gjer at det kan hende er grunn til å setje spørjeteikn ved avgjerdsla om å ta med forma i den offisielle rettskrivinga.

På bakgrunn av mandatet frå styret i Språkrådet knesette nemnda som fekk i oppdrag å legge fram innstilling til ny rettskriving, fire prinsipp som skulle følgjast i det konkrete normeringsarbeidet (Språkrådet 2011:38):


- 1 Nynorsken skal normerast på eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål).
- 2 Normeringa skal skje ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (det skal bli ei nasjonal norm, ikkje regionale normer).
- 3 Talemålsformer med stor geografisk utbreiing skal tilleggjast vekt.
- 4 Lite brukte former skal som hovudregel takast ut av norma, mens variantar som står sterkt, skal jamstilla.

Til skilnad frå mi gransking tek nemnda altså òg omsyn til talemålsformer med stor geografisk utbreiing. Det er såleis mogeleg at det let seg forsvare å ta med forma *nå* ut frå at den eventuelt har stor geografisk utbreiing. Samstundes merker vi oss at det siste prinsippet tilseier at ein som hovudregel skal ta lite brukte former ut av norma, medan ein (berre) skal jamstille variantar som står sterkt. Nemnda definerer ikkje nærmare kva ho meiner med lite brukte former, men etter mi vurdering er 12 % heller lite, *noko* som tilseier at forma *nå* kan hende ikkje burde ha vore med i den nye rettskrivinga.

6.2 Variablar med delvis radikale former

Her skal vi sjå på nokre variablar som hadde variantar som i den informantbaserte granskninga blei oppfatta som noko mindre radikale former enn kva som var tilfellet i kapittel 6.1. På bakgrunn av resultata frå denne granskninga valde eg ut seks språklege variablar som inneheld ordformer som blei oppfatta som delvis radikale, for nærmare analysar. Det var *mulig/muleg/mogelig/moglig/mogeleg/mogleg*, *annen/annan*, *skole/skule*, *kjøra/kjøre/køyra/køyre*, *holdning/haldning* og *drøm/draum*, og vi ser først på korleis informantane kategoriserte dei med omsyn til radikalitet og konservativitet.

Diagram 2.1 Stabla stolpediagram som syner kor mange prosent av informantane som reknar den aktuelle ordforma for å vere høvesvis konservativ, konservativ/moderat, moderat, moderat/radikal eller radikal




Diagrammet syner at om lag halvparten av respondentane i den informantbaserte granskninga reknar *mulig* (56 %), *annen* (47 %), *skole* (46 %), *kjøre* (44 %), *holdning* (38 %) og *drøm* (51 %) for å vere markert radikale former, medan ein klart mindre del meiner det same om *muleg* (12 %) *mog(e)lig* (21 %) og *kjøra* (24 %). Samstundes ser vi at om lag halvparten av respondentane reknar dei alternative formene *møgleg* (38 %), *annan* (44 %), *skule* (53 %), *køyre* (53 %), *haldning* (51 %) og *draum* (54 %) for å vere typisk moderate. Tek vi med kategorien moderat/konservativ, er det om lag tre fjerdedelar som reknar med at desse formene er moderate-moderate/konservative. Alt i

alt tyder dette på at dei radikale variantane av desse variablane jamt over blir rekna for å vere noko mindre radikale enn variablane i kapittel 6.1, og at dei slik kan bli karakteriserte som delvis radikale former.

Informantane blei som tidlegare nemnt også bedne om å merke av dei ordformene som dei brukar sjølve, noko vi ser resultatet av i diagrammet nedanfor.

Diagram 2.2 Gruppert stolpediagram som syner kor mange prosent av informantane som rapporterer at dei brukar den eine eller den andre forma innanfor kvar av dei sju aktuelle variablane




Vi ser at 70-90 % av respondentane gjev opp at dei brukar dei moderate formene *mog(e)leg*, *annan*, *skule*, *køyre*, *haldning* og *draum* når dei skriv sjølve, medan 5-25 % rapporterer at dei brukar det som blir oppfatta som meir eller mindre radikale former, slik som *mulig*, *muleg*, *annen*, *skole*, *kjøre*, *holdning* og *drøm*. Alt i alt viser dette at desse delvis radikale formene i nokon mon blir meir brukte av respondentane enn kva som er tilfellet med dei særleg radikale formene i kapittel 6.1.

Lat oss no jamføre funna frå den informantbaserte granskingsa med funn frå den korpusbaserte granskingsa. Leksema MOGLEG, ANNAN, SKULE, og særleg leksema KØYRE, HALDNING og DRAUM er venteleg mindre frekvente i eit gjeve tekstutval enn leksema i kapittel 6.1, noko som blir stadfesta av diagrammet nedanfor, der vi ser kor mange førekomstar det er av dei alternative skrivemåtane av desse variablane i det


samla tekstutvalet. Av visuelle og pedagogiske årsaker har eg valt å slå saman funna frå *mulig* og *muleg*; *mogeleg* og *mogleg*; *kjøra* og *kjøre* og *køyra* og *køyre* til kvar sine samlekategoriar i diagrammet. Resultatet frå spørjegranskinga tyder nemleg på at både former i dei samanslegne kategoriane i all hovudsak blir rekna for å vere anten radikale eller moderate, kan hende med unntak for *mulig* og *muleg*, der førstnemnde blir rekna for å vere meir radikal enn sistnemnde. Tilfella *mogelig* og *moglig* er utelatne frå diagrammet, rett og slett fordi det ikkje finst nokon førekomstar av dei i tekstuvalet, noko som jo er eit interessant funn i seg sjølv.

Diagram 2.3 Gruppert stolpediagram som syner kor mange førekomstar det er av den eine og den andre ordforma innanfor kvar av dei seks aktuelle variablane i det samla tekstuvalet



Vi kan slå fast at dei formene som eit fleirtal av mine informantar reknar for å vere moderate former, og som fleirtalet av informantane gjev opp at dei brukar sjølve, også er temmeleg dominante i høve til dei radikale formene i tekstuvalet. Dersom vi ser på sektordiagram som syner prosentfordelinga mellom dei ulike formene innanfor kvar variabel, får vi jamført resultatet frå den korpusbaserte granskinga meir direkte med resultatet frå den informantbaserte granskinga, jamvel om vi i førstnemnde i nokre høve opererer med samlekategoriar.

Diagram 2.4 Sektordiagram som syner prosentfordelinga mellom dei ulike formene innanfor kvar variabel



Ei jamføring mellom den innbyrdes fordelinga av formval i kapittel 6.1 og 6.2 syner at ein noko større del av individua har brukta dei delvis radikale formene i 6.2 enn kva tilfellet var med dei særleg radikale formene i 6.1. Det er med andre ord ein tendens til at former som av fleirtalet av mine informantar blir rekna for å vere mindre markert radikale, i noko større grad også blir brukte i faktiske tekstar enn tilfellet er med former som fleirtalet av mine informantar blir rekna for å vere markert radikale. Vi kan elles merke oss at det er eit visst mistilhøve mellom rapportert bruk i den informantbaserte granskingsa og den faktiske bruken i den korpusbaserte granskingsa for variablane i kapittel 6.2, då det er ein klar tendens til at ein mindre del av mine informantar rapporterer at dei brukar dei moderate formene enn kva dei faktiske tala frå den korpusbaserte granskingsa tilseier. Vi ser til dømes at medan «berre» mellom 70 og 80 % rapporterer at dei brukar dei moderate formene *mog(e)leg*, *annan*, *haldning* og *draum*, syner den korpusbaserte granskingsa at desse formene utgjer 90 % eller meir av formvala i faktiske tekstar. Motsett blir det då for dei delvis radikale motsvara: ved dei fleste variablane rapporterer om lag 20 % av mine informantar at dei brukar dei delvis radikale motsvara, medan den korpusbaserte granskingsa syner at det i røynda

berre er om lag 10 % som vel desse formene. Unntaket er *skole/skule*, der berre 7,5 % av informantane rapporterer at dei brukar den delvis radikale forma *skole*, medan den korpusbaserte granskingsa syner at denne forma utgjer så mykje som 15 % av formvala i tekstutvalet.

Det er grunn til å understreke at den informantbaserte granskingsa og den korpusbaserte granskingsa baserer seg på ulike kjelder, og at ein såleis ikkje naudsynlegvis kan vente full korrespondanse mellom rapportert bruk og faktisk bruk. Som vi har sett, kviler den informantbaserte granskingsa på det ein kan karakterisere som eit strategisk utval av det ein kan vente er særleg kompetente nynorskbrukarar, medan den korpusbaserte granskingsa baserer seg på eit veldig stort og breitt samansett utval av det ein kan karakterisere som nyare normberande nynorske tekstar. Den første måler det vi ovanfor har omtala som internaliserte normer; den andre måler det vi ovanfor har omtala som operative normer. Ikkje dess mindre syner det påviste mistilhøvet mellom rapportert bruk og faktisk bruk det vitskapsteoretisk viktige ved å jamføre intuisjonar og informantreaksjonar med korpus, slik både Dyvik (1993:170), Johannessen (2003:136) og Schütze (2011:216) strekar under.

I rettskrivinga som var gjeldande fram til 2012, var dei fleste av dei ovanfor nemnde formene jamstilte hovudformer, nemleg *mogleg* og *mogeleg*; *skole* og *skule*; *kjøra*, *kjøre*, *køyra* og *køyre* og *holdning* og *haldning*, medan *annan* og *draum* var hovudformer og *annen*, *drøm* og *moglig*, *mogelig*, *mulig* og *muleg* var sideformer. I den nye rettskrivinga er formene *mogleg* og *mogeleg*; *køyra* og *køyre* og *skule* og *skole* jamstilte former, medan formene *haldning*, *annan* og *draum* er eineformer og dei radikale formene *holdning*, *annen* og *drøm* har gått ut av rettskrivinga. Mine funn frå nyare skriftspråkleg praksis tilseier at dette i hovudsak er rimelege vurderingar. Formene som no står som eineformer, er nemleg temmeleg dominerande i tekstuvalet som ligg grunn for mi granskning (87-96 %), medan dei radikale formene som er tekne ut av rettskrivinga, er temmeleg lite brukte (4-13 %).


Når det gjeld variabelen *skule/skole*, var den tidlegare nemnde rettskrivningsnemnda mykje i tvil (Språkrådet 2011:59). Med tilvising til at *skole* er brukt som felles

namneform på mange høgskular, er utbreidd som talemålsform og står sterkt i nynorsk skrifttradisjon, konkluderte nemnda med å tilrå at dei to formene blei jamstilte, noko som også blei resultatet i den endelige rettskrivinga. Etter mi vurdering er det grunn til å stille spørsmål ved påstanden om at *skole* står sterkt i nynorsk skrifttradisjon, då min studie syner at berre 15 % av førekommstane i det samla tekstuvalet er på denne forma, noko som i sin tur reiser tvil om det er rimeleg at forma er med i rettskrivinga.

6.3 Variablar med svakt radikale former

Vi skal her sjå på nokre variablar der den eine varianten i den informantbaserte granskninga blei oppfatta som svakt radikal, medan den andre varianten blei oppfatta som moderat eller jamvel svakt konservativ, dvs. variablar med lite markerte former. Dei variablane som på dette grunnlaget blei valde ut for nærmare analysar, var *enten/anten*, *bygge/byggje*, *rekke/rekkje*, *skyld/skuld* og *tåla/tåle/tola/tole*, og vi ser først på korleis informantane kategoriserte dei med omsyn til radikalitet og konservativitet.


Diagram 3.1 Stabla stolpediagram som syner kor mange prosent av informantane som reknar den aktuelle ordforma for å vere høvesvis konservativ, konservativ/moderat, moderat, moderat/radikal eller radikal



Diagrammet syner at om lag ein fjerdedel av respondentane i den informantbaserte granskingsa reknar *bygge* (25 %), *rekke* (24 %), *skyld* (24 %), *enten* (23 %) og *tåle* (26 %) for å vere markert radikale former, medan ein noko mindre del meiner det same om a-former som *bygga* (11 %) og *tåla* (10 %). Samstundes ser vi at ein stor del av respondentane plasserer dei nemnde formene i mellomkategorien moderat/radikal, medan ein del jamvel reknar dei for å vere moderate. Vidare ser vi at kring halvparten av respondentane reknar dei alternative formene *byggje* (47 %), *rekke* (52 %), *skuld* (47 %) og *tole* (54 %) for å vere typisk moderate, medan ein dryg tredjedel (37 %) reknar *anten* for å vere typisk moderat. Vi merker oss også at ein god del av informantane plasserer desse formene i mellomkategorien moderat/konservativ – og jamvel i kategorien konservativ. Alt i alt tyder dette på at dei radikale variantane av variablane i dette kapittelet jamt over blir rekna for å vere klart mindre radikale enn tilsvarande variantar i kapittel 6.1 og noko mindre radikale enn tilsvarande variantar i kapittel 6.2. På dette grunnlag kan ein omtale variantane *bygge*, *rekke*, *skyld*, *enten* og *tåle* som svakt radikale former.

Informantane blei også bedne om å merke av dei ved dei ordformene som dei brukar sjølve, noko vi ser resultatet av i diagrammet nedanfor.


Diagram 3.2 Gruppert stolpediagram som syner kor mange prosent av informantane som rapporterer at dei brukar den eine eller den andre forma innanfor kvar av dei fem aktuelle variablane



Vi ser at berre litt over halvparten av respondentane gjev opp at dei brukar dei moderate formene når dei skriv sjølve, medan litt under halvparten rapporterer at dei brukar det som blir oppfatta som svakt radikale former. Unntaket er *skuld/skyld*, der så mykje som to tredjedelar av respondentane rapporterer at dei brukar den førstnemnde, moderate forma, medan ein tredjedel rapporterer at dei brukar den sistnemnde, radikale forma. Alt i alt viser dette at den rapporterte bruken av desse svakt radikale formene er klart høgre enn kva tilfellet var med dei radikale variantane i kapittel 6.1 og ein god del høgre enn kva tilfellet var med dei delvis radikale variantane i kapittel 6.2.

Lat oss no jamføre funna frå den informantbaserte granskninga med funn frå den korpusbaserte granskninga. Leksema BYGGJE, REKKJE, SKULD, ANTEN og TOLE er venteleg mindre frekvente i eit gjeve tekstuval enn leksema i kapittel 6.2, noko som blir stadfesta av diagrammet nedanfor, der vi ser kor mange førekommstar det er av dei alternative skrivemåtane av desse variablane i det samla tekstuvalet. Av visuelle og pedagogiske årsaker har eg valt å slå saman funna frå *bygga* og *bygge*; *byggja* og *byggje*; *tåla* og *tåle* og *tola* og *tole* til kvar sine samlekategoriar i tabellen.


Diagram 3.3 Gruppert stolpediagram som syner kor mange førekommstar det er av den eine og den andre ordforma innanfor kvar av dei fem aktuelle variablane i det samla tekstuvalet



Sjølv om dei formene som eit fleirtal av informantane reknar for å vere moderate former, og som eit knapt fleirtal av informantane gjev opp at dei brukar sjølve,

dominerer over dei svakt radikale formene også i tekstuvalet, ser vi at dominansen er langt mindre i dette tilfellet enn kva tilfella var i kapittel 6.2 og, særleg, i kapittel 6.1. Om vi ser på sektordiagram som syner prosentfordelinga mellom dei ulike formene innanfor kvar variabel, får vi jamført resultatet frå den korpusbaserte granskninga meir direkte med resultatet frå den informantbaserte granskninga, jamvel om vi i sistnemnde i nokre høve opererer med samlekategoriar.

Diagram 3.4 Sektordiagram som syner prosentfordelinga mellom dei ulike formene innanfor kvar variabel



Dersom vi jamfører den innbyrdes fordelinga av formval i 6.1, 6.2 og 6.3, ser vi at ein klart større relativ del av individua har brukte dei svakt radikale formene i 6.3 enn kva tilfellet var med dei delvis radikale formene i 6.2, som igjen har ein høgre relativ del i tekstuvalet enn kva tilfellet var med dei markert radikale formene i 6.1. Det er med andre ord ein klar tendens til at dess mindre radikal ei gjeven form blir rekna for å vere, dess meir blir den brukt i faktiske tekstar. Eit unntak frå denne tendensen finn vi ved forma *skyld*, som trass i at den blir rekna for å vere berre svakt radikal, berre er bruk i 9 % av førekomstane av denne variabelen i tekstuvalet. For denne variabelen merker vi oss at det dessutan er eit tydeleg mistilhøve mellom den faktiske bruken i tekstuvalet og den rapporterte bruken, sidan så mykje som 31 % av informantane gjev opp at dei brukar denne forma. Det same gjeld dei svakt radikale formene *bygge*, *rekke*,

og *tåle*, som mellom 40 og 50 % av respondentane rapporterer at dei brukar sjølve, medan dei i tekstuvalet berre er å finne i mellom 20 og 30 % av førekostane. Som vi var inne på i førre delkapittel, kan dette mistilhøvet botne i at dei to granskingane baserer seg på ulike kjelder, der den informantbaserte granskninga måler internaliserte normer i eit strategisk utval av nynorskbrukarar, medan den korpusbaserte granskninga måler operative normer slik dei nedfeller seg i eit stort og samansett utval av normberande nynorske tekstar. Ei anna mogeleg forklaring på mistilhøvet kan vere at tekstuvalet er henta frå perioden 1980-2010, medan den informantbaserte granskninga vart gjennomført i 2015. Som vi var inne på i teoridelen, er det nemleg ikkje usannsynleg at det som av mange blei rekna for å vere nokså radikale former på eitt tidspunkt i historia, blir rekna for å vere mindre radikale former på eit seinare tidspunkt i historia, noko som i sin tur kan føre til at stendig fleire brukar dei aktuelle formene.

I rettskrivinga som var gjeldande fram til 2012, var *bygga*, *bygge*, *byggja* og *byggje*; *rekke* og *rekkje* og *skyld* og *skuld* jamstilte hovudformer, medan *anten* og *tola/tole* var hovudformer og formene *enten* og *tåla/tåle* var sideformer. I den nye rettskrivinga er formene *bygga*, *bygge*, *byggja* og *byggje*; *rekke* og *rekkje*; *skyld* og *skuld* og *anten* og *enten* jamstilte former, medan *tola/tole* er eineformer og *tåla/tåle* har gått ut av rettskrivinga. Jamfört med vedtaka for variablane i kapittel 6.2 og særleg kapittel 6.1 ser vi at fleire av dei radikale formene i dette kapittelet har blitt jamstilte i den nye rettskrivinga, og at færre former har blitt tekne ut av rettskrivinga. Dette stemmer bra overeins med funna i mi granskning, som syner at det er ei langt jamnare fordeling i bruken av dei radikale og moderate formene her enn kva tilfellet var i 6.2. og 6.1. På dette grunnlag kan ein hevde at mine funn frå nyare skriftspråkleg praksis tilseier at vedtaka som er gjort for dei aktuelle variablane, i hovudsak er rimelege. Det er likevel eitt vedtak ein kan setje spørjeteikn ved, gjeve premissen om at ein skal vektlegge skriftspråkleg praksis, nemleg at *skyld* er jamstilt med *skuld*. Mi granskning syner nemleg at berre 9 % av førekostane i det samla tekstuvalet er på denne forma.

6.4 Samvariasjon av radikale og moderate former

Til no har vi berre sett på fordelinga mellom ulike former innanfor kvar av dei einskilde språklege variablane for seg. For å kartlegge eventuelle operative normklynger beståande av fleire ulike språklege former på tvers av tekstar brukar eg korrespondanseanalyse som hovudverktøy. I ein innleiande fase av analysearbeidet gjennomførte eg først separate korrespondanseanalysar innanfor kvart av dei tre delkapitla 6.1-6.3. Dei innleiande analysane peika i retning av at det kunne vere hald i hypotesen (H_1) om at det innanfor tekstutvalet ville vekse fram normklynger beståande av bestemte språklege kategoriar som kunne la seg identifisere som subvarietetar av det nynorske skriftspråket. Både i jamføringa mellom særleg radikale og moderate former, i jamføringa mellom delvis radikale og moderate former og i jamføringa mellom svakt radikale og moderate former syntes analysane at det var klare tendensar til at det i tekstuvalet dannar seg normklynger beståande av moderate former.

Samstundes var det slik at dei innleiande analysane baude på problem knytt til manglande statistisk stabilitet, noko som er eit vanleg problem innanfor CA når ein jamfører lågfrekvente variablar med høgfrekvente variablar, slik tilfellet var her (McEnery og Hardie 2012:52). Derfor vel eg å ikkje presentere resultata av desse analysane her. I staden går vi direkte til ein analyse der eg jamfører *alle* dei ovanfor nemnde radikale former med deira moderate motsvar samstundes, då denne syntes seg å gje langt meir statistisk stabile resultat.

I samsvar med metodikken for CA-analysar kørde eg først ein førebels analyse med utgangspunkt i tabellverdiane for kvar av dei ovanfor nemnde variablane for alle individar og alle tekstane i materialet. Men det syntes seg raskt at dei særleg radikale formene frå kapittel 6.1 hadde avvikande profilar jamført med alle andre former, noko som dermed skapte statistisk ustabilitet. Særleg formene *noe*, *mye* og *da*, men også former som *nå*, *bare* og *kjøre* fekk til dels ekstreme koordinatar i den førebelse analysen. Den vanlegaste grunnen til at ein får slike uteliggjarar, er som nemnt at ein jamfører svært lågfrekvente former med svært høgfrekvente former, noko som er tilfellet med dei moderate motsvara deira, altså *noko*, *mykje*, *då*, *no*, *bare* og, i mindre grad, *køyre* (McEnery og Hardie 2012:52). For å gjere den statistiske analysen meir

stabil valde eg, i tråd med metodikken innanfor CA-analysar, derfor å gjere dei nemnde formene og dei moderate motsvara deira om til supplementærpunkt, medan eg beheldt dei delvis radikale og dei svakt radikale formene og dei moderate motsvara deira som aktive punkt (Lebart 1998:60f, Hjellbrekke 1999:108f, Greenacre 2007:89f). Sidan det er slik at variablar med fleire enn to kategoriar kan få urimeleg stor innverknad på aksedanninga, valde eg også å ta ut dei lågfrekvente a-infinitivane *bygga* og *byggja*, medan eg beheldt e-infinitivane *bygge* og *byggje*. Etter dette metodiske grepet får vi danna tabellen nedanfor, som syner kor stor del av den samla variansen av dei aktive variablane som blir fanga opp av dei fem første aksane.

Tabell 4.1 Variansen til aksane, målt i eigenverdi og i prosent av den totale variasjonen

Aksenummer	Eigenverdi	Prosent	Akkumulert prosent
1	0,296	15,5	15,5
2	0,231	12,1	27,6
3	0,184	9,6	37,2
4	0,169	8,8	46,0
5	0,131	6,9	52,9

Talet på dimensjonar i eit barysentrisk koordinatsystem vil alltid vere det minste av ($R - 1$) og ($K - 1$), der R er talet på radar og K er talet på kolonnar, noko som i dette tilfellet inneber at ein treng 19 aksar for å fange opp den totale variansen i materialet (Hjellbrekke 1999:30). Men sidan det er vanskeleg for det menneskelege sinnet å førestille seg slike fleirdimensjonale rom, vil ein, som vi såg i metodekapittelet, freiste å avdekkje den underliggende informasjonen i ei matrise ved å framstille den viktigaste informasjonen ved hjelp av eitt eller fleire todimensjonale koordinatsystem, der nokre av dei viktigaste språklege skilnadene blir framstilte langs den eine aksen og andre viktige språklege skilnader blir framstilte langs den andre aksen. Det finst ikkje noko fasitsvar på kor mange aksar og faktorplan ein skal tolke, men målet er å gå vidare med færrest mogeleg aksar samstundes som ein tek vare på mest mogeleg informasjon frå det opphavelege fleirdimensjonale rommet/den opphavelege matrisa. Som Hjellbrekke (1999:34) skriv, gjeld det å finne dei aksane som dannar dei faktorplana som best kan skildre strukturane i punktskyene. I dette tilfellet ser vi at godt over 50 % av den totale variansen blir fanga opp av dei fem første aksane, og at albogekriteriet tilseier at det er nok å tolke dei tre første aksane (Hjellbrekke

1999:38). Men før ein kan ta til å tolke resultata, treng ein som både Lebart (1998:58), Hjellbrekke (1999:41) og Greenacre (2007:81) understrekar, også å finne ut kva for kategoriar (ordformer) som har vore dei viktigaste for konstruksjonen av aksane i planet. Det finn ein ut ved å rekne ut dei absolutte bidraga, som syner bidraget frå ein gjeven kategori (ordform) til ein bestemt akse. Tabellen nedanfor syner bidraga frå dei aktive punkta til dei tre første aksane.


Tabell 4.2 Relativ masse, avstand til origo og bidrag frå dei aktive punkta til aksane

Variabel	Relativ vekt	Avstand til origo	Akse 1	Akse 2	Akse 3
mulig	1,242	6,875	3,012	2,486	0,738
mogleg	19,895	0,726	14,008	8,938	0,434
annen	1,066	8,764	2,563	2,482	0,080
annan	27,035	0,382	19,022	5,556	1,510
skole	2,201	4,909	0,236	2,091	14,321
skule	12,017	1,616	30,555	13,628	28,299
holdning	0,287	26,299	0,488	0,244	0,503
haldning	2,533	1,753	0,004	0,006	0,023
drøm	0,225	25,700	1,700	0,083	0,314
draum	2,045	2,907	2,083	0,499	3,111
bygge	3,230	4,730	1,889	30,944	5,504
byggje	5,492	2,562	2,378	0,583	19,467
rekke	2,406	4,840	5,346	11,892	0,697
rekjkje	8,911	1,038	3,661	1,884	8,492
skyld	0,434	12,884	0,847	0,341	0,288
skuld	4,320	3,032	10,546	3,832	12,869
enten	2,250	5,468	0,799	11,149	2,230
anten	3,361	1,589	0,696	3,169	0,363
tåle	0,418	9,003	0,127	0,189	0,213
tole	0,631	6,707	0,042	0,004	0,543

Vi ser at akse 1 i hovudsak blir danna på grunnlag av dei moderate formene *mogleg*, *annan*, *skule* og *skuld*, som har eit samla bidrag på nesten 75 %. Akse 2 blir i hovudsak definert av dei moderate ordformene *skule* og *mogeleg* og dei radikale ordformene *bygge*, *rekke* og *enten*, som også har eit samla bidrag på nesten 75 %. Når det gjeld akse 3, kjem dei viktigaste bidraga frå dei moderate formene *skule*, *byggje* og *skuld* på den eine sida og den delvis radikale forma *skole* på den andre, som også har eit samla bidrag på nesten 75 %. Sidan akse 2 og 3 blir definerte av opposisjonar mellom moderate og radikale former som er interessante for forskingsspørsmålet for denne avhandlinga, medan akse 1 i hovudsak berre blir danna på grunnlag av moderate former, vel eg å rette det vidare sokjelyset inn mot spørsmålet om kva for

samanhangar som kjem til syne i faktorplan 2-3. Det inneber at ein konstruerer eit barysentriske koordinatsystem med dei to nemnde aksane på grunnlag av dei aktive punkta, før ein projiserer inn dei passive punkta, som då blir tilordna sine respektive posisjonar i koordinatsystemet utan å verke inn på danninga av systemet.

Graf 4.1 Samling av radikale vs. moderate former. Faktorplan 2-3



Blå punkt markerer tekstar i individskya medan brune trekantar markerer aktive punkt og grøne trekantar markerer passive punkt i kategoriskya.

Vi legg merke til er at det dannar seg ei tydeleg normklynge beståande av moderate former nær barysenteret, noko som altså indikerer at dei har ein tendens til å oppstre i lag på tvers av tekstane i utvalet. Eigentleg kan ein karakterisere biletet med ei

metaforisk tilvising til «ringar i vatn», der dei mest typisk moderate formene ligg nær barysenteret, medan dei mindre typisk moderate formene ligg noko lenger vekk, og til høgre for akse 3. Samla sett tyder dette på at det er grunnlag for å rekne med ei normklynge beståande av moderate former som *då, no, noko, mykje, berre, haldning, tole, byggje, rekkje, anten, mogeleg, annan, draum* og *skuld*.

Dei fleste radikale formene samlar seg i nedre venstre kvadrant, noko som reiser spørsmål om det også kan vere grunnlag for å rekne med ei normklynge av desse radikale formene. Samstundes ser vi at det er større innbyrdes avstand mellom desse enn mellom dei (flest) moderate formene, noko som gjer at ein bør vere noko varsam med å trekke sikre konklusjonar på dette punktet. Den relativt store innbyrdes avstanden mellom dei indikerer nemleg som tidlegare nemnt at det ikkje er vanleg at dei opptrer i lag. Det kan tyde på at det her er tale om lågfrekvente former som kvar for seg blir brukte av einskildskribentar meir eller mindre uavhengig av andre formval. Samstundes er det jo naturlegvis ein viss sjanse for at skribentar som brukar ei gjeven radikal form, ikkje brukar nokon av dei andre radikale formene i dei tekstane som er med i utvalet, all den tid dei radikale formene er så pass lågfrekvente. På det viset kan den store innbyrdes avstanden mellom to radikale former (til dømes *noe* og *nå*) skuldast at dei som skriv ei gjeven radikal form (til dømes *noe*) i tekstar i utvalet, tilfeldigvis ikkje brukar verken *nå* eller *no* i det heile i dei aktuelle tekstane, men at dei ville ha brukt den radikale forma *nå*, dersom det aktuelle leksemnet i det heile var med i teksten. I så tilfelle kan det likevel vere tale om ei normklynge bestående av radikale former – om enn med svakare interne bindingar enn kva tilfellet er for den nemnde normklynga av moderate former.


Vi kan elles merke oss at dei to formene *da* og *då* hamnar relativt nær kvarandre i rommet, noko som kan verke overraskande då førstnemnde presumptivt er ei radikal form, medan sistnemnde presumptivt er ei moderat form. Dersom ein går bak dei overordna kategoriane radikal og moderat, syner det seg at dette likevel har ei rimeleg forklaring. For det første syner den informantbaserte granskingsa at *da* blir rekna for å vere markert radikal av godt under halvparten av informantane. For det andre, og i denne samanhengen viktigaste, syner den opphavlege resultatmatrisa at heile 58 % av

dei 330 skribentane i korpuset vekslar mellom å bruke formene *da* og *då* i ulike tekstar, medan 33 % heldt seg konsekvent til forma *då* og 9 % heldt seg konsekvent til forma *da* (Helset 2013). Det at ein så høg del av skribentane vekslar mellom å bruke dei to formene, forklarar langt på veg kvifor dei hamnar nær kvarandre i rommet. På generelt grunnlag er det viktig å presisere at grafen som er presentert ovanfor, trass i relativt stor statistisk stabilitet, berre representerer eit forenkla bilet av den samla variansen i materialet, noko som inneber at det er statistisk forsvarleg å tolke hovudtendensar som synt ovanfor, samstundes som ein må vere varsam med å overtolke detaljar i grafen.

6.5 Variablar med særleg konservative former

Som nemnt i innleiinga til dette kapittelet, vil eg i det følgjande gjennomføre tilsvarande analysar for variablar med konservative former som dei ovanfor gjennomførte analysane for variablar med radikale former. Vi ser først på seks språklege variablar som inneheld ordformer som av respondentane i den informantbaserte granskninga blei oppfatta som særleg konservative, nemleg *honom/han, ljud/lyd, ljós/lys, sumar/sommar, so/så* og *hjå/hos*.


Diagram 5.1 Stabla stolpediagram som syner kor mange prosent av informantane som reknar den aktuelle ordforma for å vere høvesvis konservativ, konservativ/moderat, moderat, moderat/radikal eller radikal



Diagrammet syner at kring tre fjerdedelar av respondentane i den informantbaserte granskninga reknar *honom* (80 %), *ljod* (85 %), *ljos* (66 %) og *sumar* (68 %) for å vere markert konservative former, medan knapt halvparten meiner det same om *so* (43 %) og *hjå* (47 %). Samstundes ser vi at om lag tre fjerdedelar av respondentane reknar dei alternative formene *han* (80 %), *lyd* (75 %), *lys* (71 %) og *sommar* (68 %) for å vere typisk moderate, medan kring halvparten reknar dei alternative formene *så* (56 %) og *hos* (40 %) for å vere moderate. Ein kan slik hevde at dei mest konservative formene blir rekna for å vere jamvel meir markerte enn dei mest radikale formene i kapittel 6.1, medan ein større del av respondentane reknar dei moderate motsvara deira for å vere heilt umarkerte jamført med det som var tilfellet i kapittel 6.1.

Informantane blei som vi har sett også bedne om å setje eit kryss i ein boks merkt med **Brukar sjølv** bak dei ordformene som dei brukar sjølve, noko vi ser resultatet av i diagrammet nedanfor.

Diagram 5.2 Gruppert stolpediagram som syner kor mange prosent av informantane som rapporterer at dei brukar den eine eller den andre forma innanfor kvar av dei seks aktuelle variablane





Vi ser at 75-90 % av respondentane gjev opp at dei brukar dei moderate formene *han*, *lyd*, *lys* og *sommar* når dei skriv sjølve, medan 5-15 % rapporterer at dei brukar det som blir oppfatta som klart konservative former: *honom*, *ljod*, *ljos* og *sumar*, noko som liknar på mønsteret for dei mest radikale formene i 6.1. Når det gjeld den rapporterte

bruken av variablene *so/så* og *hjå/hos*, er fordelinga mykje jamnare, då så mykje som 30-35 % prosent gjev opp at dei brukar dei relativt konservative formene *so* og *hjå*, medan 50-65 % gjev opp at dei brukar dei meir moderate motsvara *så* og *hos*.

Lat oss no jamfore desse funna med funn frå den korpusbaserte granskingsa. Leksema HAN, SÅ og til dels HOS er venteleg typisk høgfrekvente former i dei fleste tekstar, medan leksema LYD, LYS og SOMMAR venteleg er mindre frekvente, noko som blir stadfesta av dei to diagramma nedanfor, der ser vi kor mange førekomstar det er av dei alternative skrivemåtane av desse variablene i det samla tekstutvalet.

Diagram 5.3 Grupperte stolpediagram som syner kor mange førekomstar det er av den eine og den andre ordforma innanfor kvar av dei seks aktuelle variablene i det samla tekstutvalet



Vi kan slå fast at dei formene som eit klart fleirtal av mine informantar reknar for å vere moderate former, og som det desiderte fleirtalet av informantane gjev opp at dei brukar sjølve, også er fullstendig dominerande over dei konservative formene i tekstutvalet. For variablene *honom/han*, *ljod/lyd*, *ljos/lys* og *sumar/sommar* er det eit tydeleg samsvar mellom funna i den informantbaserte granskingsa og funna i den korpusbaserte granskingsa, sjølv om dei moderate formene er endå meir dominerande i tekstutvalet enn i den informantbaserte granskingsa. Det same kan seiast om variabelen *hjå/hos*, der fordelinga mellom formene er jamnare både i den informantbaserte granskingsa og i tekstutvalet. Når det derimot gjeld variabelen *so/så*, ser vi eit tydeleg mistilhøve mellom rapportert bruk mellom mine informantar og faktisk bruk i tekstutvalet. Alt dette blir klarare om vi ser på sektordiagramma som syner prosentfordelinga mellom dei ulike formene innanfor kvar variabel i tekstutvalet.

Diagram 5.4 Sektordiagram som syner prosentfordelinga mellom dei ulike formene innanfor kvar variabel




Diagramma syner at moderate former som *han*, *lyd*, *lys* og *sommar* utgjer heile 93-100 % av formvala innanfor sine respektive variablar i det samla tekstutvalet, medan dei motsvarande konservative formene då berre utgjer 3-7 %, noko som liknar på fordelinga mellom moderate og særlig radikale former som vi såg i kapittel 6.1, og som samsvarar nokså bra med resultata frå den informantbaserte granskingsa. Det same

kan seiast om variabelen *hjå/hos*, sidan den relativt konservative forma *hjå* utgjer ein 38 % av funna i tekstutvalet og 36 % av funna i den informantbaserte granskingsa. Alt i alt må dette kunne seiast å vere eit nokså slåande samsvar. Det einaste klare mistilhøvet finn vi for variabelen *so/så*, der den relativt konservative forma *so* berre utgjer 6 % av funna i tekstutvalet, medan så mykje som 29 % av mine informantar gjev opp at dei brukar den.

I *Ny læreboknormal 1959* og rettskrivinga som var gjeldande fram til 1.8.2012, var formene *honom*, *han*, *ljod*, *lyd*, *ljos*, *lys*, *hjå* og *hos* jamstilte hovudformer, medan forma *sommar* var hovudform og forma *sumar* var sideform og forma *så* var eineform fram til 1991, då forma *so* kom inn som sideform. I den nye rettskrivinga frå 2012 er forma *han* eineform, medan *honom* har gått ut av rettskrivinga. Alle dei andre formene, dvs. *ljod* og *lyd*, *ljos* og *lys*, *so* og *så*, *hjå* og *hos* og *sumar* og *sommar*, er no jamstilte former.


Det at forma *honom* blei tatt ut av rettskrivinga, og det at formene *hjå* og *hos* er jamstilte, finn ein bra støtte for i mi gransking, då *honom* er fullstendig marginale i mitt materiale, medan *hjå* og *hos* er brukt i høvesvis 62 % og 38 % av tilfella. Derimot gjev mine funn ikkje grunnlag for å la dei konservative formene *ljod*, *ljos*, *sumar* og *so* vere jamstilte med dei moderate motsvara deira. Mi gransking syner nemleg at alle dei nemnde formene er temmeleg marginale i det samla tekstutvalet, med førekommstar på under 7 % for kvar av dei.

6.6 Variablar med delvis konservative former

Her skal vi sjå på fem variablar som hadde variantar som i den informantbaserte granskingsa blei oppfatta som noko mindre konservative former enn det som var tilfellet i kapittel 6.5, nemleg *sundag/søndag*, *drykk/drikk*, *diverre/dessverre*, *jarn/jern*,

og *skap/skåp*. Vi ser først på korleis informantane kategoriserte dei med omsyn til radikalitet og konservativitet.


Diagram 6.1 Stabla stolpediagram som syner kor mange prosent av informantane som reknar den aktuelle ordforma for å vere høvesvis konservativ, konservativ/moderat, moderat, moderat/radikal eller radikal



Diagrammet syner at om lag 40 % av respondentane i den informantbaserte granskninga reknar *sundag* (45 %), *diverre* (41 %), *jarn* (39 %), *hovding* (38 %) og *skåp* (38 %) for å vere markert konservative former. Samstundes ser vi at over halvparten respondentane reknar dei alternative formene *søndag* (64 %), *dessverre* (56 %), *jern* (52 %), *høvding* (63 %) og *skap* (51 %) for å vere typisk moderate. Alt i alt tyder dette på at dei konservative variantane av desse variablane blir rekna for å vere klart mindre konservative enn dei mest konservative variantane i kapittel 6.5, og at dei slik kan bli karakteriserte som delvis konservative former. Vi kan elles merke oss at dei delvis konservative formene her blir rekna for å vere svakt mindre markerte enn dei delvis radikale formene i kapittel 6.2.

Informantane blei som vi har sett også bedne om å merke av dei ordformene som dei brukar sjølve, noko vi ser resultatet av i diagrammet nedanfor.


Diagram 6.2 Gruppert stolpediagram som syner kor mange prosent av informantane som rapporterer at dei brukar den eine eller den andre forma innanfor kvar av dei fem aktuelle variablane



Vi ser at 60-80 % av respondentane gjev opp at dei brukar dei moderate formene *søndag*, *dessverre*, *jern*, *høvding* og *skap* når dei skriv sjølve, medan 10-30 % rapporterer at dei brukar det som blir oppfatta som meir eller mindre konservative former, slik som *sundag*, *diverre*, *jarn*, *hovding* og *skåp*. Alt i alt viser dette at desse delvis konservative formene blir klart meir brukte av respondentane enn kva som er tilfellet med dei mest konservative formene i kapittel 6.5 (*honom*, *ljod*, *ljos* og *sumar*), og om lag likt med dei minst konservative formene der (*so* og *hjå*).


Lat oss no jamføre funna frå den informantbaserte granskingsa med funn frå den korpusbaserte granskingsa. Leksema SØNDAG og DESSVERRE, og særleg leksema JERN, HØVDING og SKAP, er venteleg mindre frekvente i eit gjeve tekstuval enn dei fleste av leksema i kapittel 6.5, noko som langt på veg blir stadfesta av diagrammet nedanfor, der vi ser vi kor mange førekomstar det er av dei alternative skrivemåtane av desse variablane i det samla tekstuvalet.

Diagram 6.3 Gruppert stolpediagram som syner kor mange førekomstar det er av den eine og den andre ordforma innanfor kvar av dei fem aktuelle variablane i det samla tekstutvalet



Overraskande nok ser vi her at dei formene som eit fleirtal av mine informantar reknar for å vere moderate former, og som eit klart fleirtal av informantane gjev opp at dei brukar sjølve, i tekstuvalet knapt dominerer over dei konservative formene i det heile, noko som blir endå tydelegare om vi ser på sektordiagramma som syner prosentfordelinga mellom dei ulike formene innanfor kvar variabel.

Diagram 6.4 Sektordiagram som syner prosentfordelinga mellom dei ulike formene innanfor kvar variabel



Ei jamføring mellom den innbyrdes fordelinga av formval i 6.5 og 6.6 syner at ein langt større del av individua har brukt dei delvis konservative formene i 6.6 enn kva tilfellet var med dei særleg konservative formene i 6.5. Det mest påfallande her er likevel det markerte mistilhøvet mellom rapportert bruk i den informantbaserte granskinga og den faktiske bruken i den korpusbaserte granskinga. Vi ser nemleg at medan berre 10-30 % av mine informantar rapporterer at dei brukar dei delvis konservative formene *sundag*, *diverre*, *hovding* og *skåp*, syner den korpusbaserte granskinga at desse formene utgjer kring 50 % av formvala i faktiske tekstar. Vi merker oss dessutan at medan det kraftige mistilhøvet for dei delvis konservative formene går i retning av at desse er *meir* brukte i dei faktiske tekstane enn kva resultata frå den informantbaserte granskinga skulle tilseie, går mistilhøvet i motsett lei for dei delvis radikale formene i kapittel 6.2, som var *mindre* brukte i dei faktiske tekstane enn kva resultata frå den informantbaserte granskinga skulle tilseie. Dette understrekar igjen det vitskapsteoretisk viktige poenget om at ein må vere medviten om kva ein vil måle og kva ein måler: den informantbaserte granskinga måler internaliserte normer; den korpusbaserte granskinga måler operative normer.


I rettskrivinga som var gjeldande fram til 2012, var alle dei ovanfor nemnde formene jamstilte hovedformer, og i den nye rettskrivinga har dei behalde statusen som jamstilte former. Mine funn frå nyare skriftspråkleg praksis tilseier at dette på alle vis er rimelege vurderinger. Dei syner nemleg at det er om lag 50/50 fordeling mellom formene *sundag/søndag*, *diverre/dessverre*, *hovding/høvding* og *skåp/skap*, medan den moderate forma *jern* berre er noko meir brukt enn den svakt konservative forma *jarn*.

6.7 Variablar med svakt konservative former

Vi skal her sjå på nokre variablar der den eine varianten i den informantbaserte granskinga blei oppfatta som svakt konservativ, medan den andre varianten blei oppfatta som moderat eller jamvel svakt radikal, dvs. variablar med lite markerte former. Dei variablane som på dette grunnlaget blei valde ut for nærmare analysar, var

fyrst/først, gjev/gir, gamal/gammal, lukke/lykke, ynske/ønske (substantiv, ubunden form eintal) og *ungdomen/ungdommen*, og vi ser først på korleis informantane kategoriserte dei med omsyn til radikalitet og konservativitet.

Diagram 7.1 Stabla stolpediagram som syner kor mange prosent av informantane som reknar den aktuelle ordforma for å vere høvesvis konservativ, konservativ/moderat, moderat, moderat/radikal eller radikal




Diagrammet syner at om lag ein tredjedel av respondentane i den informantbaserte granskninga reknar *fyrst* (37 %), *gjev* (32 %) og *gammal* (39 %) for å vere markert konservative former, medan om lag ein fjerdedel meiner det same om former som *lukke* (26 %), *ynske* (29 %) og *ungdomen* (17 %). Samstundes ser vi at ein stor del av respondentane plasserer dei nemnde formene i mellomkategorien moderat/konservativ, medan ein god del jamvel reknar dei for å vere moderate. Vidare ser vi at litt under halvparten av respondentane reknar dei alternative formene *først* (48 %), *gir* (40 %), *lykke* (43 %), *ønske* (36 %) og *ungdommen* (47 %) for å vere typisk moderate, medan litt over halvparten meiner det same om *gammal* (58 %). Vi merker oss også at ein god del av informantane plasserer desse formene i mellomkategorien moderat/radikal – og jamvel i kategorien radikal. Alt i alt tyder dette på at dei konservative variantane av variablane i dette kapittelet jamt over blir rekna for å vere klart mindre konservative enn tilsvarande variantar i kapittel 6.5 og noko mindre konservative enn tilsvarande

variantar i kapittel 6.6. På dette grunnlag kan ein omtale variantane *fyrst*, *gjev*, *gamal*, *lukke*, *ynske* og *ungdomen* som svakt konservative former.

Informantane blei også bedne om å merke av ved dei ordformene som dei brukar sjølve, noko vi ser resultatet av i diagrammet nedanfor.



Diagram 7.2 Gruppert stolpediagram som syner kor mange prosent av informantane som rapporterer at dei brukar den eine eller den andre forma innanfor kvar av dei fem aktuelle variablene



Vi ser at fordelinga mellom dei moderate og svakt konservative formene er nokså jamn. Fordelinga mellom *lykke* og *lukke* er så å seie 50/50, medan om lag 60 % av respondentane gjev opp at dei brukar dei moderate formene *fyrst*, *gir*, *ønske* og *ungdommen* og om lag 40 % rapporterer at dei brukar det som blir oppfatta som svakt konservative motsvara: *først*, *gjev*, *ynske* og *ungdomen*. Unntaket er *gamal/gammal*, der så mykje som to tredjedelar av respondentane rapporterer at dei brukar den sistnemnde, moderate forma, medan ein tredjedel rapporterer at dei brukar den førstnemnde, konservative forma. Alt i alt viser dette at den rapporterte bruken av desse svakt konservative formene er klart høgre enn tilfellet var med dei særleg konservative variantane i kapittel 6.5 og ein god del høgre enn kva tilfellet var med dei delvis konservative variantane i kapittel 6.6.


Lat oss no jamføre funna frå den informantbaserte granskingsa med funn frå den korpusbaserte granskingsa. Leksema FØRST, GJEV og GAMMAL er venteleg meir frekvente former i dei fleste tekstar enn leksema i 6.6 og dei fleste leksema i 6.5, medan leksema LYKKE, ØNSKE og UNGDOMMEN venteleg er mindre frekvente enn dei tidlegare granska leksema, noko som blir stadfesta av dei to diagramma nedanfor, der vi ser kor mange førekommstar det er av dei alternative skrivemåtane av desse variablane i det samla tekstutvalet.

Diagram 7.3 Gruppert stolpediagram som syner kor mange førekommstar det er av den eine og den andre ordforma innanför kvar av dei seks aktuelle variablane i det samla tekstutvalet



Sjølv om dei formene som om lag halvparten av informantane rekner for å vere moderate former, og som eit visst fleirtal av informantane gjev opp at dei brukar sjølve, dominerer over dei svakt konservative formene også i tekstuvalet, ser vi at dominansen er langt mindre i dette tilfellet enn kva tilfellet var i 6.5. Derimot ser vi overraskande nok at ein mindre del av individua i den korpusbaserte granskingsa brukar dei svakt konservative formene her enn kva tilfellet var med dei delvis konservative formene i kapittel 6.6. Dette blir endå tydelegare om vi ser på sektordiagram som syner prosentfordelinga mellom dei ulike formene innanfor kvar variabel.

Diagram 7.4 Sektordiagram som syner prosentfordelinga mellom dei ulike formene innanfor kvar variabel



Då vi jamførte den innbyrdes fordelinga av formval i kapittel 6.1, 6.2 og 6.3, såg vi ein klar tendens til at dess mindre radikal ei gjeven form blir rekna for å vere, dess meir blir den brukt i faktiske tekstar. Ein like tydeleg samanheng finn vi ikkje når det gjeld fordelinga mellom konservative og moderate former. Rett nok er det slik at både det som blir rekna for å vere delvis konservative former og det som blir rekna for å vere svakt konservative former, blir klart meir brukte enn det som blir rekna for å vere markert konservative former, men samstundes er det slik at alle dei delvis konservative formene utgjer ein relativt større del innanfor sine respektive variablar enn alle dei svakt konservative formene i den korpusbaserte granskingsa. Det siste er etter mi vurdering eit overraskande funn, då eg hadde rekna med ein tilsvarande samanheng mellom graden av oppfatta konservativitet og faktisk bruk som vi fann mellom

oppfatta radikalitet og faktisk bruk. Vi merker oss spesielt forma *ynske*, som trass i at den blir rekna for å vere berre svakt konservativ, berre er brukt i 16 % av funna av denne variabelen i tekstutvalet. For denne variabelen merker vi oss at det dessutan er eit tydeleg mistilhøve mellom den faktiske bruken i tekstutvalet og den rapporterte bruken, sidan så mykje som 37 % av informantar gjev opp at dei brukar denne forma.

I rettskrivinga som var gjeldande fram til 2012, var *fyrst* og *først*; *gjev* og *gir*; *lukke* og *lykke*, *ynske* og *ønske* og *ungdomen* og *ungdommen* jamstilte hovudformer, medan *gammal* var hovudform og *gamal* var sideform. I den nye rettskrivinga er alle desse formene jamstilte. Mine funn frå nyare skriftspråkleg praksis tilseier at dette i hovudsak er rimelege vurderingar, då det er ei relativt jamn fordeling mellom dei fleste jamstilte formene. Likevel kan ein kanskje setje spørjeteikn ved vedtaket om å la *ynske* vere jamstilt med *ønske*, då berre 16 % av førekommstane i mitt materiale har denne forma.

Som ei førebels oppsummering kan vi merke oss at dei formene som av mine informantar blei oppfatta som særleg og delvis radikale, i langt større grad er tekne ut av den nye rettskrivinga enn kva tilfellet er med dei formene som av mine informantar blei oppfatta som særleg og delvis konservative. Når det kjem til dei formene som mine informantar oppfatta som høvesvis svakt radikale og svakt konservative, er desse i hovudsak framleis jamstilte former. Det er grunn til å hevde at mine funn frå den korpusbaserte granskninga jamt over gjev støtte for dei vedtaka som her er gjorde, sjølv om det, som vi har sett, finst ein del døme på einskildformer som ut frå bruksfrekvens burde ha vore høvesvis innanfor eller utanfor rettskrivinga. På eitt felt er det likevel eit tydeleg mistilhøve mellom vedtak og faktisk bruk, og det gjeld dei formene som mine informantar reknar for å vere særleg konservative. Av desse er det nemleg berre *honom* som har gått ut av rettskrivinga, trass at mine funn syner at dei andre særleg konservative formene berre opptrer i ein forsvinnande liten del av førekommstane i det samla tekstutvalet.

6.8 Samvariasjon av konservative og moderate former

På same viset som i jamføringa mellom radikale og moderate former gjennomførte eg først separate korrespondanseanalysar innanfor kvart av dei tre delkapitla 6.4-6.6, og også desse innleiane analysane av konservative og moderate former peika i retning av at det kan vere hald i hypotesen (H_1) om at det innanfor tekstuvalet ville vekse fram normklynger beståande av bestemte språklege kategoriar som kan la seg identifisere som subvarietatar av det nynorske skriftspråket. Likevel var desse normklyngene noko mindre tydelege enn normklyngene som blei danna då eg jamførte radikale og moderate former, samstundes som fleire av analysane baud på problem knytt til manglande statistisk stabilitet. På denne bakgrunn valde eg å granske om det innanfor tekstuvalet ville vekse fram statistisk meir stabile normklynger ved å jamføre *alle* dei ovanfor nemnde konservative former med deira moderate motsvar samstundes, på same viset som eg gjorde med dei radikale og moderate formene i kapittel 6.4. Som vanleg starta eg med å køyre ein førebels analyse med utgangspunkt i tabellverdiane for alle dei nemnde variablane for alle individ/tekstane i materialet. I dette tilfellet syntet seg det at ordforma *so* hadde ein sterkt avvikande profil i høve til alle andre punkt og slik skapte statistisk ustabilitet. Derfor valde eg å gjere denne forma og det moderate motsvaret *så* om til supplementære punkt. Etter dette metodiske grepet får vi danna tabellen nedanfor, som syner kor stor del av den samla variansen av dei aktive variablane som blir fanga opp av dei fem første aksane.

Tabell 8.1 Variansen til aksane, målt i eigenverdi og i prosent av den totale variasjonen¹³

Aksenummer	Eigenverdi	Prosent	Akkumulert prosent
1	0,371	19,2	19,2
2	0,235	12,2	31,4
3	0,207	10,7	42,1
4	0,157	8,1	50,2
5	0,137	7,1	57,3

¹³ Det totale talet på aksar i dette rommet er 31.

Vi ser at nesten 60 % av den totale variansen blir fanga opp av dei fem første aksane, og at albogekriteriet tilseier at det er nok å tolke dei tre første aksane, men før ein kan ta til å tolke resultata, treng ein altså å finne ut kva for kategoriar (ordformer) som har vore dei viktigaste for konstruksjonen av aksane i planet. Tabellen nedanfor syner bidraga frå dei aktive punkta til dei tre første aksane.


Tabell 8.2 Relativ masse, avstand til origo og bidrag frå dei aktive punkta til aksane

Variabel	Relativ vekt	Avstand til origo	Akse 1	Akse 2	Akse 3
honom	0,170	38,202	0,099	0,604	0,119
han	35,934	0,387	12,880	15,923	16,867
sumar	0,086	16,598	0,307	0,151	0,049
sommar	2,837	1,822	3,063	1,688	0,787
ljos	0,167	16,078	0,092	0,334	0,071
lys	2,344	1,229	0,055	0,163	0,480
ljod	0,012	306,352	0,051	0,078	0,018
lyd	0,651	3,539	0,266	0,000	0,043
hjå	5,906	2,386	23,139	0,319	3,151
hos	9,669	1,188	6,696	2,074	2,327
sundag	1,797	11,900	14,834	16,378	50,304
søndag	1,936	4,467	0,288	0,216	2,702
diverre	0,795	5,315	1,094	0,258	0,620
dessverre	0,777	3,006	0,055	0,346	0,000
jarn	0,121	43,469	0,003	0,139	0,169
jern	0,287	10,889	0,001	0,291	0,027
hovding	0,035	20,335	0,014	0,020	0,001
høvding	0,040	21,180	0,002	0,006	0,025
skåp	0,142	4,818	0,068	0,037	0,001
skap	0,154	5,346	0,038	0,018	0,027
fyrst	4,168	4,111	23,419	5,073	0,295
først	10,399	0,609	2,894	2,333	1,689
gjev	4,702	2,853	4,866	5,916	10,283
gir	7,426	2,122	0,211	44,087	8,406
gamal	1,935	3,368	2,585	1,017	0,278
gammal	4,245	1,840	1,280	0,005	0,008
lukke	0,306	9,588	0,025	0,027	0,139
lykke	0,530	2,822	0,274	0,001	0,065
ungdomen	0,521	3,811	0,343	0,333	0,007
ungdommen	0,799	2,769	0,100	0,491	0,057
ynske	0,180	12,479	0,767	0,711	0,310
ønske	0,930	3,592	0,189	0,968	0,674

Vi ser at akse 1 i hovudsak blir danna på grunnlag av den høgfrekvente moderate forma *han* og dei konservative formene *hjå*, *sundag* og *fyrst*, som har eit samla bidrag på nesten 75 %. Akse 2 blir i hovudsak definert av dei moderate ordformene *han* og *gir* og den konservative ordforma *sundag*, som har eit samla bidrag på over 75 %,

sjølv om også dei konservative ordformene *fyrst* og *gjev* har ikkje ubetydelege bidrag til akse 2. Når det gjeld akse 3, kjem dei viktigaste bidraga frå dei moderate formene *han* og *gir* og dei konservative formene *sundag* og *gjev*, som har eit samla bidrag på 85 %. Sidan akse 2 og 3 i all hovudsak blir definerte av dei same ordformene, vel eg å fokusere på dei samanhengane som kjem til syne i faktorplan 1-2.

Graf 8.1 Samling av konservative vs. moderate former. Faktorplan 1-2



Blå punkt markerer tekstar i individskya, medan brune trekantar markerer aktive punkt og grøne trekantar markerer passive punkt i kategoriskya.

Vi legg merke til at det dannar seg ei tydeleg normklyngje beståande av moderate former rett til venstre for barysenteret, noko som altså indikerer at dei har ein tendens til å opptre i lag på tvers av tekstane i utvalet. Dei mest typisk moderate formene ligg nær barysenteret, medan dei litt mindre typisk moderate formene ligg noko lengre vekk, men alle i det same området. Samla sett tyder dette på at det er grunnlag for å rekne med ei normklyngje bestående av moderate former som *han, gammal, lyd, hos, først, skap, lys, ønske, jern, dessverre, ungdommen, sommar* og *søndag*.

Dei fleste konservative formene samlar seg i nedre høgre kvadrant, noko som reiser spørsmål om det også kan vere grunnlag for å rekne med ei normklyngje av desse konservative formene. Samstundes ser vi at det er større innbyrdes avstand mellom ein del av desse formene enn mellom dei moderate formene, noko som gjer at ein bør vere noko varsam med å trekke sikre konklusjonar på dette punktet.

Det er elles noko overraskande at forma *sundag* hamnar så pass langt frå dei andre konservative formene. Ei mogeleg forklaring på dette finn vi i den opphavlege resultatmatrisa, som syner at nokre få individ brukar forma *sundag* svært ofte, utan at dei naudsynlegvis brukar andre konservative former, noko som i sin tur kan forklare den isolerte plasseringa av forma *sundag* (Helset 2013).

Vi legg vidare merke til at den presumptivt konservative forma *hovding* faktisk plasserer seg lengre vekk frå dei andre konservative formene enn den presumptivt meir moderate forma *høvding*. Ei nærmare gransking av den opphavlege resultatmatrisa forklarar dette. Den syner nemleg for det første at det er svært få førekomstar av leksemnet HØVDING i korpuset i det heile, noko som gjer at plasseringa av dei to formene blir noko ustabile i ulike analysar. For det andre syner den at heile 50 % av førekomstane av leksemnet HØVDING var på forma *hovding*, noko som i eit perspektiv av operative normer gjer forma langt mindre markert enn det den informantbaserte granskinga tilseier at den er (Helset 2013).

Elles kan det verke merkeleg at dei to valfrie formene *lukke* og *lykke* både hamnar relativt nært origo og dermed nært kvarandre i rommet. Men dette rimar godt med det faktum at ingen av desse formene blir rekna for å vere særleg markerte i den

informantbaserte granskingsa, samstundes som den opphavlege resultatmatrisa mi syner at så pass mykje som 12 % av dei i alt 156 skribentane som i det heile tatt har brukt det aktuelle leksemet, vekslar mellom å bruke formene *lukke* og *lykke* i ulike tekstar, medan 37 % heldt seg konsekvent til forma *lukke* og 51 % heldt seg konsekvent til forma *lykke* (Helset 2013).

6.9 Samvariasjon innanfor eit større utval av variablar med både radikale, moderate og konservative former

Alt i alt kan ein hevde at analysane hittil har styrkt hypotesen (H_1) om at det innanfor tekstutvalet ville vekse fram normklynger beståande av bestemte språklege kategoriar som kan la seg identifisere som subvarietatar av det nynorske skriftspråket, iallfall når det kjem til det ein kan kalle ein moderat subvarietet. Avslutningsvis i denne sekvensen presenterer eg resultatet frå ein analyse der eg granska om det innanfor tekstutvalet ville vekse fram statistisk stabile normklynger ved ei jamføring av *alle* dei ovanfor nemnde radikale, moderate og konservative formene samstundes. Til grunn for denne analysen har vi med andre ord ei matrise der radene består av alle dei 330 individ/tekstane som er med i det samla tekstutvalet, medan kolonnane består av dei nedanfor nemnde 34 språklege variablane, der kvar av variablane altså hadde to mogelege skrivemåtar i norma som var gjeldande fram til 1.8.2012, noko som til saman då gjev 68 kolonnar.¹⁴ Eg starta som vanleg med å køyre ein førebels analyse med utgangspunkt i tabellverdiane for alle dei nemnde variablane for alle individ/tekstane i materialet. Det syntet seg då igjen at dei lågfrekvente, radikale formene *noe*, *mye*, *da*, *nå* og *bare* og den lågfrekvente, konservative forma *so* hadde avvikande profilar jamført med alle andre former. Den vanlegaste grunnen til at ein får slike uteliggjarar og dermed statistisk ustabilitet, er som tidlegare nemnt at ein jamfører

¹⁴ Leksemet BYGGJE hadde fire tillatne skrivemåtar innanfor norma som var gjeldande fram til 1.8.2012, men av grunnar nemnde i kapittel 6.4, er det berre e-infinitivane *byggje* og *bygge* som er med i denne analysen.

svært lågfrekvente former med svært høgfrekvente former, noko som er tilfellet for dei moderate motsvara deira, altså *noko*, *mykje*, *då*, *no*, *bare* og *så*. For å gjere den statistiske analysen meir stabil valde eg derfor å gjere dei nemnde formene om til supplementære punkt. Etter dette metodiske grepet får vi danna tabellen nedanfor, som syner kor stor del av den samla variansen av dei aktive variablane som blir fanga opp av dei seks første aksane.

Tabell 9.1 Variansen til aksane, målt i eigenverdi og i prosent av den totale variasjonen¹⁵

Aksenummer	Eigenverdi	Prosent	Akkumulert prosent
1	0,330	15,4	15,4
2	0,196	9,1	24,5
3	0,183	8,5	33,0
4	0,129	6,0	39,0
5	0,118	5,5	44,5
6	0,099	4,6	49,1

Vi ser at nesten 50 % av den totale variansen blir fanga opp av dei seks første aksane, og at albogekriteriet tilseier at det er nok å tolke dei tre første aksane, men før ein kan ta til å tolke resultata, treng ein altså å finne ut kva for kategoriar (ordformer) som har vore dei viktigaste for konstruksjonen av aksane i planet. Tabellen nedanfor syner bidraga frå dei aktive punkta til dei tre første aksane.

Tabell 9.2 Relativ masse, avstand til origo og bidrag frå dei aktive punkta til aksane

Variabel	Relativ vekt	Avstand til origo	Akse 1	Akse 2	Akse 3
mulig	0,325	9,334	0,043	0,279	0,000
mogleg	5,213	1,567	4,199	6,326	7,681
annen	0,279	11,050	0,032	0,131	0,057
annan	7,083	0,274	0,139	0,092	0,691
skole	0,577	7,145	0,668	1,305	2,237
skule	3,149	2,650	9,596	0,055	0,009
kjøre	0,179	26,910	0,282	0,024	0,088
køyre	0,908	3,942	1,551	0,062	7,014
holdning	0,075	31,393	0,005	0,145	0,009
haldning	0,664	2,555	0,305	0,193	0,620
drøm	0,059	19,927	0,112	0,010	0,007
draum	0,536	2,324	0,119	0,047	0,005
bygge	0,846	7,002	0,450	0,358	1,633
byggje	1,439	4,075	1,443	2,160	2,103


¹⁵ Det totale talet på aksar i dette er rommet er 53.

rekke	0,630	6,683	0,051	1,098	0,017
rekke	2,335	1,875	1,999	2,292	0,104
skyld	0,114	7,138	0,066	0,000	0,002
skuld	1,132	1,708	0,559	0,500	0,003
enten	0,590	6,849	0,014	1,141	0,004
anten	0,881	1,775	0,030	0,285	0,543
tåle	0,110	10,363	0,001	0,115	0,008
tole	0,165	6,286	0,018	0,038	0,097
honom	0,123	44,160	0,003	0,694	0,376
han	26,128	0,575	27,925	18,192	2,064
sumar	0,062	17,146	0,110	0,366	0,114
sommar	2,063	1,700	2,285	0,109	1,856
ljos	0,121	15,779	0,006	0,273	0,229
lys	1,704	1,218	0,128	0,167	0,066
ljod	0,009	313,932	0,010	0,100	0,054
lyd	0,474	3,501	0,369	0,003	0,017
hjå	4,294	2,329	13,937	6,113	2,508
hos	7,031	1,217	5,141	5,726	0,011
sundag	1,307	11,394	9,421	2,178	48,283
søndag	1,408	4,352	0,510	0,290	1,472
diverre	0,578	4,112	0,554	0,229	0,712
dessverre	0,565	2,823	0,044	0,092	0,195
jarn	0,088	48,496	0,000	0,032	0,230
jern	0,208	11,079	0,006	0,171	0,014
hovding	0,026	23,384	0,030	0,015	0,000
høvding	0,029	21,606	0,000	0,003	0,025
skåp	0,103	5,244	0,014	0,151	0,001
skap	0,112	5,250	0,047	0,033	0,012
fyrst	3,030	3,737	9,153	12,128	1,144
først	7,561	0,599	1,977	3,441	0,038
gjev	3,419	2,703	2,245	1,523	14,075
gir	5,399	1,717	0,488	26,523	1,701
gamal	1,407	3,214	1,031	2,196	0,801
gammal	3,086	2,006	1,942	0,028	0,008
lukke	0,222	7,144	0,032	0,023	0,134
lykke	0,386	3,166	0,440	0,000	0,087
ungdomen	0,379	3,761	0,088	0,641	0,075
ungdommen	0,581	2,542	0,109	0,114	0,031
ynske	0,131	11,642	0,265	0,600	0,690
ønske	0,677	2,989	0,010	1,187	0,044

Sidan vi her analyserer eit endå høgre tal ordformer enn det som var tilfellet i kapitla 6.4 og 6.8, er det her jamvel fleire ordformer som er avgjerande for dannninga av dei ulike aksane. Slik blir akse 1 i hovudsak danna på grunnlag av opposisjonen mellom den moderate forma *han* og dei konservative formene *hjå*, *sundag* og *fyrst*, som har eit samla bidrag på 60 %. Akse 2 blir i hovudsak definert av opposisjonen mellom dei moderate ordformene *gir*, *han*, *mogleg* og *hos* og dei konservative ordformene *fyrst* og *hjå*, som har eit samla bidrag på 75 %. Når det gjeld akse 3, kjem dei viktigaste bidraga frå dei moderate formene *køyre* og *mogleg* på den eine sida og frå dei

konservative formene *sundag* og *gjev* på den andre, som har eit samla bidrag på over 75 %. Vi kan merke oss at ingen av dei radikale formene har særleg stor innverknad på dannninga av aksane, noko som har samanheng med at eg på grunn av statistisk ustabilitet fann å måtte gjere dei mest høgfrekvente av desse om til supplementære punkt. Alt i alt ser vi at mange av dei ordformene som hadde størst innverknad på aksedanningane i kapittel 6.8, også er dei som har størst innverknad på aksedanninga her, og eg vel derfor også her å fokusere på dei samanhengane som kjem til syn i faktorplan 1-2.

Graf 9.1 Samling av radikale vs. moderate vs. konservative former. Faktorplan 1-2



Blå punkt markerer tekstar i individskya, medan brune trekantar markerer aktive punkt og grøne trekantar markerer passive punkt i kategoriskya.

I denne siste analysen jamfører vi altså alle dei tidlegare analyserte radikale, moderate og konservative formene samstundes, og hovudbiletet som teiknar seg, stadfestar langt på veg hypotesen (H_1) om at det innanfor det totale tekstuvalet ville vekse fram normklynger beståande av bestemte språklege kategoriar som kan la seg identifisere som subvarietatar av det nynorske skriftspråket. For det første ser vi at ein svært stor del av dei ordformene som i den informantbaserte granskingsa blei rekna for å vere typisk moderate former, er lokaliserte nær barysenteret, og at dei er åleine om å vere det. Dette gjeld då former som *berre, noko, då, no, mykje, lukke, dessverre, søndag, anten, annan, lys, lyd, så, draum, skuld, han og jarn*.

For det andre ser vi at så godt som alle dei formene som i den informantbaserte granskingsa blei rekna for å vere meir radikale, hamnar ute til venstre, og då slik at dei mest radikale hamnar lengst vekk frå barysenteret. Det gjeld då former som *bare, noe, da, mye, nå, drøm, kjøre, rekke, hos, holdning* og *gir*. Trass dette er den innbyrdes avstanden mellom iallfall ein del av desse formene så pass stor at ein ikkje utan vidare kan slå fast at det i tekstuvalet eksisterer ei tydeleg normklynge beståande av alle desse radikale formene. Særleg har formene *mye* og *noe* så avvikande profilar i høve til resten av dei radikale formene at det er grunn til å stille spørsmål ved om dei tilhøyrer ei eventuell normklynge beståande av radikale former.

For det tredje ser vi at dei aller fleste av dei formene som i den informantbaserte granskingsa blei rekna for å vere meir konservative, hamnar i nedre høgre kvadrant. Det gjeld då former som *so, honom, ljod, sumar, ynske, fyrst, sundag, hjå, ljos, skåp, gamal, ungdomen, gjev* og *diverre*. Men sidan den innbyrdes avstanden mellom mange av dei konservative formene jamvel er større enn avstanden mellom mange av dei radikale formene, er det neppe statistisk grunnlag for å hevde at dei alle utgjer éi konservativ normklynge. Særleg har formene *so, honom, ljod* og *sundag* så avvikande profilar at det er grunn til å stille spørsmål ved om dei tilhøyrer ei eventuell normklynge beståande av konservative former.

Vi legg merke til at formene *skole* og *skule* noko overraskande hamnar nær kvarandre i rommet med tanke på at den eine forma presumentivt er radikal og den andre forma presumentivt er moderat. Men ved nærmare ettersyn av resultata syner det seg at dette

har ei rimeleg forklaring. Den opphavlege resultatmatrisa frå den korpusbaserte granskingsa syner nemleg at heile 28 % av dei i alt 200 skribentane som i det heile har brukt det aktuelle leksemet, vekslar mellom å bruke formene *skole* og *skule* i ulike tekstar, medan 54,5 % held seg konsekvent til forma *skule* og 17,5 % held seg konsekvent til forma *skole* (Helset 2013). Dette samsvarar elles bra med det faktum at *skole* berre blir rekna for å vere markert radikal av knapt halvparten av respondentane i den informantbaserte granskingsa.

Vi ser at også formene *bygge* og *byggje* hamnar nær kvarandre i rommet. Dette let seg forklare ved at den opphavlege resultatmatrisa syner at heile 30 % av dei i alt 197 skribentane som i det heile brukte det aktuelle leksemet i korpuset, vekslar mellom å bruke dei to formene, medan 53,3 % held seg konsekvent til forma *byggje* og 16,7 % held seg konsekvent til forma *bygge* (Helset 2013), noko som samsvarar bra med det faktum at berre 25 % av informantane mine reknar *bygge* for å vere ei markert radikal form. Mykje av det same kan seiast om formene *enten* og *antnen*, som også hamnar relativt nært kvarandre i rommet. Forklaringa ligg i at så mykje som 22,5 % av dei i alt 216 skribentane som i det heile brukte det aktuelle leksemet i korpuset, vekslar mellom å bruke dei to formene, medan 55 % held seg konsekvent til forma *antnen* og 22,5 % held seg konsekvent til forma *enten*, noko som samsvarar bra med det faktum at berre 23 % av mine informantar reknar *enten* for å vere ei markert radikal form.


Vi legg vidare merke til at den presumptivt konservative forma *hovding* faktisk plasserer seg lengre vekk frå dei andre konservative formene enn den presumptivt meir moderate forma *høvding*. Som vi såg i kapittel 6.8 let dette seg forklare ved det faktum at det er svært få førekommstar av leksemet HØVDING i korpuset i det heile, og ved at det er ei 50/50 fordeling når det gjeld talet på individ som har brukt dei to formene *hovding* og *høvding* (Helset 2013). Ei anna, mogeleg forklaring på at former som ein med omsyn til grad av radikalitet/konservativitet ventar skulle hamne langt frå kvarandre i rommet, likevel ikkje gjer det, er at både formene er relativt sjeldsynte og lågfrekvente i tekstutvalet sett under eitt, men at kvar av dei er høgfrekvente i nokre tekstar som elles er relativt like, utan at eg har funne konkrete døme på det.

Eit anna tilhøve som går fram av analysen, er at nokre former plasserer seg imellom dei ulike delområda som er meir eller mindre prega av høvesvis radikale, moderate og konservative former. Det understrekar at eventuelle normklynger ikkje er kategoriske storleikar, men at det heller er tale om klynger av prototypisk karakter. At mange individ brukar mange av dei same moderate formene, til dømes, tyder ikkje at alle desse brukarane av moderate nynorske former brukar alle dei same moderate formene. Nokre av dei aktuelle individua kan bruke den og den (svakt eller delvis) radikale forma, medan andre av dei aktuelle individua kan bruke den og den (svakt eller delvis) konservative forma og likevel halde seg innanfor det som er rimeleg å rekne for å vere ei moderat normklynge. Døme på former som plasserer seg i grenselandet mellom den mogelege normklynga av radikale former og den mogelege normklynga av moderate former, er dei høgfrekvente formene *gir* og *han*. Det er slik statistisk sannsynleg at både individ som elles brukar radikale former og individ som elles brukar moderate former, også brukar desse to formene, men mindre sannsynleg at individ som elles brukar veldig konservative former, brukar forma *gir*, som jo plasserer seg veldig langt frå dei andre konservative formene. Tilsvarande ser vi at formene *gjев* og *diverre* plasserer seg i grenselandet mellom den mogelege normklynga av konservative former og den mogelege normklynga av moderate former, noko som gjer det sannsynleg at den blir brukt av individ som lokaliserer seg i både desse klyngene, men mindre sannsynleg av individ som lokaliserer seg i den radikale klynga.

Alt i alt er det likevel liten tvil om at samleanalysen i *Graf 9.1* teiknar eit nokså tydeleg bilet der det ein kan karakterisere som moderat nynorsk utgjer ei temmeleg dominerande normklynge i tekstutvalet, samstundes som det ein kan karakterisere som mindre klare radikale og konservative normklynger, plasserer seg på kvar si side av denne dominerande moderate normklynga. Det er også grunnlag for å hevde at denne førebelse konklusjonen hentar støtte frå samleanalysen i *Graf 4.1*, der vi jamførte alle radikale former med deira moderate motsvar, og frå samleanalysen i *Graf 8.1*, der vi jamførte alle konservative former med deira moderate motsvar. For å tydeleggjere dette har eg i grafen nedanfor merkt dei formene som i den informantbaserte granskingsa blei vurderte til å vere radikale med grøne typar, medan dei formene som blei vurderte til å vere moderate, er merkte med blå typar og dei formene som blei

vurderte til å vere konservative, er merkte med raudetypar. Vi ser då først at følgjande radikale (og nokre radikal-moderate) former plasserer seg ute til venstre i grafen: *mye, noe, nå, da, bare, gir, holdning, rekke, enten, ønske, tåle, jern, mulig, hos, annen, først, skap, kjøre, lys, gammal, lykke, skyld, lyd og drøm*. Dernest ser vi at følgjande moderate (og nokre moderat-konservative) former plasserer seg nær barysenteret: *mykje, noko, no, då, berre, skule, skole, mogleg, rekkje, byggje, bygge, ungdommen, anten, haldning, tole, søndag, dessverre, lukke, annan, han, hovding, høvding, skuld, draum, så, jarn, gjev, sommar og køyre*. Til slutt ser vi følgjande konservative (og nokre konservativ-moderate) former plassere seg nede i høgre kvadrant: *so, honom, ljod, sumar, ynske, fyrst, sundag, hjå, ljos, skåp, gamal, ungdomen og diverre*.

Graf 9.2 Samling av radikale vs. moderate vs. konservative former. Faktorplan 1-2




Det er grunn til å presisere at denne siste korrespondanseanalysen er påliteleg og robust utfrå statistiske kriterium. Som vi ser er det nemleg stor spreiing av punkta i dei to skyene, noko som igjen impliserer stabilitet, dvs. at det er høg statistisk samanheng mellom verdiane i materialet (Hjellbrekke 1999:37). Den statistiske stabiliteten kjem også til uttrykk gjennom *Tabell 9.2* ovanfor, som syner at dei ulike aksane i dette tilfellet blir danna på grunnlag av mange språklege former. Likevel valde eg å teste validiteten i denne analysen ved å gjennomføre eigne klusteranalysar av individskya, noko som innanfor metodelitteraturen blir framheva som eit godt og viktig supplement til korrespondanseanalysar (Tufféry 2011:242). Tufféry (2011:235) definerer metoden slik:

Clustering is the statistical operation of grouping objects (individuals or variables) into a limited number of groups known as clusters (or segments), which have two properties. On the one hand, they are not defined in advance by the analyst, but are discovered during the operation, unlike the classes used in *classification*. On the other hand, the clusters are combinations of objects having similar characteristics, which are separated from objects having different characteristics (resulting in internal homogeneity and external heterogeneity).

Det finst ulike undergrupper av analysemetodar innanfor clustering. I denne granskninga valde eg å bruke ein variant av Hierarchical agglomerative clustering (HAC) som blir kalla Wards metode (Ward 1963). Metoden er kjenneteikna av at ein minimerer intraklassevariansen i klyngene, dvs. variansen innanfor klyngene, og maksimerer interklassevariansen, dvs. variansen mellom klyngene (Romesburg 2004:129ff og Le Roux og Rouanet 2004:110). Via statistiske berekningar kan ein slik byggje opp større eller mindre klynger av individ som har meir eller mindre like svarprofilar (Tufféry 2011:253ff). I dette tilfellet handlar det då om å lokalisere klynger av individ som i større eller mindre grad har valt dei same ordformene innanfor kvar av dei ulike språklege variablane som er med i i samleanalysen ovanfor. Dermed køyrdie eg ein HAC-analyse i statistikkprogrammet SPAD der eg bad programmet om å føreta automatiske identifisering av klynger i individskya. Programmet føreslo ei inndeling i tre klynger, og vi ser resultatet av denne analysen i grafen nedanfor.

Graf 9.3 Individskya delt inn i tre klynger



Vi ser at Cluster 1/3 femner om eit temmeleg stort tal individ (157) som har liknande svarprofilar, men som likevel slett ikkje er identiske, noko som går fram av det faktum at (den blå) konsentrasjonsellipsen for denne klynga femner om eit temmeleg stort areal (2.19). Cluster 3/3 femner om mest like mange individ (153) som Cluster 1/3, og her er svarprofilane meir innbyrdes like enn kva tilfellet er i Cluster 1/3, noko som går fram av at (den grøne) konsentrasjonsellipsen kring denne klynga femnar om eit nokså lite areal (0.81). Cluster 2/3 femner om eit så pass lågt tal individ (20) at ein lyt vere varsam med å vektlegge det.

Til grunn for grafen ligg det ei matrise som syner kva for ordformer som er kjenneteiknande for individ/tekstane innanfor kvart av dei tre klyngene (jf. Vedlegg 3). Denne matrisa inneheld mellom anna informasjon om kor avgjerande ei gjeven ordform er for danninga av den aktuelle klynga, noko ein finn ut ved å rekne ut differansen mellom representasjonen i den aktuelle klynga og representasjonen i det samla utvalet. Dersom denne differansen er større enn +/- 5 % for ei gjeven ordform, samstundes som p-verdien < 0.05, reknar ein med at den aktuelle ordforma har hatt avgjerande innverknad på danninga av klynga. Ved *positiv* differanse av slik storleik for ei gjeven ordform reknar ein med at den aktuelle ordforma er typisk for klynga. Ved *negativ* differanse for ei gjeven ordform reknar ein med at den aktuelle ordforma er atypisk for klynga (Denord, François, Johs. Hjellbrekke, Olav Korsnes, Frédéric Lebaron og Brigitte Le Roux 2011:99).

Den nemnde matrisa syner at dei moderate ordformene *mykje*, *no*, *noko* og *då* er overrepresenterte i Cluster 1/3, og dermed typiske og karakteristiske for denne klynga, medan dei svakt radikale ordformene *da* og *så* er underrepresenterte og dermed atypiske for denne klynga. Ein kan med andre ord slå fast at denne klynga er kjenneteikna av moderate former, og vi ser også at ei rekke andre former som i den informantbaserte granskninga blei rekna for å vere typisk moderate, hamnar innanfor konsentrasjonsellipsen til Cluster 1/3.

Ser vi på Cluster 3/3, syner matrisa at dei svakt radikale ordformene *da* og *så* er overrepresenterte og dermed typiske og karakteristiske for individet i dette, medan dei moderate ordformene *no*, *mykje* og *då* er underrepresenterte og dermed atypiske for denne klynga. Vi ser også at ei rekke andre former som i den informantbaserte granskninga blei rekna for å vere radikale, hamnar innanfor konsentrasjonsellipsen til denne klynga. Legg likevel merke til at former som *mye* og *noe*, som i den informantbaserte granskninga blei rekna for å vere særleg radikale, hamnar utanfor ellipsen for denne klynga, som altså er kjenneteikna av svakt radikale former. Det tyder på at sjølv skribentar som elles brukar radikale former, i liten grad brukar desse formene, noko som i sin tur styrker observasjonen frå korrespondanseanalysen i *Graf 9.1* om at desse formene fell utanfor ei radikal normklynge.

For Cluster 2/3 syner matrisa at dei svakt konservative ordformene *sundag* og *no* er overrepresenterte og dermed typiske og karakteristiske for individua i dette, trass i at dei faktisk hamnar utanfor konsentrasjonellipsen for klynga. Dei meir radikale ordformene *så*, *da*, *nå* og *hos* er på si side underrepresenterte og dermed atypiske for denne klynga. I utgangspunktet kunne ein då tolke dette som eit uttrykk for ei normklynge beståande av konservative former, men ved nærmare gransking synest det ikkje å finnast verken lingvistisk eller statistisk grunnlag for ei slik tolking. For det første ser vi at dei fleste av formene som i den informantbaserte granskingsa blei rekna for å vere konservative, har for stor innbyrdes avstand, samstundes som mange av dei hamnar utanfor konsentrasjonsellipsen for Cluster 2/3. For det andre femner denne klynga berre om 20 av i alt 330 individ, noko som er alt for lågt til at ein kan rekne det som statistisk påliteleg.

Vi kan med dette slå fast at korrespondanseanalysen i *Graf 9.1* synest å gje grunnlag for å rekne med ei normklynge bestående av moderate former, og at dette blir validert av det faktum at det i klusteranalysen i *Graf 9.3* utkrystalliserer seg ei klynge av individ/tekstar som er prega av mange av dei same moderate formene, sjølv om denne klynga er noko mindre konsentrert enn dei moderate formene som er merkte med blå typar i *Graf 9.2*. Samstundes ser vi at hypotesen om den mogelege normklynge av radikale former som vi såg konturane av i *Graf 9.1*, faktisk blir tydeleg styrkt av det faktum at det i klusteranalysen i *Graf 9.3* utkrystalliserer seg ei tydeleg klynge av individ som er prega av mange av dei same radikale formene, sjølv om denne klynga ikkje omfattar alle dei radikale formene som er merkte med grøne typar i *Graf 9.2*. Derimot synest verken korrespondanseanalysen i *Graf 9.1* eller klusteranalysen i *Graf 9.3* å gje grunnlag for å rekne med ei tydeleg normklynge bestående av konservative former eller ei tydeleg klynge av individ som brukar denne typen former. Til det er den innbyrdes avstanden mellom dei ulike konservative formene for stor i *Graf 9.1* og talet på individ for lågt i Cluster 2/3 i *Graf 9.3*. Alt i alt lyt dette bli karakterisert som statistisk sikre og til dels slåande funn som etter mi vurdering bør få implikasjonar for det framtidige normeringsarbeidet for det nynorske skriftspråket, noko eg vil kome attende til i kapittel 7 «Avslutning». Men før vi kjem dit, skal vi sjå på ein annan sentral språkleg variabel innanfor nynorsk, nemleg infinitiv.

6.10 a-infinitiv eller e-infinitiv

I nynorsk skriftspråk kan ein i infinitiv velje mellom a-ending og e-ending eller jamvel bruke kløyvd infinitiv. Dette botnar i at ein innanfor ulike norske talemål har desse ulike endingane i infinitiv, samstundes som ein i den offisielle språkpolitikken heile vegen har lagt vekt på at talemålsgrunnlaget skal vere ein berebjelke i normeringa av det nynorske skriftspråket. På det viset var a-infinitiv og e-infinitiv hovudformer og kløyvd infinitiv sideform i 1917-rettskrivinga; a-infinitiv og kløyvd infinitiv hovudformer og e-infinitiv sideform i 1938-rettskrivinga; a-infinitiv og e-infinitiv hovudformer og kløyvd infinitiv sideform i 1959-rettskrivinga, før både a-infinitiv, e-infinitiv og kløyvd infinitiv (med fastsett liste over kva for infinitivar som i så tilfelle skal ha a-ending) blei jamstilte former i 2012-rettskrivinga.

Som nemnt innleiingsvis gjennomførte Vikør (1995) ei gransking av utviklinga av eit utval stavings- og bøyingsformer mellom nynorske romanforfattar i perioden 1930-1980 der han meinte å sjå tendensar til at dei fleste formvala blei meir sams innanfor bøyings- og lydverket utetter det nemnde tidsrommet, og at forfattarane frå det siste tiåret han granska, konvergerte mot det ein kan karakterisere som moderat nynorsk. Eit viktig unntak frå hovudtendensen om konvergens er nettopp bruken av infinitiv, som Vikør (op.cit.) dokumenterer har halde seg stabilt sprikande gjennom heile perioden, med nokså jamn fordeling mellom a-infinitiv, e-infinitiv og kløyvd infinitiv i alle dei tre tidsromma han granskar. Ei gransking utført av Sandøy (1999:215) syner på si side at ein i materialet bak *Nynorsk frekvensordbok* hadde følgjande fordeling kring 1980: e-infinitiv var gjennomført i 53,1 % av tekstane, a-infinitiv i 30,1 % og kløyvd infinitiv i 16,8 %.



Som nemnt innleiingsvis utførte Dyvik (2012:210ff) ein studie der han ved hjelp av korrespondanseanalysar kartla samvariasjonen mellom ulike typar infinitivar mellom dei tjue mest produktive nynorskskribentane i dei seks avisene *Bergens Tidende*, *Dag og Tid*, *Hallingdølen*, *Klassekampen*, *Nationen* og *Sogn Avis* i perioden 2000-2010. Studien dokumenterer at det var ei klar todeling og ein tydeleg innbyrdes samvariasjon mellom skribentar som brukte a-infinitiv på den eine sida og skribentar som brukte e-

infinitiv på den andre. Samstundes dokumenterer studien at det var ei lita gruppe av skribentar som brukte kløyvd infinitiv, hovudsakleg bestående av journalistar frå avisa *Hallingdølen*, som altså har tilhald i eit geografiske område der dette språklege trekket er typisk for dialekten.

På denne bakgrunn fann eg det interessant å kartlegge korleis fordelinga og samvariasjonen er mellom dei ulike infinitivsformene også i mitt materiale, som jo består av eit breitt og stort samansett utval av faktiske nynorske tekstar henta frå perioden 1980-2010. Som tidlegare nemnt syner den opphavlege resultatmatrisa mi kor mange førekomstar ein finn av kvar ordform innanfor kvar variabel hjå kvart einskilt individ, noko som inneber at ein for ein gjeven skribent i prinsippet kan få treff på båe, ingen eller berre ei av dei aktuelle ordformene for kvar variabel. I praksis vil det vanlegvis vere slik at ein for ein gjeven skribent anten vil få mange treff på a-infinitiv og få eller ingen treff på e-infinitiv (som altså tilseier a-infinitiv) eller mange treff på e-infinitiv og få eller ingen treff på a-infinitiv (som altså tilseier e-infinitiv) eller ei jamnare fordeling mellom kvar av dei to formene (som altså tilseier kløyvd infinitiv), noko som i ein korrespondanseanalyse då venteteg vil gje seg utslag i ulike klynger av individ. Det skal vi snart sjå nærmare på, men først skal vi sjå på absolutte frekvensar av dei ulike infinitivsformene i det samla tekstutvalet og den innbyrdes fordelinga mellom a-infinitiv og e-infinitiv innanfor kvar variabel.

Eg valde ut ti språklege variablar som i norma som var gjeldande fram til 2012, var slik at ein kunne velje mellom a-infinitiv, e-infinitiv og kløyvd infinitiv. Dei ti utvalde variablane var *bera/bere*, *bruka/bruke*, *drepa/drepe*, *eta/ete*, *høyra/høyre*, *kasta/kaste*, *lesa/lese*, *lova/love*, *svara/svare* og *tala/tale*. Vi ser først på kor mange førekomstar det er av dei alternative skrivemåtane av desse variablane i det samla tekstutvalet og ikkje minst på korleis fordelinga er mellom a-infinitiv og e-infinitiv innanfor kvar variabel.

Diagram 10.1 Gruppert stolpediagram som syner kor mange førekomstar det er av den eine og den andre ordforma innanfor kvar av dei ti aktuelle variablane i det samla tekstutvalet



Hovudbiletet som teiknar seg, er at det for dei aller fleste variablane er nokså lik fordeling mellom a-infinitiv og e-infinitiv i det samla tekstuvalet. Det øvste diagrammet syner variablar der e-infinitiven dominerer over a-infinitiven, men då med ein relativ svak dominans. Unntaket er variabelen *bruka/bruke*, der e-forma har om lag dobbelt så høg frekvens som a-forma. For variablane i det nedste diagrammet er det a-infinitiven som dominerer over e-infinitiven, men også det berre med svak dominans. Unntaket er variabelen *bera/bere*, der a-forma er nesten dobbelt så

høgfrekvent som e-forma. Dette syner at det samla sett er ei temmeleg jamn fordeling mellom bruken av a-infinitiv og e-infinitiv i mitt materiale, noko som tilseier at det var ei rimeleg vurdering å la dei to formene vere jamstilte i den nye rettskrivinga av 2012. Som vi såg ovanfor, opnar den nye norma også for at ein brukar kløyvd infinitiv, noko desse absolutte frekvensane ikkje seier noko om. For å få danna eit bilet av eventuelle klynger av individ kring høvesvis a-infinitiv, e-infinitiv og kløyvd infinitiv, skal vi no sjå på resultatet av ein korrespondanseanalyse som eg gjorde med dette som føremål.

Eg starta som vanleg med å køyre ein analyse med utgangspunkt i tabellverdiane for alle dei nemnde variablane for alle individ/tekstane i materialet, og fekk då tabellen nedanfor, som syner kor stor del av den samla variansen av dei aktuelle variablane som blir fanga opp av dei seks første aksane.

Tabell 10.1 Variansen til aksane, målt i eigenverdi og i prosent av den totale variasjonen¹⁶

Aksenummer	Eigenverdi	Prosent	Akkumulert prosent
1	0,775	30,7	30,7
2	0,263	10,4	41,1
3	0,226	8,9	50,0
4	0,191	7,6	57,6
5	0,136	5,4	62,9
6	0,130	5,1	68,1

Vi ser at nesten 70 % av den totale variansen blir fanga opp av dei seks første aksane, og at albogekriteriet tilseier at det er nok å tolke dei tre første aksane, men før ein kan ta til å tolke resultata, treng ein altså å finne ut kva for kategoriar (ordformer) som har vore dei viktigaste for konstruksjonen av aksane i planet. Tabellen nedanfor syner bidraga frå dei ulike punkta til dei tre første aksane.


¹⁶ Det totale talet på aksar i dette rommet er 19.

Tabell 10.2 Relativ masse, avstand til origo og bidrag frå dei aktive punkta til aksane

Variabel	Relativ vekt	Avstand til origo	Akse 1	Akse 2	Akse 3
høyra	7,271	2,514	13,775	2,026	0,496
høyre	11,204	1,591	5,231	16,548	15,433
bera	3,488	3,880	2,366	18,014	3,564
bere	1,967	4,956	2,004	0,014	5,075
bruka	11,644	2,564	24,407	24,071	3,639
bruke	22,704	1,122	15,875	7,599	44,387
drepa	0,669	10,227	0,515	3,283	0,077
drepe	1,003	6,191	0,903	0,006	1,968
eta	2,144	4,042	1,092	2,641	0,732
ete	2,609	5,588	2,432	0,071	11,666
kasta	1,698	3,508	2,627	0,612	0,203
kaste	3,311	1,875	1,983	0,277	0,066
lesa	7,579	2,331	7,528	6,080	1,669
lese	8,693	2,287	7,979	2,603	6,748
lova	1,167	4,023	1,041	0,280	0,092
love	0,800	5,734	0,479	0,060	0,086
svara	3,442	2,304	3,652	2,414	0,322
svare	3,455	2,789	2,589	0,171	0,804
tala	2,786	3,830	1,973	12,705	1,911
tale	2,367	6,051	1,549	0,527	1,060

Vi ser at akse 1 i hovudsak blir danna på grunnlag av opposisjonen mellom dei svært høgfrekvente formene *bruka* og *bruke* og delvis på grunnlag av opposisjonen mellom dei nokså høgfrekvente formene *høyra* og *høyre* og *lesa* og *lese*, som har eit samla bidrag på 75 %. Akse 1 diskriminerer såleis i første rekke mellom a-infinitiv og e-infinitiv. Akse 2 blir først og fremst danna på grunnlag av den innbyrdes opposisjonen mellom a-forma *bruka*, på den eine sida, og a-formene *bera* og *tala*, på den andre, sjølv om opposisjonen mellom e-formene *bruke* og *høyre* også har verka inn på dannninga av denne aksen. Akse 3 blir på si side i hovudsak danna på grunnlag av opposisjonen mellom e-formene *bruke*, *høyre*, *ete* og *lese*, som har eit samla bidrag på over 75 %. Sidan det er tilhøvet mellom bruken av a-infinitiv, e-infinitiv og ikkje minst kløyvd infinitiv vi er interesserte i, er det såleis tilstrekkeleg å granske kva for samanhengar som kjem fram i faktorplan 1-2.

Graf 10.1 a-infinitiv vs. e-infinitiv, med fokus på ordskya. Faktorplan 1-2




Hovudskiljelinjene i dette faktorplanet blir altså danna på grunnlag av opposisjonen mellom a-formene *bruka*, *høyra* og *lesa* og e-formene *bruke*, *høyre* og *lese* langs akse 1. Det er denne aksen som fangar den klart største delen av den samla variansen i materialet (31 %), og vi ser då også korleis vi her får ei klar todeling av ordskya så vel som individskya, der e-infinitivsformene og e-infinitivsbrukarane klynger seg nokså tett saman på den eine sida medan a-infinitivsformene og a-infinitivsbrukarane hamnar på motsett side, noko som samsvarar godt med funna i den tidlegare nemnde studien til Dyvik (2012:210ff). Det at ein stor del av skribentane brukar e-infinitiv, medan ein

annan stor del brukar a-infinitiv, er jo heilt i tråd med kva ein kunne forvente, og det er strengt tatt overflødig med ein korrepondanseanalyse for å klargjere det då ein krysstabell ville ha synt det same. Når eg likevel valde å gjennomføre ein slik analyse av bruken av a-infinitiv og e-infinitiv, var det først og fremst fordi eg vurderte det slik at ein korrespondanseanalyse kunne fortelje noko meir om bruken av kløyvd infinitiv. Særleg interessant fann eg at det ville vere å granske individskya, då denne kan gje oss innsikt i kva for grupper av skribentar som brukar kløyvd infinitiv. Ein kunne tenke seg at ein såg etter mønster på tvers av alle individua samstundes, men med heile 330 ulike individ som har skrive nynorske tekstar innanfor ei rekke ulike sjangrar og innanfor ei rekke ulike typar publikasjonar landet over, er det ikkje mogeleg å finne mønster som gjev lingvistisk og kontekstuelt mening på tvers av alle individua samstundes. Derfor valde eg å fokusere på bruken av infinitiv i dei seks avisene *Bergens Tidende*, *Dag og Tid*, *Hallingdølen*, *Klassekampen*, *Nationen* og *Sogn Avis* i perioden 2000-2010. Som vi såg i kapittel 4, er desse tekstane skrivne av ulike skribentar i ulike typar aviser som har ulike publikasjonssteder, ulike målgrupper og til ein viss grad ulike husnormer. Ein kan slik tenke seg at denne typen faktorar verkar inn på bruken av infinitiv hjå dei ulike skribentane i dei ulike avisene, noko som dermed kan gjere det mogeleg å finne mønster som er lingvistisk og kontekstuell interessante. Analysane mine synte at dei tjue skribentane i kvar av dei fire avisene *Bergens Tidende*, *Dag og Tid*, *Klassekampen* og *Nationen* fordelte seg nokså jamt på kvar si side langs akse 1, dvs. at om lag halvparten av dei heldt seg til a-infinitiv medan den andre delen heldt seg til e-infinitiv og berre nokre få av dei brukte kløyvd infinitiv, noko som jo er eit interessant funn i seg sjølv. Dei mest interessante mønstra fann eg likevel når det gjaldt plasseringa av skribentane i avisene *Hallingdølen* og *Sogn Avis*, noko som gjer at eg i grafen nedanfor berre har merkt dei.¹⁷

¹⁷ I grafen har eg merkt kvar skribent i dei to avisene med forkorting for avis pluss nummer, slik at til dømes 2HD er forfattar nummer to i *Hallingdølen*, medan 17SO er forfattar nummer sytten i *Sogn Avis*. At dei andre skribentane ikkje er merkte, har også reint visuelle årsaker, då ei merking av alle ville ha gjort grafen uleseleg.

Graf 10.1 a-infinitiv vs. e-infinitiv, med fokus på individskya. Faktorplan 1-2.



Ein studie av individskya i sin heilskap syner som tidlegare nemnt at eit fleirtal av dei 330 individene/tekstane hamnar langt til venstre langs akse 1, nær dei ulike ordformene med e-infinitivar, medan eit mindretal av tekstane hamnar langt til høgre langs denne aksen, nær dei ulike ordformene med a-infinitivar.

Vi legg vidare merke til at alle dei tjue tekstane som soknar til *Sogn Avis*, hamnar opp i høgre kvadrant i lag med ordformer som består av langstava a-infinitivar som *bruka*, *høyra* og *kasta*. Desse a-infinitivane er som vi snart skal sjå, ikkje vanlege å bruke for

dei som har kløyvd infinitiv, og er dermed karakteristiske for dei som har rein a-infinitiv i dialekten sin. Dette stemmer godt overeins med det tidlegare påviste faktum at *Sogn Avis* praktiserte a-infinitiv som husnorm i perioden 2000-2010 (jf. Vedlegg 1).

Det mest interessante med grafen er likevel at ein del av tekstane hamnar imellom dei to hovudskyene av e-infinitivar og a-infinitivar. Utifrå dei vanlege tolkingsreglane i ein CA-analyse er det grunn til å rekne med at desse tekstane inneheld både e-infinitivar og a-infinitivar, og at det såleis kan vere slik at dei aktuelle individua brukar kløyvd infinitiv. Vi legg merke til at ein stor del av desse tekstane er frå avisas *Hallingdølen* (HD), noko som stemmer godt overeins med det faktum at denne avisa kjem ut i Ål i Hallingdal, der ein har kløyvd infinitiv i talemålet. I mellomnorsk tid utvikla trønderske og austnorske dialektar seg slik at gamle norrøne fleirstavingsord med kort rotstaving fekk jamt trykk på rot og endestaving, medan ord med lang rotstaving beholdt det gamle systemet med med trykksterk rotstaving og trykklett endestaving. I neste omgang blei endingsvokalen i dei førstnemnde overvektsorda reduserte frå *a* til *e* i austnorske dialektar, medan ein i dei sistnemnde jamvektsorda beholdt den norrøne fullvokalen *a*. På dette viset fekk ein i austnorske dialektar, slik som i Ål i Hallingdal, typisk e-infinitiv i overvektsord som *bruke*, *høyre* og *kaste*, men a-infinitiv i jamvektsord som *bera*, *drepa*, *eta*, *lesa*, *lova*, *svara* og *tala* (Mæhlum og Røyneland 2012:32ff). Ei jamføring av ordsky og individsky i *Graf 10.1* syner at dei fleste av skribentane i avisas *Hallingdølen* hamnar nær dei temmeleg høgfrekvente e-infinitivane *bruke*, *høyre* og *kaste* i venstre kvadrant samstundes som dei (i varierande grad) blir trekte i retninga av jamt over meir lågfrekvente a-infinitivar som *bera*, *drepa*, *eta*, *lesa*, *svara* og *tala* i nedre høgre kvadrant, noko som då tyder på at dei altså brukar kløyvd infinitiv. Vi ser også at nokre andre skribentar plasserer seg mellom dei to dominerande ordskyene av a-infinitivar og e-infinitivar, men alt i alt er det ein temmeleg liten del av individua som synest å bruke kløyvd infinitiv jamført med dei som brukar a-infinitiv og e-infinitiv.

Avslutningsvis skal vi sjå korleis bruken av a-infinitiv og e-infinitiv påverkar og plasserer seg inn i samleanalysen frå kapittel 6.9, der vi studerte samvariasjon innanfor eit større utval av variablar med både radikale, moderate og konservative former. Som

vanleg starta eg med å køyre ein førebels analyse med utgangspunkt i tabellverdiane for alle dei nemnde variablane for alle individua/tekstane i materialet. Då det igjen synte seg at dei lågfrekvente, radikale formene *noe, mye, da, nå* og *bare* og den lågfrekvente, konservative forma *so* hadde avvikande profilar jamført med alle andre former, valde eg av stabilitetsårsaker å gjere dei nemnde formene og dei moderate motsvara deira om til supplementære punkt. Etter dette metodiske grepet får vi danna tabellen nedanfor, som syner kor stor del av den samla variansen av dei aktive variablane som blir fanga opp av dei åtte første aksane.

Tabell 10.3 Variansen til aksane, målt i eigenverdi og i prosent av den totale variasjonen¹⁸

Aksenummer	Eigenverdi	Prosent	Akkumulert prosent
1	0,304	13,3	13,3
2	0,214	9,4	22,7
3	0,174	7,6	30,3
4	0,133	5,8	36,1
5	0,108	4,7	40,9
6	0,088	3,8	44,7
7	0,081	3,5	48,2
8	0,076	3,3	51,6

Vi ser at over 50 % av den totale variansen blir fanga opp av dei åtte første aksane, og at albogekriteriet tilseier at det er nok å tolke dei tre første aksane, men før ein kan ta til å tolke resultata, treng ein altså å finne ut kva for kategoriar (ordformer) som har vore dei viktigaste for konstruksjonen av aksane i planet. Tabellen nedanfor syner bidraga frå dei aktive punkta til dei tre første aksane.

¹⁸ Det totale talet på aksar i dette rommet er 73.


Tabell 10.4 Relativ masse, avstand til origo og bidrag frå dei aktive punkta til aksane

Variabel	Relativ vekt	Avstand til origo	Akse 1	Akse 2	Akse 3
mulig	0,280	9,315	0,039	0,093	0,136
mogleg	4,479	1,588	4,200	0,542	10,512
annen	0,240	10,403	0,034	0,114	0,165
annan	6,086	0,273	0,155	0,000	0,413
skole	0,496	7,326	0,518	1,955	0,199
skule	2,705	2,621	9,377	0,202	0,008
kjøre	0,154	26,621	0,300	0,076	0,011
køyre	0,781	4,046	1,016	2,504	5,541
holdning	0,065	31,361	0,006	0,099	0,091
haldning	0,570	2,586	0,297	0,021	0,599
drøm	0,051	20,297	0,102	0,019	0,007
draum	0,460	2,267	0,116	0,029	0,022
bygge	0,727	6,959	0,230	2,607	0,495
byggje	1,236	4,134	0,911	5,992	0,243
rekke	0,542	6,633	0,058	0,652	0,350
rekjkje	2,006	1,950	1,941	0,671	1,044
skyld	0,098	7,473	0,067	0,001	0,001
skuld	0,973	1,693	0,548	0,159	0,229
enten	0,507	6,381	0,031	0,149	0,662
anten	0,757	1,766	0,032	0,019	0,585
tåle	0,094	10,059	0,000	0,206	0,009
tole	0,142	6,046	0,005	0,324	0,043
honom	0,106	42,207	0,000	0,206	0,024
han	22,451	0,604	26,275	7,940	11,154
sumar	0,054	17,355	0,099	0,147	0,052
sommar	1,773	1,714	2,194	0,000	1,415
ljos	0,104	15,510	0,006	0,223	0,001
lys	1,464	1,225	0,140	0,050	0,179
ljod	0,007	268,888	0,007	0,034	0,002
lyd	0,407	3,405	0,369	0,000	0,019
hjå	3,690	2,405	13,675	4,361	0,679
hos	6,041	1,244	5,296	2,588	2,763
sundag	1,123	11,849	7,173	5,246	38,180
søndag	1,210	4,484	0,846	1,582	2,192
diverre	0,496	4,141	0,602	0,534	0,093
dessverre	0,485	2,752	0,022	0,260	0,051
jarn	0,076	50,272	0,000	0,095	0,065
jern	0,179	9,852	0,006	0,183	0,011
hovding	0,022	23,265	0,027	0,014	0,002
høvding	0,025	20,755	0,003	0,040	0,012
skåp	0,089	5,298	0,013	0,055	0,068
skap	0,096	5,358	0,047	0,001	0,033
fyrst	2,604	3,749	7,860	1,267	4,357
først	6,497	0,594	1,689	0,157	2,202
gjev	2,938	2,713	2,725	4,871	3,293
gir	4,639	1,653	0,365	14,089	4,662

gamal	1,209	3,225	1,132	1,684	0,102
gammal	2,652	2,077	1,926	0,033	0,000
lukke	0,191	6,966	0,021	0,006	0,096
lykke	0,331	3,152	0,435	0,002	0,037
ungdomen	0,326	3,644	0,082	0,251	0,108
ungdommen	0,499	2,547	0,118	0,002	0,014
ynske	0,113	11,311	0,261	0,517	0,001
ønske	0,581	3,028	0,004	0,175	0,748
høyra	1,023	2,683	0,323	4,744	0,164
høyre	1,577	2,113	1,392	0,509	1,565
bera	0,491	3,145	0,052	0,806	0,011
bere	0,277	5,161	0,128	0,356	0,000
bruка	1,639	3,374	3,181	6,278	2,958
bruke	3,195	1,847	0,171	13,309	0,328
drepa	0,094	10,226	0,012	0,258	0,002
drepe	0,141	6,330	0,141	0,138	0,003
eta	0,302	5,393	0,028	0,430	0,063
ete	0,367	7,061	0,346	0,434	0,020
kasta	0,239	3,438	0,105	0,757	0,069
kaste	0,466	2,105	0,090	0,521	0,172
lesa	1,067	2,625	0,006	2,900	0,002
lese	1,224	3,135	0,350	1,809	0,294
lova	0,164	4,504	0,123	0,221	0,031
love	0,113	6,252	0,002	0,241	0,031
svara	0,484	2,090	0,024	1,211	0,001
svare	0,486	2,937	0,062	0,621	0,091
tala	0,392	4,105	0,000	0,841	0,005
tale	0,333	7,087	0,064	0,565	0,212

Vi ser at mange av dei same ordformene som var avgjerande for aksedanninga i kapittel 6.9, framleis er avgjerande her, sjølv om nokre av infinitivsformene også har hatt ein viss innverknad på aksedanninga. Slik blir akse 1 i hovudsak danna på grunnlag av opposisjonen mellom den moderate forma *han* og dei konservative formene *hjå*, *sundag*, *fyrst* og *bruка*, som har eit samla bidrag på vel 50 %. Akse 2 blir i hovudsak definert av dei moderate ordformene *gir*, *han* og *bruke* og dei konservative ordformene *bruка*, *sundag*, *hjå* og *gjev*, som også har eit samla bidrag på vel 50 %. Når det gjeld akse 3, kjem dei viktigaste bidraga frå dei moderate formene *han* og *mogleg* på den eine sida, og frå den konservative forma *sundag* på den andre, som har eit samla bidrag på om lag 60 %. Sidan infinitivsformene har mest innverknad på akse 1 og 2, vel eg å fokusere på dei samanhengane som kjem til syne i faktorplan 1-2.


Graf 10.2 Samling av radikale vs. moderate vs. konservative former og infinitivar. Faktorplan 1-2



Hovudbiletet frå samleanalysen i kapittel 6.9 blir ståande i denne grafen: dei moderate formene hamnar nær barysenteret, dei meir radikale formene hamnar (stendig lenger) ute i venstre kvadrantar og dei meir konservative formene hamnar (stendig lenger) nede i høgre kvadrant. Det nye er infinitivane, der vi ser at e-infinitivane hamnar eit stykke oppe på akse 2, medan a-infinitivane hamnar relativt langt nede langs denne aksen. Hovudgrunnen til det er at opposisjonen mellom dei høgfrekvente infinitivane *bruке* og *bruка* er viktig for danninga av akse 2, noko som gjev ei polarisering mellom e-infinitivar og moderate former på den eine sida og a-infinitivar og relativt konservative former på den andre. Dette samsvarar elles bra med funna i den informantbaserte granskninga mi, som syner at e-infinitivar blir rekna for å vere noko meir moderate og noko mindre konservative enn a-infinitivar.

For å granske fordelinga i individskya med omsyn til bruk av infinitiv valde eg også her å gjennomføre ein nærstudie av plasseringa til skribentane i dei seks nemnde avisene. På liknande vis som i *Graf 10.1*, der det berre var infinitivar som låg til grunn for analysane, syntetiserte mine førebelse analysar også her at skribentane innanfor kvar av dei fire avisene *Bergens Tidende*, *Dag og Tid*, *Klassekampen* og *Nasjonen* fordelte seg nokså jamt utover i rommet, medan det var større innbyrdes konsentrasjon for skribentane i *Hallingdølen* og *Sogn Avis*, noko som gjer at eg også i grafen for samleanalysen nedanfor rettar merksembla mot dei.

Graf 10.2 Samling av radikale vs. moderate vs. konservative former og infinitivar. Faktorplan 1-2. Individksyna



Vi ser at så godt som alle dei tjue skribentane i *Sogn Avis* ikkje overraskande hamnar nede i høgre kvadrant, dvs. det området som er prega av stendig meir konservative ordformer dess lenger ut i kvadranten ein kjem. Vi har jo tidlegare sett at *Sogn Avis* hadde a-infinitiv som husnorm i perioden 2000-2010, men også den etter måten konservative forma *me* (1. person fleirtal av personleg pronomen). I dei delane av den aktuelle kvadranten som ligg nærmast barysenteret, finn vi moderate former som *berre*, *noko*, *då*, *mykje* og *no*, men lenger ute finn vi stendig meir konservative former som *skåp*, *ungdomen*, *gamal*, *gjev*, *sumar*, *ljos*, *ljod*, *so* og *honom*, og også langstava a-infinitivar som *bruka*, *høyra* og *kasta*. Når det gjeld skribentane i *Hallingdølen*, ser vi at så godt som alle desse hamnar oppe i høgre kvadrant, dvs. eit område som er prega av moderate til svakt konservative former.

I eit normeringsperspektiv er det grunn til å merke seg at det samla sett berre er ein veldig liten del av skribentane som ifølgje denne analysen brukar kløyvd infinitiv, nærmare bestemt kring 10 %, noko som er ein lægre del enn det vi har sett at Vikør (1995) og Sandøy (1980) fann i sine studiar. Med så låge andelar av kløyvd infinitiv er det grunn til å stille spørsmål om det var rimeleg å la kløyvd infinitiv vere ein del av den offisielle nynorske norma også etter 2012, særleg med tanke på at kløyvd infinitiv ikkje lenger berre er ei sideform, men no faktisk er jamstilt med a- og e-infinitiv.¹⁹

¹⁹ I framlegget til ny rettskriving som rettskrivningsnemnda sende på høyring i januar 2011, var då også kløyvd infinitiv føreslege tatt ut av normalen nettopp med tilvising til at den var lite brukt i nyare skriftspråkleg praksis. I den endelige innstillinga blei kløyvd infinitiv likevel med, med tilvising til at det var ein del av den skriftspråklege tradisjonen og framleis er delvis utbreidd i taletmålet – og med tilvising til at det under høyringa kom protestar mot å fjerne kløyvd infinitiv (Røyneland 2016:98).

7. Avslutning

Vi har sett at Noreg av bestemte sosiopolitiske årsaker lenge har ført ein særeigen og sjeldsynt normeringspolitikk som i det 20. hundreåret kom til å dreie seg langs to hovudaksar: tradisjonsprinsippet versus tilnærtingsprinsippet på den eine sida og fastheitsprinsippet versus folkemålsprinsippet og valfridomsprinsippet på den andre. Tilnærming mellom dei to offisielle målformene landsmål og riksmål stod sentralt i den første felles rettskrivingsreforma av 1917, og dette prinsippet fekk jamvel større gjennomslag i rettskrivingsreforma av 1938. Samstundes blei både tradisjonsprinsippet og folkemålsprinsippet følt opp via valfridomsprinsippet. Resultatet var to normalar med veldig stor innbyrdes valfridom mellom hovudformer og sideformer innanfor både nynorsk og bokmål. Frå og med 1959 fekk vi eit todelt system med ein trong læreboknormal med hovudformer og ein mykje vidare normal med sideformer for skuleelevar og andre for kvar av dei to målformene. Tanken var at den einskilde språkbrukaren sjølv skulle få velje former i samsvar med eige språklege grunnsyn, anten det var prega av tradisjonsprinsippet, folkemålsprinsippet, tilnærtingsprinsippet eller eit meir moderat språksyn, samstundes som hovudformene i stor grad la opp til framleis tilnærming mellom nynorsk og bokmål.

I åra etter millenniumskiftet kom det ei dreiling i den offisielle språkpolitikken, i og med at Stortinget (St.meld. nr. 9 2001-2002:25) gjekk vekk frå tilnærmlingslinja og departementet slutta seg til eit framlegg om å avskaffe skiljet mellom hovudformer og sideformer i bokmål, noko som resulterte i ny rettskriving på desse premissane for denne målforma frå 1.7.2005. I forlenginga av dette støtta Stortinget (St.meld. nr. 35 2007-2008:206) eit vedtak frå styret i Språkrådet om at ein skulle ta sikte på å lage ei tydeleg, enkel og stram norm utan sideformer også for nynorsk. To av dei berande normeringsprinsippa til nemnda som våren 2011 la fram innstilling til den nye rettskrivinga for nynorsk, var at normeringa skulle skje på eigen grunn, og då først og fremst på grunnlag av nyare skriftspråkleg tradisjon og praksis, sjølv om nemnda også la vekt på å få med talemålsformer med stor geografisk utbreiing (Språkrådet 2011:38 og Røyneland 2016:93). Innstillinga til nemnda blei etter godkjenning i departementet gjort gjeldande som ny rettskriving for nynorsk frå 1.8.2012.

Vi har tidlegare sett at det er brei semje om at det må vere samsvar mellom dei offisielt føreskrivne normene og dei internaliserte normene som ligg nedfelte i språkbrukarane i eit språksamfunn for at førstnemnde skal vere valide (Haugen 1966, Vannebo 1980, Bartsch 1987, Vikør 2007, Røyneland 2016), og Dyvik (2003:31) hevdar at dei fastsette normene må bygge på dei operative normene som eksisterer i den etablerte skriftkulturen for det aktuelle språket for at dei skal bli aksepterte. I forlenginga av dette resonnementet vedtok Språkrådet i 2015 (2015:12) at grunnlaget for vidare normering av det nynorske skriftspråket skal vere språket slik det ser ut i nynorsk tekst, med særleg vekt på tekstar som blir vurderte som normdannande. På denne bakgrunn, og med det til føremål å styrke det empirisk kunnskapsgrunnlaget for normeringa av nynorsk og kunne evaluere rettskrivinga frå 2012, har eg i denne avhandlinga på systematisk vis kartlagt tilhøvet mellom eit stort utval av språklege variablar for dei føreskrivne språklege normene som var gjeldande fram til 2012 og den faktiske bruken av dei i eit stort og representativt utval av nynorske tekstar frå perioden 1980 og 2010. Sidan den offisielle språkpolitikken tilseier at ein bør leggje særleg vekt på tekstar som blir vurderte som normdannande, la eg vekt på at tekstane som skulle leggjast til grunn for mi gransking, skulle vere skrivne av skribentar med etter måten brei og solid skriftleg kompetanse, vere henta frå ulike forlag og kjelder og bestå av ei rekke ulike sjangrar, slik som avistekstar, tidsskriftartiklar, skjønnlitterære tekstar, fagboktekstar, læreboktekstar og tekstar frå offentleg målbruk.

Det overordna forskingsspørsmålet for avhandlinga var om det i mitt omfattande og representative korpus beståande av nynorske tekstar frå perioden 1980-2010 eksisterer normklynger av ulike språklege former som kan la seg identifisere som meir eller mindre dominerande subvarietatar av det nynorske skriftspråket, slik som til dømes varietatar som ein kan karakterisere som konservativ, moderat eller radikal nynorsk.

For at ei kartlegging av tilhøvet mellom dei føreskrivne og dei operative normene som nedfeller seg i skriftspråket, skulle kunne gje mest mogelege fruktbare resultat med tanke på vidare normering, fann eg det føremålstenleg å kartleggje kva for substansielt innhald som ligg bak omgrepa radikal, moderat og konservativ nynorsk. Gjennom ei informantbasert gransking mellom eit strategisk utval av kompetente nynorskbrukarar

som blei bedne om å vurdere 72 språklege variablar, kunne eg slå fast kva for konkrete ordformer som blir rekna for å vere høvesvis særleg radikale, delvis radikale, svakt radikale, moderate, svakt konservative, delvis konservative og særleg konservative.

Etter at resultatet av denne granskninga var klar, blei det lettare å gjennomføre ei systematisk og empirisk gransking av formval i det nemnde tekstutvalet. Med utgangspunkt i kva som blei rekna for å vere høvesvis radikale, moderate og konservative former, kunne eg no både kartleggje førekommstar og frekvensar av ulike valfrie former i eit størst mogeleg utval av variablar og samvariasjon av bestemte språklege former på tvers av tekstane i materialet. Nedanfor drøftar eg i kva grad 2012-normalen er i samsvar med dei operative normene for nynorsk slik eg har kartlagt dei for eit større utval av ordformer i kontinuumet frå særleg radikale til særleg konservative former. Eg startar med ei jamføring av formene i normalen og den faktiske frekvensen av dei i mitt korpus. Deretter freistar eg å svare på det overordna forskingsspørsmålet for denne avhandlinga ved å synleggjere at det i korpuset faktisk eksisterer ein dominerande subvarietet av det nynorske skriftspråket.²⁰

Først studerte eg eit utval på fem variablar som i *Ny Læreboknormal 1959* hadde alternative ordformer som i den informantbaserte granskninga blei rekna for å vere særleg radikale. I den nye rettskrivinga frå 2012 er formene *berre*, *noko* og *mykle* eineformer; formene *no* og *nå* og *da* og *då* jamstilte former, medan formene *bare*, *noe* og *mye* har gått ut av rettskrivinga, *noko* som i hovudsak synest å vere rimelege vurderingar. I tekstutvalet som ligg grunn for mi granskning, er formene som no står som eineformer nemleg fullstendig dominante, medan formene som er tekne ut av rettskrivinga, *berre* har marginal bruk. Samstundes er den radikale forma *da* så pass frekvent at den kan hende forsvarar ein plass som jamstilt form i rettskrivinga. Forma *nå* er derimot så pass lågfrekvent at ein kan hende burde ta den ut av rettskrivinga.

²⁰ Eg understrekar at mine drøftingar av 2012-normalen utelukkande baserer seg på frekvens og samvariasjon av ulike språklege former i mitt korpus – og *ikkje* andre faktorar som også er nemnde i dei gjeldande retningslinjene for normering av nynorsk (Språkrådet 2015).

Deretter granska eg seks variablar som hadde ordformer som blei rekna for å vere delvis radikale. I den nye rettskrivinga er formene *haldning*, *annan* og *draum* eineformer, medan formene *mogleg* og *mogeleg*; *køyra* og *køyre* og *skule* og *skole* er jamstilte former og formene *holdning*, *annen* og *drøm* har gått ut av rettskrivinga. Mine funn frå skriftspråkleg praksis tilseier at dette i hovudsak er rimelege vurderingar. Formene som no står som eineformer, er nemleg temmeleg dominerande i tekstuvalet, medan dei radikale formene som er tekne ut av rettskrivinga, er temmeleg lite brukte. Funn frå mi granskning gjev likevel grunn til å stille spørsmål ved påstanden til rettskrivingsnemnda om at forma *skole* står sterkt i nynorsk skriftradisjon (Språkrådet 2011:59), då berre 15 % av førekommstane i mitt materiale er på denne forma, noko som i sin tur reiser tvil om det er rimeleg at forma er med i rettskrivinga.

Til slutt i denne sekvensen granska eg seks variablar som hadde ordformer som blei rekna for å vere berre svakt radikale. I den nye rettskrivinga er formene *bygga*, *bygge*, *byggja* og *byggje*; *rekke* og *rekkje*; *skyld* og *skuld* og *anten* og *enten* jamstilte former, medan *tola/tole* er eineformer og *tåla/tåle* har gått ut av rettskrivinga. Jamført med vedtaka for variablane med delvis radikale former og særleg radikale former ser vi at fleire av dei svakt radikale formene i dette kapittelet har blitt jamstilte med dei moderate motsvara deira i den nye rettskrivinga, og at færre former har blitt tekne ut av rettskrivinga. Dette stemmer bra overeins med funna i mi granskning, som syner at det er ei langt jamnare fordeling i bruken av dei svakt radikale og moderate formene enn kva tilfellet var med variablane med delvis og særleg radikale former. På dette grunnlag kan ein hevde at mine funn frå nyare skriftspråkleg praksis tilseier at vedtaka som er gjort for dei seks ovanfor nemnde variablane, i hovudsak er rimelege. Ein kan likevel setje spørjeteikn ved at *skyld* er jamstilt med *skuld*, då mi granskning syner at berre ein veldig liten del av førekommstane i det samla tekstuvalet er på denne forma.

Deretter var turen komen til variablar med konservative former, og eg starta då med å granske eit utval på fem variablar som i *Ny Læreboknormal 1959* hadde alternative ordformer som i den informantbaserte granskninga blei rekna for å vere særleg radikale. I den nye rettskrivinga frå 2012 er forma *han* eineform, medan *honom* har gått ut av rettskrivinga. Alle dei andre formene, dvs. *ljod* og *lyd*, *ljos* og *lys*, *so* og *så* og *hjå* og

hos, er no jamstilte former. Det at forma *honom* blei tatt ut av rettskrivinga, og det at formene *hjå* og *hos* er jamstilte, finn ein bra støtte for i mi gransking. Derimot gjev mine funn ikkje grunnlag for å la dei konservative formene *ljod*, *ljos*, *sumar* og *so* vere jamstilte med dei moderate motsvara deira. Mi gransking syner nemleg at alle dei nemnde formene er temmeleg marginale i det samla tekstutvalet. Sidan den offisielle språkpolitikken tilseier at det «vesentlege grunnlaget for normering av nynorsk skriftspråk er språket slik det ser ut i nynorsk tekst, med særleg vekt på tekstar som blir vurderte som normdannande» (Språkrådet 2015:12), synest det derfor å vere rimeleg klart at formene *ljod*, *ljos*, *sumar* og *so* bør gå ut av rettskrivinga.

Etter dette granska eg seks variablar som hadde ordformer som blei rekna for å vere delvis konservative, nemleg *sundag/søndag*, *diverre/dessverre*, *hovding/høvding*, *skåp/kap* og *jarn/jern*. I rettskrivinga som var gjeldande fram til 2012, var alle dei ovanfor nemnde formene jamstilte hovudformer, og i den nye rettskrivinga har dei behalde statusen som jamstilte former. Mine funn frå nyare skriftspråkleg praksis tilseier at dette på alle vis er rimelege vurderingar. Dei syner nemleg at det er om lag 50/50 fordeling mellom kvar av dei to formene i dei fem førstnemnde variablane, medan den moderate forma *jern* berre er noko meir brukt enn den svakt konservative forma *jarn*.

Avslutningsvis i denne sekvensen granska eg seks variablar som hadde ordformer som blei rekna for å vere berre svakt konservative. I den nye rettskrivinga er alle desse formene jamstilte. Mine funn frå nyare skriftspråkleg praksis tilseier at dette i hovudsak er rimelege vurderingar, då det er ei relativt jamn fordeling mellom dei fleste jamstilte formene. Likevel kan ein setje spørjeteikn ved vedtaket om å la *ynde* vere jamstilt med *ønde*, då berre ein veldig liten del av førekommstane i mitt materiale har denne forma.


Som ei oppsummering kan vi merke oss at dei formene som av mine informantar blei oppfatta som særleg og delvis radikale, i langt større grad er tekne ut av den nye rettskrivinga enn kva tilfellet er med dei formene som av mine informantar blei oppfatta som særleg og delvis konservative. Når det kjem til dei formene som mine informantar oppfatta som høvesvis svakt radikale og svakt konservative, er desse i hovudsak framleis jamstilte former. Det er grunn til å hevde at mine funn frå den korpusbaserte granskinga jamt over gjev støtte for dei vedtaka som her er gjorde, sjølv om det, som vi har sett, finst ein del døme på einskildformer som ut frå bruksfrekvens burde ha vore anten innanfor eller utanfor rettskrivinga. På eitt felt er det eit særleg tydeleg mistilhøve mellom vedtak og faktisk bruk, og det gjeld dei formene som mine informantar reknar for å vere særleg konservative. Av desse er det nemleg berre *honom* som har gått ut av rettskrivinga, trass at mine funn syner at dei andre særleg konservative formene berre opptrer i ein forsvinnande liten del av førekostane i det samla tekstutvalet.

I eit eige delkapittel granska eg bruken av infinitiv. I den nye rettskrivinga frå 2012 er a-infinitiv, e-infinitiv og kløyvd infinitiv jamstilte. Mine funn frå nyare skriftspråkleg praksis syner ei nokså jamm fordeling i bruken av a-infinitiv og e-infinitiv, medan berre ein marginal del av individua i mitt korpus brukar kløyvd infinitiv. Mine funn tilseier såleis at det er rimeleg at a-infinitiv og e-infinitiv er jamstilte former, men at ein burde vurdere å ta kløyvd infinitiv ut av normalen.

Spørsmålet om kor vidt det i mitt omfattande og representative korpus eksisterer normklynger av ulike språklege former som kan la seg identifisere som meir eller mindre dominerande subvarietatar av det nynorske skriftspråket, freista eg altså å finne svar på via ein studie der eg føretok ein statistisk korrespondanseanalyse av materialet. Først gjennomførte eg korrespondanseanalysar der eg jamførte dei ulike radikale formene med dei moderate motsvara deira og dei ulike konservative formene med deira moderate motsvar kvar for seg. Desse analysane gav interessante resultat som peika i retning av at det faktisk var grunnlag for å tale om ulike normklynger innanfor nynorsk. Samstundes syntet det seg at ein del av desse analysane var noko ustabile reint statistisk. Her skal vi derfor gå direkte til dei avsluttande analysane, som altså syntet

seg å gje funn som både var statistisk sikre og språkleg interessante, og som etter mi vurdering, i lag med funna ovanfor, bør få implikasjonar for det framtidige normeringsarbeidet for det nynorske skriftspråket. Vi ser på grafen som syner samsvariasjon på tvers av alle tekstane i utvalet og alle dei ovanfor nemnde radikale, moderate og konservative formene samstundes.

Graf 9.2 Samling av radikale vs. moderate vs. konservative former. Faktorplan 1-2



Ein svært stor del av dei ordformene som i den informantbaserte granskingsa blei rekna for å vere typisk moderate former, er som vi ser lokaliserte nær barysenteret, og dei er åleine om å vere det. Samstundes ser vi at så godt som alle dei formene som i den informantbaserte granskingsa blei rekna for å vere meir radikale, hamnar ute til venstre, og då slik at dei mest radikale hamnar lengst vekk frå barysenteret. Vidare legg vi

merke til at dei aller fleste av dei formene som i den informantbaserte granskinga blei rekna for å vere meir konservative, hamnar i nedre høgre kvadrant. Til saman tyder dette for det første på at det er godt samsvar mellom intuisjonane til informantane om radikale, moderate og konservative former og den faktiske bruken av dei. For det andre tyder det på at det utkrystalliserer seg opptil fleire normklynger innanfor nynorsk i mitt materiale. For å tydeleggjere dette har eg merkt dei formene som i den informantbaserte granskinga blei vurderte til å vere radikale, med grøne typar, medan dei formene som blei vurderte til å vere moderate, er merkte med blå typar og dei formene som blei vurderte til å vere konservative, er merkte med rauda typar. Vi ser då først at følgjande radikale (og nokre radikal-moderate) former plasserer seg ute til venstre i grafen: *mye, noe, nå, da, bare, gir, holdning, rekke, enten, ønske, tåle, jern, mulig, hos, annen, først, skap, kjøre, lys, gammal, lykke, skyld, lyd og drøm*. Dernest ser vi at følgjande moderate (og nokre moderat-konservative) former plasserer seg nær barysenteret: *mykje, noko, no, då, berre, skule, skole, mogleg, rekkje, byggje, bygge, ungdommen, anten, haldning, tole, søndag, dessverre, lukke, annan, han, hovding, høvding, skuld, draum, så, jarn, gjev, sommar og køyre*. Til slutt ser vi følgjande konservative (og nokre konservativ-moderate) former plassere seg nede i høgre kvadrant: *so, honom, ljud, sumar, ynske, fyrst, sundag, hjå, ljos, skåp, gamal, ungdomen og diverre*.²¹

Alt i alt kan det ved første augekast altså verke som det er grunnlag for å rekne med tre ulike normklynger av det nynorske skriftspråket. Men som vi har sett ovanfor, er den innbyrdes avstanden mellom (ein del av) dei ulike radikale formene og ikkje minst (mange av) dei ulike konservative formene så stor at dei moglege radikale og konservative normklyngene er meir usikre enn den statistisk stabile og tydelege klynga av moderate former. Eit anna tilhøve som går fram av analysen, er at nokre former

²¹ Vi kan legge til at samleanalysen som blei presentert i Graf 10.2 synte at medan e-infintivane plasserte seg nær barysenteret som moderate former, plasserte a-infinitivane seg mellom dei konservative formene, noko som stemmer bra overeins med den informantbaserte granskinga mi, som syner at e-infinitivar blir rekna for å vere noko meir moderate og noko mindre konservative enn a-infinitivar.

plasserer seg imellom dei ulike delområda som er meir eller mindre prega av høvesvis radikale, moderate og konservative former. Det understrekar at eventuelle normklynger ikkje er kategoriske storleikar, men at det heller er tale om klynger av prototypisk karakter. At mange individ brukar mange av dei same moderate formene, til dømes, tyder ikkje at alle desse brukarane av moderate nynorske former brukar alle dei same moderate formene. Nokre av dei aktuelle individua kan bruke den og den (svakt eller delvis) radikale forma, medan andre av dei aktuelle individua kan bruke den og den (svakt eller delvis) konservative forma og likevel halde seg innanfor det som er rimeleg å rekne for å vere ei moderat normklynge. Sidan det knytte seg ein del statistisk uvisse til dei mogelege radikale og konservative normklyngene vi såg konturane av i korrespondanseanalysen, valde eg å også gjennomføre ein såkalla klusteranalyse av individskya. Ikkje overraskande blei den nemnde normklynga beståande av moderate former langt på veg validert av klusteranalysen. Men ikkje berre det: hypotesen om den mogelege normklynga av radikale former blei også styrkt av klusteranalysen, sidan det her utkrystalliserte seg ei klynge beståande av individ som bruker mange av dei same radikale formene. Det lyt likevel presiserast at nokre av dei mest radikale formene fall utanfor klynga, samstundes som den frekvensbaserte granskingsa synte at ein god del av dei radikale formene er lite brukte jamført med dei moderate motsvara deira. Når det gjaldt dei konservative formene, kan vi slå fast at verken korrespondanseanalysen eller klusteranalysen gav grunnlag for å rekne med ei normklynge beståande av konservative former som mange av dei same individua brukar.

Når ein samanheld funna frå den frekvensbaserte granskingsa og funna frå granskingsa basert på korrespondanseanalyse, ser vi med andre ord at den operative norma som nedfeller seg i det store og samansette tekstutvalet som ligg til grunn for denne granskingsa, består av ei klynge bestående av moderate til svakt radikale former. Når vi samstundes veit at den offisielle norske språkpolitikken tilseier at ein skal basere normeringa av det nynorske skriftspråket nettopp på slike normberande tekstar som ligg til grunn for denne studien, er det klart at også funna i denne granskingsa talar for ei normering i retning av det som har blitt omtala som midtlinjenynorsk – slik vi har sett at mange andre også har tatt til orde for.

Litteratur

- Aasen, Ivar [1836] 1909. Om vort skriftspråk. I *Syn og Segn* 17 (s. 1–5).
- Aasen, Ivar 1958. *Brev og Dagbøker*, Vol. 2. Oslo: Samlaget.
- Akselberg, Gunnstein 1999. Valfridomen i nynorsk. Haldningar og praksis hjå lærarar og elevar i den vidaregåande skulen, studieretting for allmenne fag. I Helge Omdal (red.): *Språkbrukeren fri til å velje? Artikler om homogen og heterogen språknorm* (s. 9–22). Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Almenningen, Olaf, Eva Bjørkvold og Aud Søyland 1998. *Den beste boka i praktisk nynorsk for lærarstudentar*. Oslo: Samlaget.
- Almenningen, Olaf 2006. *Innføring i nynorsk for høgare utdanning*. Oslo: Samlaget.
- Austin, John L. 1962. *How to do things with Words*. I J.O. Urmson og Marina Sbisà (red.): *The William James Lectures*. Oxford: Clarendon Press.
- Baayen, R. Harald 2008. *Analyzing Linguistic Data. A Practical Introduction to Statistics using R*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Bartsch, Renate 1987. *Norms of Language. Theoretical and Practical Aspects*. London: Longman.
- Benzécri, Jean-Paul 1969: Statistical analysis as tool to make patterns emerge from data. I Shinji Watanabe (red.): *Methodologies of pattern recognition* (s. 35–74). New York: Academic Press.
- Benzécri, Jean-Paul 1973. *L'Analyse des Données. Vol. 1: Taxionomie. Vol. 2: Analyse des Correspondances*. Paris: Dunod.
- Biber, Douglas og Edward Finegan 1991. On the Exploitation of Computerized Corpora in Variation Studies. I Karin Aijmer og Bengt Altenberg (red.): *English Corpus Linguistics*. London: Longman.
- Bleken, Brynjulf 1966. *Om norsk sprogsstrid*. Skrifter utgitt av Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, 4. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bourdieu, Pierre 1979. *La distinction – Critique Sociale du Jugement*. Boston: Harvard University Press.
- Breivega, Ola 1993. *Råd for uråd*. Oslo: Samlaget.
- Brunstad, Endre 2000. Språknormer som forskingsobjekt. Refleksjonar kring språknormomgrepet og språkforskinga. I Torodd Kinn og Randi B. Brodersen (red.): *Språkvitskap og vitskapsteori* (s. 46–68). Larvik: Ariadne.

- Brunstad, Endre 2009. Kva er god nynorsk språkføring? I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Språknormering – i tide og utide?* (s. 91–108). Oslo: Novus forlag.
- Burt, Cyril 1950. The factorial analysis of qualitative data. I *British Journal of Psychology* 3 (s. 166–185).
- Carr, Philip 2005. Karl Popper. I Siobhan Chapman og Christopher Routledge (red.): *Key Thinkers in Linguistic and the Philosophy of Language*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Chomsky, Noam 1957. *Syntactic Structures*. Haag: Mouton.
- Chomsky, Noam 1961. Formal discussion: The development of grammar in child language. Conference contribution reprinted 1971. I J.P.B. Allens og Paul Matthews Van Buren (red.): *Chomsky: Selected readings*, 129–134. Oxford: OUP.
- Chomsky, Noam 1965. *Aspects of the Theory of Syntax*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Chomsky, Noam 1980. *Rules and Representations*. New York: Columbia University Press.
- Chomsky, Noam 1981. *Lectures on Government and Binding*. Dordrecht: Foris.
- Chomsky, Noam 1995. *The Minimalist Program*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Coseriu, Eugenio 1970. System, Norm und ‘Rede’. I Eugenio Coseriu (red.): *Sprache, Strukturen und Funktionen, XII Aufsätze zur allgemeinen und romanischen Sprachwissenschaft*. Tübingen: Uwe Petersen.
- Denord, François, Johs. Hjelbrekke, Olav Korsnes, Frédéric Lebaron og Brigitte Le Roux 2011. Social capital in the field of power: the case of Norway. I *The Sociological Review*, Volume 59, 1/2011 (s. 86–108). London: Wiley-Blackwell.
- Dyvik, Helge 1993. Normbegreper, systembegreper og individuering av norske skriftspråk. I Knut Blaauw og Helge Nordal (red.): *Standardspråk og dialekt* (s. 159–174). Bergen og Oslo: Bergen Riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur.
- Dyvik, Helge 2003. Offisiell og ikke-offisiell språknormering – nyttig eller skadelig motsetning. I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Krefter og motkrefter i språknormeringa – Om språknormer i teori og praksis* (s. 25–40). Kristiansand S.: Høyskoleforlaget AS.
- Dyvik, Helge 2009. Normering i den postsammanske æra. I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Språknormering – i tide og utide?* (s. 109–121). Oslo: Novus forlag.
- Dyvik, Helge 2012. Norm clusters in written Norwegian. I Gisle Andersen (red.): *Exploring Newspaper Language. Using the web to create and investigate a large corpus of modern Norwegian* (s. 193–219). Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- Feyerabend, Paul 1975. *Against method: outline of an anarchistic theory of knowledge*. London: NLB.

- Fisher, Ronald A. 1940. The precision of discriminant functions. I *Ann. Eugen* 10 (s. 422–429).
- Fiskerstrand, Pernille 2008. *Den internaliserte nynorsknormalen. Om oppfatta nynorsk hos eit utval nynorskelevar*. Masteroppgåve. Kristiansand: Universitetet i Agder.
- Fjeld, Ruth Vatvedt 1998. Om normer og regler. I Ruth Vadtvædt Fjeld og Boye Wangensten (red.): *Normer og regler. Festschrift til Dag Gundersen*. Nordisk forening for leksikografi. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Fretland, Jan Olav 2006. *På saklista. Nynorsk språkbruk i statsforvaltninga*. Oslo: Samlaget/LNK.
- Fretland, Jan Olav 2009. Paradoks i framtidig nynorsknormering. I Helge Omdal og RuneRøsstad (red.): *Språknormering – i tide og utide?* (s. 131–144). Oslo: Novus forlag.
- Garthus, Karen Marie Kvåle 2009. *Rapport om språkskifte i Valdres*. Henta 17.1.17 fra http://www.morsmal.org/documents/members/admin/rapport_om_nynorsk_vs_bokmal.pdf
- Greenacre, Michael J. 1984. *Theory and Applications of Correspondence Analysis*. London: Academic Press.
- Greenacre, Michael J. 2007. *Correspondence Analysis in Practice*, Second Edition. London and New York: Chapman & Hall. Boca Raton.
- Guttman, Louis 1941. The quantification of a class of attributes. I Horst & al. (red.): *The Prediction of Personal Adjustment*, Bulletin 48 (s. 319–348). New York: Social Science Research Council.
- Hanssen, Eskil 1979. *Fra norsk språkhistorie. En antologi*, 2. utg. Oslo – Bergen – Trondheim: Universitetsforlaget.
- Haugen, Einar 1966. *Language Conflict and Language Planning. The Case of Modern Norwegian*. Cambridge. Mass.: Harvard University Press.
- Haugen, Einar 1975. Konstruksjon og rekonstruksjon i språkplanlegging: Ivar Aasens grammaikk. I Magne Myhren (red.): *Ei bok om Ivar Aasen – språkgranskaren og målreisaren* (s. 159–183). Oslo: Samlaget.
- Hart, Herbert 1961. *The Concept of Norm*. Oxford: Oxford University Press.
- Hellevik, Alf 2005. *Nynorsk ordliste*, 10. utg. Oslo: Samlaget.
- Hellevik, Alf, Margunn Rauset og Aud Søyland 2012. *Nynorsk ordliste*, 11. utg. Oslo: Samlaget.
- Helset, Stig J. 2013. Den opphaveleg resultatmatrisa som ligg til grunn for hovudstudien i denne avhandlinga, blei til som eit samarbeid mellom forfattaren, Norsk Aviskorpus,

Norsk Ordbok 2014 og Uni Research Computing, med finansiering frå Språkrådet og Høgskulen i Volda. Ein finn ein lesbar versjon av matrisa på den passordbeskytta vevstaden <https://minerva.hivolda.no/~stighelset/> (Passordet får ein av Stig J. Helset.)

Helset, Stig J. 2014. Om kunnskapsgrunnlaget for to grammatiske teoriar. I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1/2014 (s. 29–61).

Helset, Stig J. 2015. Tilhøvet mellom nynorsk normering og språkbruk. Ein statistisk studie av språkbruken i nynorske aviser. I Jan Olav Fretland og Hjalmar Eiksund (red.): *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 160–175). Oslo: Samlaget.

Helset, Stig J. 2016. Tilhøvet mellom konservative, moderate og radikale former i nynorsk. Ein studie av nynorskskrivarane sine språklege intuisjonar og val. I *Maal og Minne* 1/2016 (s. 141–173).

Helset, Stig J. 2017. Om kunnskapsgrunnlaget for normeringa av det nynorske skriftspråket. I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 2/2017.

Heringer, Hans-Jürgen 1980. Normen? Ja, aber meine! I *Deutsche Akademie für Sprache und Dichtung* 1980 (s. 58–72). Heidelberg: Lambert Schneider.

Hjellbrekke, Johs. 1999. *Innføring i korrespondanseanalyse*. Bergen: Fagbokforlaget.

Hjelmslev, Louis [1993] 1943. *Omkring Sprogtoriernes Grundlæggelse*. Copehagen: The Linguistic Circle of Copenhagen.

Hayashi, Chikio 1952. On the prediction of phenomena from qualitative data and the quantification of qualitative data from a mathematico-statistical point of view. I *Annals of the Institute of Stat. Math.* Vol. 3.

Itkonen, Esa 1981. The Concept of Linguistic Intuition. I Florian Coulmas (red.): *A festschrift for native speaker* (s. 127–140). The Hague: Mouton.

Itkonen, Esa 2005. Concerning the Synthesis between Intuition-based Study of Norms and Observation-based Study of Corpora. I *SKY journal of linguistics* 18 (s. 357–377).

Jakobson, Roman 1962. *Selected Writings*. Berlin: Mouton.

Jernudd, Björn 1971. Review of «Language Conflict and Language Planning: The Case of Modern Norwegian. By Einar Haugen.» I *Language* 47 (s. 490–493).

Johannessen, Janne Bondi 2003. Innsamling av språklige data: Informanter, introspeksjon og korpus. I Janne Bondi Johannessen (red.): *På språkjakt – problemer og utfordringer i språkvitenskapelig datainnsamling* (s. 133–171). Oslo: Unipub forlag.

Kinn, Torodd og Lars Anders Kulbrandstad 2016. *Språkets mønstre. Norsk språklære med øvingsoppgaver*, 4. utg. Oslo: Universitetsforlaget.

- Knudsen, Knud 1850. Om Norskhet i vor Tale og Skrift. I *Norsk tidskrift for Videnskab og Litteratur* (s. 205–273). Christiania: Dybwad.
- Kuhn, Thomas S. 1970. *The Structure of Scientific Revolutions*. Chicago: University of Chicago Press.
- Labov, William 1972. *Sociolinguistic Patterns*. Oxford: Basil Blackwell.
- Lakatos, Imre og Alan Musgrave (red.) 1970. *Criticism and the Growth of Knowledge*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Leech, Geoffrey 1992. Corpora and theories of linguistic performance. I Jan Svartvik (red.): *Directions in Corpus Linguistics* (s. 105–122). Berlin: Mouton de Gruyter.
- Lebart, Ludovic 1998. *Exploring Textual Data*. Dordrecht: Kluwer Academic Publishers.
- Le Roux, Brigitte og Henry Rouanet 2004. *Geometric Data Analysis. From Correspondence Analysis to Structured Data Analysis*. Dordrecht: Kluwer Academic Publishers.
- Le Roux, Brigitte og Henry Rouanet 2010. *Multiple Correspondence Analysis*. London: SAGE.
- Lockertsen, Roger 2003. Determinisme eller politikk som forklaring på resultat av norsk språkplanlegging og språknormering. I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om Språknormer i teori og praksis* (s. 187–193). Kristiansand S.: Høyskoleforlaget AS.
- McEnery, Tony, Ricardo Xiao og Yukio Tono 2006. *Corpus-Based Language Studies*. London and New York: Routledge. Taylor & Francis Group.
- McEnery, Tony og Andrew Hardie 2012. *Corpus Linguistic. Method, Theory and Practice*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Mehlum, Aksel Torsnes. 2016. *Eg kviler litt for mykje på at eg tenkjer at eg kan nynorsk. Ei undersøking av kjennskap og haldningar til valfridomen i nynorsknorma hjå lærarstudentar med nynorskbakgrunn i Oslo og Trondheim*. Masteroppgåve. Volda: Høgskulen i Volda.
- Munch, Peter Andreas 1832. Norsk Sprogreformation. I *Vidar 1* (s. 5–8) og *Vidar 2* (s. 12–15). Christiania.
- Mæhlum, Brit og Unn Røyneland. 2012. *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Norsk aviskorpus. Henta 3.3.2015 frå avis.uib.no
- Norsk Ordbok. Band VIII*. 2009. Oslo: Norsk Ordbok 2014. Samlaget.
- Norsk Ordbok. Band IX*. 2011. Oslo: Norsk Ordbok 2014. Samlaget.

Nynodata As 2017. Henta 1.3.2017 frå <http://dl.nynodata.no/nn/info/spraakmal>

Omdal, Helge og Lars S. Vikør 2002. *Språknormer i Norge. Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk*. Gjøvik: Cappelen Akademiske Forlag AS.

Omdal, Helge 2003. Lærerens rolle i implementering av norske språknormer. I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Krefter og motkrefter i språknormaleringa. Om Språknormer i teori og praksis* (s. 221–238). Kristiansand S.: Høyskoleforlaget AS.

Oslo-Bergen-taggeren. Henta 3.3.2015 frå <http://tekstlab.uio.no/obt-ny/index.html> og frå <http://tekstlab.uio.no/obt-ny/evaluering.html>

Pearson, Karl 1901. On lines and planes on closests fit to systems of points in space. I *Phil.mag.* 2 (s. 559–572).

Penke, Martina og Anette Rosenbach 2007. What Counts as Evidence in Linguistics? An introduction. I Martina Penke og Anette Rosenbach (red.): *What Counts as Evidence in Linguistics: The Case of Innateness* (s. 1–49). Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.

Popper, Karl R. 1972. *Conjectures and Refutations. The Growth of Scientific Knowledge*. London: Routledge & Keagan Paul.

Popper, Karl R. 1974. *Objective Knowledge. An Evolutionary Approach*. Oxford: Clarendon Press.

Popper, Karl R. 1994. *Knowledge and the Body-Mind Problem. In Defence of Interaction*. London: Routledge.

Popper, Karl R. [1959] 2002. *The Logic Scientific Discovery*. London: Routledge.

Raz, Joseph 1975. *Practical Reason and Norms*. London: Hutchinson University Library.

Riksem, Brita Ramsevik 2015. *Grammatikk og rettskriving – nye rammer for språknormalering*. Oslo: Novus Forlag.

Roksvold, Thore 2005. *Var avisspråket bedre før? En metodetriangulert studie av normendringer i norsk avisspråk på 1900-tallet*. Oslo: Universitetet i Oslo.

Romesburg, H. Charles 2004. *Cluster Analysis for Researchers*. North Carolina: LULU Press.

Rødningen, Dagfinn 1999. Ottadal – ein utforbakke til bokmålet? Språkproblem og språkskifte blant ungdom i Lom, Skjåk og Vågå. I Turid Kleiva ofl. (red.): *Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk og språkhaldningar på indre Austlandet* (s. 246–258). Oslo: Samlaget.

Røyneland, Unn 2013. The voice from below. I Terje Lohndal (red.): *In Search of Universal Grammar. From old Norse to Zoque* (s. 53–76). Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.

- Røyneland, Unn 2016. Revision of the Nynorsk standard: deliberation, decision and legitimisation. I *Sociolinguistica* 30 1/2016 (s. 83–104).
- Sandøy, Helge 1999. Å styre valfridomen. I Helge Omdal (red.): *Språkbrukeren fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm* (s. 259–271). Kristiansand S.: Høyskoleforlaget AS.
- Sandøy, Helge 2003. Den norske normeringssirkelen. I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Krefter og motkrefter i språknormeringa – Om språknormer i teori og praksis* (s. 259–271). Kristiansand S.: Høyskoleforlaget AS.
- Sandøy, Helge 2005. Frå «en levende organisme» til språklig usus. I Gulbrand Alhaug, Endre Mørck, Aud-Kirsti Pedersen (red.): *Mot rikare mål å trå, Festskrift til Tove Bull* (s. 93–106). Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge 2009. Standardspråk – kultur og ukultur. I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Språknormering – i tide og utide?* (s. 215–228). Oslo: Novus forlag.
- Sandøy, Helge 2013. Stramt språk? Mytar om nynorsk. I Jens Johan Hyvik og Stephen J. Walton (red.): *'Det var ruskut å leggja ute' Ti år med mastergraden i nynorsk skriftkultur* (s. 121–137). Oslo: Novus forlag.
- Saussure, Ferdinand de [1916] 1972. *Cours de linguistique générale, publié par Charles Bally et Albert Sechehaye*. Paris: Payot.
- Schütze, Carson T. 2011. Linguistic Evidence and Grammatical Theory. I *Wiley Interdisciplinary Reviews: Cognitive Science* 2(2) (s. 206–221).
- Searle, John R. 1969. *Speech acts. An Essay in the Philosophy of Language*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Shepard, Roger N. 1962. The Analysis of Proximities: Multidimensional scaling with an unknown distance function. I *Psychometrika* 27 (s. 125–139 og 219–246).
- Skog, Berit. 2003. Intervju i Bergens Tidende 3.12.03.
- Språkrådet 2006. *Mandat for fagråda*. Henta 3.3.15 frå <http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Om-oss/Medlemmene-i-dei-tre-fagrada/Mandat-for-fagrada/>
- Språkrådet 2011. *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet*. Henta 3.3.15 frå <http://www.sprakrad.no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/Innstilling/>
- Språkrådet 2013. *Rettleiding om konsekvent nynorsk*. Henta 3.3.15 frå <http://sprakradet.no/sprakhjelp/Skriverad/Nynorsk hjelpe/Rettleiding-om-konsekvent-nynorsk/>
- Språkrådet 2015. *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk*. Henta 3.3.15 frå <http://www.sprakradet.no/Spraka-vare/Norsk/retningslinjer-for-normering-av-nynorsk-og-bokmal/>
- Stortingsmelding nr. 9 *Målbruk i offentleg teneste*. Henta 3.3.15 frå <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/stmeld-nr-9-2001-2002-/id195336/>

Stortingsmelding nr. 35 Mål og meinung – Ein heilskapleg norsk språkpolitikk. Henta 3.3.15
 fra <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/>

Sundby, Nils Kristian 1974. *Om normer.* Oslo: Universitetsforlaget.

Sverdrup, Johan. 1884. *Statsminister Sverdrups Forslag til Reform i vort Folkeskolevæsen og forhv. Statsraad Hertzbergs Bemærkninger til dette Forslag.* De konservative Foreningers Centralstyrelse, Kristiania, 1884 [første gong trykt i høvesvis *Dagbladet* og *Morgenbladet* i september 1884].

Søyland, Aud 2001. Typar feil i nynorsk. Norsk språkråd. Henta 3.3.15 frå http://www.sprakrad.no/Tema/Fakta/Rettskrivingsreformer/Framlegg_2003/Punktgranskingar/

Teleman, Ulf 1978. Språkriktighet i och utanför skolan. I *Rolig papir* Nr. 11. Roskilde: Roskilde Universitetcenter.

Torp, Arne og Lars S. Vikør 2014. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*, 4. utg. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Tufféry, Stéphane 2011. *Wiley Series in Computational Statistics – Data Mining and Statistics for Decision Making.* New Jersey: John Wiley & Sons, Ltd.

Tønnessen, Ragnhild 2009. Kva kan vi gjera med ulempene som følgjer med valfridomen? I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Språknormering – i tide og utide?* (s. 241–255). Oslo: Novus forlag.

Vannebo, Kjell Ivar 1980. Om språkvitenskapens normbegrep. I *Tijdschrift voor Skandinavistiek* 1 (s. 3–23).

Vikør, Lars S. 1980. Nynorsken som frigjerar og ghettospråk. I *Syn og Segn* 4/1980 (s. 244–255).

Vikør, Lars S. 1990. Jamstillingsvedtaket i 1885. Ein replikk. I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1/1990 (s. 68–80).

Vikør, Lars S. 1995. Rettskriving hos nynorskforfattarar. I *Norsk språkråds skrifter* NR. 3. Oslo: Norsk språkråd.

Vikør, Lars S. 2003. Statleg og privat normering i nynorsk. I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Krefter og motkrefter i språknormeringa – Om språknormer i teori og praksis* (s. 295–305). Kristiansand S.: Høyskoleforlaget AS.

Vikør, Lars S. 2007: *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis.* Oslo: Novus forlag.

Vikør, Lars S. 2009. Om normering av nynorsk på tidleg 2000-tal – behov eller trong? I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Språknormering - i tide og utide?* (s. 269–281). Oslo: Novus forlag.

Vikør, Lars S. 2010. Om normering av nynorsk. Foredrag på opningskonferanse i Språkrådet, 20.1.2010.

- Vinje, Finn Erik 1978: *Et språk i utvikling. Noen hovedlinjer i norsk språkhistorie fra reformasjonen til våre dager*. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard) A.s.
- Vinje, Finn Erik. 2004. *Enhet og mangfold – språksituasjonen i Norge i historisk perspektiv*. 3. utg. Oslo: S.n.
- Vinje, Finn Erik. 2005. *Norsk grammatikk – det språklige byggverket*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Walton, Stephen J. 2015. Kva er nynorsken? I Hjalmar Eiksund og Jan Olav Fretland (red.): *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 16–33). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Ward, Joe H. 1963. Hierarchical Grouping to optimize an Objective Function. *Journal of American Statistical Association* 58 (s. 236–244). Oxford: Taylor & Francis.
- Wasow, Thomas 2002. *Postverbal Behaviour*. Standford: CA: CSLI Publication.
- Welhaven, Johan S. 1832. *Henrik Wergelands Digtekunst og Polemik ved Aktstykker oplyste*. Christiania: P.J. Hoppes Forlag.
- Wergeland, Henrik [1832] 1835. Om norsk Sprogreformation. I *Bondevennen* 1 (s. 132–167).
- Wetås, Åse 2001 a. *Undersøking av formbruken i ulike typer publisert materiale på nynorsk*. Norsk språkråd. Henta 3.3.15 frå http://www.sprakrad.no/Tema/Fakta/Rettskrivingsreformer/Framlegg_2003/Punktgranskinger/
- Wetås, Åse 2001 b. *Undersøking av formbruken i ulike typer upublisert materiale på nynorsk*. Norsk språkråd. Henta 3.3.15 frå http://www.sprakrad.no/Tema/Fakta/Rettskrivingsreformer/Framlegg_2003/Punktgranskinger/
- Wiggen, Geirr 1997. Hvorfor har vi så stor valgfrihet i bokmålet? I *Språknytt* 1/1997 (s.10–12).
- Wittgenstein, Ludvig 1967. *Philosophische Untersuchungen*. Frankfurt: Suhrkamp.
- Åfarli, Tor A. 2012. Har syntaktisk teori relevans for språknormering? I Hans-Olav Enger, Jan Terje Faarlund og Kjell Ivar Vannebo (red.): *Grammatikk, bruk og norm – Festskrift til Svein Lie på 70-årsdagen, 15. april 2012*. Oslo: Novus Forlag.

Stig J. Helset

Norm og røyndom

Ein statistisk studie av operative normer i det nynorske skriftspråket

VEDLEGG

Doktoravhandling

for Ph.d.-graden

Bergen, 2017

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Det humanistiske fakultet

Universitetet i Bergen

I

Vedlegg 1: Kartlegging av husnormer

Nedanfor følgjer spørsmålet vedrørende husnormer som eg sende via e-brev til redaktørane i kvar av dei seks avisene *Bergens Tidende*, *Dag og Tid*, *Hallingdølen*, *Klassekampen*, *Nasjonen* og *Sogn Avis* og i Det norske samlaget vinteren 2014/2015 – og svara som eg fekk frå dei ulike avisene og Samlaget.²²

Hei.

17.2.15

Mitt namn er Stig Helset. Eg arbeider no med eit ph.d-prosjekt ved Universitetet i Bergen der eg freistar å kartlegge bruken av ulike ordformer i ulike nynorske tekstar. M.a. undersøkjer eg bruken av ulike ordformer i nynorsk i ulike aviser i perioden 2000-2010, der imellom [NAMNET PÅ AVISA].

Kan du som redaktør i [NAMNET PÅ AVISA], gje meg nokre opplysningar om kva for husnormer (= avisinterne retningslinjer) som var gjeldande for nynorsk språkbruk i [NAMNET PÅ AVISA] i perioden 2000-2010 – viss nokon i det heile? Viss ikkje du kan svare, ber eg om at du vidaresender denne førespurnaden til rette vedkomande i redaksjonen dykkar.

Vh Stig Helset

Svar frå utgåvesjef i Bergens Tidende, Christian Lura, 27.2.15

Her er innleiinga til den interne språkrettleiringa som omfattar husnormene våre. Som du ser, er vi liberale og har late skribentane nytte stor grad av fridom i kva for former dei vel. Den har endra seg lite dei siste åra, så den var gyldig i perioden du ser på.

«Formålsparagrafen til Bergens Tidende slår fast at bokmål er avisens hovedmål, men at nynorsken også skal leve i avisen. Dagens BT følger opp denne vedtatte språkpolitikken. For Vestlandets storavis er det viktig at det hersker stor språklig liberalitet i spaltene, og at begge målformer lever side om side. Det er ikke aktuelt å forandre denne hovedlinjen i BTs språkpolitikk. Brukere av begge målformer må likevel føle en forpliktelse til å unngå situasjoner der den valgte målformen kolliderer med innholdet i det man skriver. Det skal være regelen at saker knyttet til byens tradisjoner og historie skrives på bokmål, mens tilsvarende saker fra distriktet skrives på nynorsk. Likeledes er det viktig at personer som portretteres i Bergens Tidende ikke kles i en annen språkdrakt enn den intervjuobjektet bruker.»

²² Frå avisa *Hallingdølen* mottok eg aldri noko svar, trass gjentekne purringar.

Svar frå redaktoren i Dag og Tid, Svein Gjerdåker, 17.2.2015

Svaret gjeld for perioden 2001-2010, då underteikna har vore redaktør.

I denne perioden har regelen vore at skribentar skal få skrive den nynorsken dei vil, samstundes som dei har blitt oppmoda om å halde seg innanfor gjeldande norm (dvs. den norma som gjaldt fram til og med 1. august 2012). Kravet om at skribentar skulle halde seg innanfor norma, var strengare praktisert for fast tilsette journalistar enn for gjesteskribentar og andre skribentar. Ein har elles utøvd skjøn dersom skribentar har villa skrive høvesvis tradisjonelle eller radikale former utanfor den gjeldande norma.

Svar i e-brev frå redaksjonssjefen i Klassekampen, Mari Skurdal, 17.2.15

Vi har ingen fast mal for nynorsk, i motsetning til for bokmål. Nynorskjournalistene får følge sin egen form. Imidlertid bruker vi språkretteprogrammet Tansa også på nynorsk, og der har vi forhåndsdefinert en del ordvalg. Men mange av forslagene overstyres av journalistene. Enkelte av nynorskbrukerne her på huset er svært bevisst sine egne ordformvalg.

Svar i e-brev frå nyhenderedaktør i Nationen, Rino Andersen, 17.2.15

I Nationen har vi som retningslinje at vi skal følge «NPK-språket», som er NPKs normbok for ordliste og språkråd, utgitt av Nynorsk Pressekontor på Kunnskapsforlaget.

Svar i e-brev frå redaktoren i Sogn Avis, Jan Inge Fardal, 17.2.2015

Sogn Avis skal redigerast på nynorsk, og språket me nyttar skal ha ei lokal forankring med a-ending i infinitiv og pronomenet me i staden for vi.

